Valle kommune

Budsjett 2027, handlingsprogram og økonomiplan 2027-2030

Kommunedirektørens framlegg

2027

Innhald

1. **Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak 7**

2. Løyvingsoversikt 7

1. Investeringar i varige driftsmidlar 9

2. Tilskot til andre sine investeringar 11

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap 11

4. Utlån av eigne midler 11

3. Plangrunnlaget 13

4. Fokusområde 15

Bulyst 15

Arbeidsplassar 16

Folkehelse 18

Beredskap 19

5. Investeringar i økonomiplanen 21

Investeringstabell for kommunen samla 21

Sentraladministrasjon og politisk styring 22

Teknisk 23

Pleie og omsorg 27

Teknisk 28

Oversikt Investering og finansiering 29

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter 30

Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar 31

6. Hovudtala i budsjettforslaget 32

7. Økonomisk utvikling i planperioden 35

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter 35

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter 35

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter 36

Vurdering av den økonomiske utviklinga 37

Økonomistyring, effektivisering og vidare prosess 37

Politisk styringssystem 39

Organisasjon og medarbeidarar 39

8. **Folketalsutvikling 43**

9. **Folketalsprognose 46**

10. Gebyrliste 49

Administrativ styring og fellesutgifter 49

Pleie og omsorg 53

Leige av lokale/bygg 56

Bustader 57
Natur - og nærmiljø 58
Brann - og ulykkesvern 58
Vatn, avlaup og renovasjon 59
Arbeid etter matrikkellova og eigarsekjsonslova 62
Plan, bygge - og delesakshandsaming 67
11. Kommunen sine tenesteområde 76
Sentraladministrasjon og politisk styring 76
Politisk styring, råd og utval 77
Sentraladministrasjon 79
Teknisk 85
Pleie og omsorg 93
Valle skule 99
Valle og Hylestad barnehagar 106
Setesdal barnevern 110
Pedagogisk - psykologisk teneste Setesdal 113
Kultur og fritid 117
Interkommunale samarbeid/anna eksternt 127
13. Sentrale føringar løn og pensjon 131
Fordeling på hovudart 131
Fordeling på teneste (Tabell) 131
Rammeoversikt 132

Introduksjon

Kommunedirektøren presenterer med dette framlegget til handlings- og økonomiplan for perioden 2027-2030 samt årsbudsjettet for 2027 for Valle kommune

Framlegget til økonomiplan og årsbudsjett skal fyrst til handsaming i Valle ungdomsråd, Arbeidsmiljøutvalet, Eldrerådet, Rådet for personar med nedsett funksjonsnedsetting, Plan og miljøutvalet, Levekårsutvalet og Administrasjonsutvalet, før det vert lagt fram for Formannskapet og Kommunestyret for endeleg handsaming. Handsaminga i råd og utval fylgjer som særskilte vedtak direkte til Formannskapet som innstiller til Kommunestyret.

Utval	Tidspunkt
Valle ungdomssråd	16.11
Arbeidsmiljøutvalet	17.11
Eldrerådet	17.11
Rådet for for personar med funksjonsnedsetting	17.11
Plan og miljøutvalet	18.11
Levekårsutvalet	18.11
Administrasjonsutvalet	19.11
Formannskapet	19.11
Kommunestyret	10.12

Føreord

I føreordet til handlingsprogram, budsjett og økonomiplan i fjor, peika eg på at utsiktene framover er prega av både framtidstru og uvisse. Med lokale briller er det mykje positivt å sjå. I år vert det fødd over 25 born i kommunen og det er mange unge som flyttar til og etablerer seg i Valle. Det beint fram kryr av små jenter og gutar i barnehagane våre. Areal og bemanning må aukast. Det er uråd å kalle dette noko anna enn eit luksusproblem i ein kommune der innbyggjartalet i stort har vore fallande sidan årtusenskiftet. Og apropos innbyggjartalet; siste tilgjengeleg tal er at det no er 1235 personar busette i kommunen. Per. 1.1.2019 var tilsvarande tal 1151, ein auke på 7,3%. Den demografiske utviklinga inneber at me vert fleire eldre dei neste åra. Behovet for omsorgstenester og personell aukar. Det gjer innbyggjarveksten endå viktigare.

Levekårsindikatorane i Valle gjev grunn til optimisme, anten det vere seg for unge, vaksne eller dei eldre. Det meste tyder på at me har eit velfungerande lokalsamfunn der dei aller fleste har det bra, og det offentlege, næringslivet og friviljug sektor er dyktige og spelar på lag.

Når det er sagt, mykje av det rundt oss, både nasjonalt og særleg globalt, gjer det krevjande å planleggje for dei komande åra. Den sikkerheitspolitiske situasjonen har endra seg dramatisk på få år. Sentrale styresmakter har utarbeidd ein rettleiar til hjelp for kommunane i arbeidet med å førebu seg på krig og sikkerheitspolitisk krise. Risikoen for cyberåtak på norske verksemder er vurdert til å vere svært høg. Den raske utviklinga innan digital teknologi og kunstig intelligens skaper nye moglegheiter, men gjer oss meir sårbare. Kommunane må difor vere førebudde på å handtere situasjonar der straumforsyning eller elektronisk kommunikasjon fell bort. I tillegg må me førebyggje og handtere klima- og miljøendringar. I det heile teke verkar det som at endringane skjer både raskare og meir gjennomgripande enn før. Beredskap er med god grunn øvst på dagsorden i svært mange kommunale samanhengar.

Ny samfunnsdel i kommuneplanen vart vedteken 24. september i år. Kommunestyret sitt vedtak markerte slutten på ein effektiv planprosess med medverknad frå mange. Fokusområda i planen er bulyst, arbeidsplassar, folkehelse og nettopp beredskap. Det er den nye kommuneplanen som ligg til grunn for kommunedirektøren sitt framlegg til handlingsprogram, budsjett og økonomiplan 2027-2030. Me har alle eit ansvar for å sikre at kommuneplandokumentet ikkje vert lagt i ein skuff, men kan spele ei sentral rolle i retningsvala og prioriteringane i åra som kjem. Kommuneplanarbeidet skal gjeve oss dei lange linene. Handlingsprogrammet, budsjettet og økonomiplanen er verktøya me brukar for å ta dei fyrste stega på denne kursen. Det er slik det kommunale plansystemet er bygd opp.

Samfunnsdelen inneheld ein arealstrategi som på sett og vis dannar ei bru til det nyleg påbegynte arbeidet med arealdelen. Parallelt med kommuneplanarbeidet vert Heiplanen revidert og retninga for utviklinga av Brokke skal peikast ut gjennnom kommunedelplanprosessen som har halde på i eit par år. Alle desse planane skal "snakke saman", i den forstand at det er ein samanheng og konsistens mellom dei ulike plannivåa. Planar skal skape utvikling og inneber prioriteringar og interesseavvegingar. Desse prioriteringane og interesseavvegingane må i sin tur på tuftast på oppdatert og lokalt tilpassa kunnskapsgrunnlag for alle relevante samfunnsinteresser. For kommunen som areal- og planstyresmakt inneber dette mykje kunnskapsinnhenting og ressursbruk.

Valle kommune er ikkje blant dei kommunane i landet som slit mest økonomisk, men også me merkar den sterke kostnadsveksten. Inntektene våre veks ikkje i takt med kostnadene og ein del av kraftinntektene lever i realiteten sitt eige liv. Etter ein kraftig auke på grunn av høge kraftprisar har inntektsnivået flata ut eller falle dei siste par åra.

Eit særdrag ved Valle er nettopp denne avhengigheita av kraftrelaterte inntekter. Dette har opp gjennom åra gjeve oss rom til å satse, men det inneber òg risiko. Variasjon i kraftprisar og politisk press på rammevilkåra til vertskommunane for kraftanlegg gjer at kraftinntektene har svinga ein del. Det er grunn til å rekne med me vil sjå det same framover. For å tole desse variasjonane treng me difor større økonomisk buffer enn mange andre kommunar. Dei siste åra har me klart å styrkje fonda våre med ekstraordinære inntekter. Eg har tidlegare gjeve honnør til politikarane som har vore ansvarlege i økonomiforvaltninga og bidrege til fondsoppbygginga, og det er avgjerande at me opprettheld desse økonomiske reservane.

I kommunedirektøren sitt framlegg til handlingsprogram, budsjett og økonomiplan for 2027 - 2030 er det lagt opp til eit netto driftsresultat som varierer mellom 0,9% i 2027 og 5,3% det siste året i planperioden. Dette er lågare enn kommunestyret sitt mål det fyrste året, men aukande og over måltalet på 5% i slutten av perioden. Effekten av effektiviseringskrava som vart vedtekne for samtlege tenesteområde i fjor gjev resultat og det økonomiske handlingsromet ser ut til å auke lenger ut i planperioden. Det føreset at me held fram det viktige arbeidet med systematisk omstilling og effektivisering. Me har gjennomført den største enkeltinvesteringa i kommunen si historie, innanfor vedtekne rammer for

økonomi, kvalitet og framdrift, og det nye kulturhuset vert eit enormt lyft for lokalsamfunnet vårt på så mange vis. Investeringa påverkar naturleg nok gjeldsnivå, renter og avdrag, og det er difor lagt opp til ein moderat investeringsaktivitet dei næraste åra. Den største enkeltinvesteringa i økonomiplanperioden vert truleg barnehageutvidinga i Hylestad, men den endelege løysinga er førebels ikkje vald og kostnaden difor ikkje kjend. "Framtidsretta eldreomsorg og buformer" er eit anna spennande prosjekt som mellom anna skal avklare korleis me bør byggje for framtida innanfor helse- og omsorgssektoren. Uansett kva løysing prosjektet peikar mot, vil det krevje betydelege investeringar. Nettopp difor er det viktig at kommunen nyttar dei næraste åra til å styrkje den økonomiske bereevna med gjeldsreduksjon og vidare fondsoppbygging.

Det er på så mange vis spennande tider me går i møte. Eg vel å fokusere på dei mange ljospunkta og moglegheitene, og har tru på at Valle skal vere ein endå betre kommune for fastbuande og gjester i åra som kjem.

Vidar H. Homme

Kommunedirektør

Budsjettvedtak

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak

Kommunedirektøren legg med dette fram sitt framlegg til handlingsprogram, budsjett for 2027 og økonomiplanen for 2027-2030. Framlegget byggjer på kommunestyret sitt økonomiplanvedtak for 2026-2029 saman med justeringar tufta på informasjon frå statsbudsjettet for 2027, og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

Budsjett 2027 vert lagt fram med eit mindreforbruk på 2,437 mill. kr og eit posivt netto driftsresultat på 2,485 mill. kroner som utgjer 0,9 % av brutto driftsinntekter.

2. Løyvingsoversikt

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Rammetilskot	-59 701	-60 805	-63 915	-63 870	-63 868	-63 871
Inntekt- og formuesskatt	-50 837	-53 363	-19 341	-19 241	-18 741	-18 441
Eigedomsskatt	-36 708	-37 200	-36 445	-36 445	-36 445	-36 445
Andre generelle driftsinntekter	-21 902	-21 400	-35 441	-35 341	-34 841	-34 541
Sum generelle driftsinntekter	**-169 148**	**-172 768**	**-174 570**	**-174 425**	**-173 923**	**-173 626**
Driftsutgifter per tenesteområde	**148 436**	**159 447**	**163 208**	**159 854**	**156 281**	**154 852**
Avskrivingar	15 492	0	0	0	0	0
Brutto driftsresultat	**-5 220**	**-13 321**	**-11 363**	**-14 571**	**-17 642**	**-18 774**
Renteinntekter	-5 587	-3 360	-5 360	-4 860	-4 860	-4 860
Utbytte	-18 430	-12 500	-13 920	-13 020	-13 020	-13 020
Renteutgifter	9 210	9 860	12 023	11 689	10 513	9 554
Avdrag på lån	15 270	16 484	16 012	16 343	13 483	12 394
Netto finansutgifter i tenesteområda	2	-5	-5	-5	-5	-5
Netto finansutgifter	**465**	**10 479**	**8 750**	**10 147**	**6 112**	**4 063**
Motpost avskrivingar	-15 492	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Netto driftsresultat	**-20 247**	**-2 842**	**-2 485**	**-4 297**	**-11 403**	**-14 583**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	675	600	600	600	600	600
Avsetningar til bundne driftsfond	22 220	13 819	13 819	13 819	13 819	13 819
Bruk av bundne driftsfond	-14 951	-12 450	-12 369	-12 303	-12 303	-12 303
Avsetningar til disposisjonsfond	12 304	3 023	2 437	3 681	10 787	13 967
Bruk av disposisjonsfond	-1	-2 150	-2 002	-1 500	-1 500	-1 500
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	**20 247**	**2 842**	**2 485**	**4 297**	**11 403**	**14 583**
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Sentraladministrasjon og politisk styring	30 501	33 787	33 522	32 200	31 635	31 135
Teknisk	42 695	40 789	41 977	44 612	42 294	41 365
Pleie og omsorg	50 505	48 163	51 832	49 450	49 450	49 450
Oppvekst	56 993	56 074	57 540	56 322	55 632	55 632
Interkommunale samarbeid/anna eksternt	23 366	28 541	29 539	28 539	28 539	28 539
Sentrale føringar løn og pensjon	-36 954	-46 543	-49 631	-49 631	-49 631	-49 631
Sum løyvingar drift, netto	**157 107**	**160 811**	**164 780**	**161 493**	**157 920**	**156 491**
Av dette:						
Avskrivinger	15 492	0	0	0	0	0
Motpost avskrivninger	-15 492	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	4 243	519	519	519	519	519
Bruk av bundne driftsfond	-1 651	-450	-369	-303	-303	-303
Bruk av disposisjonsfond	-306	0	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	**148 436**	**159 447**	**163 208**	**159 854**	**156 281**	**154 852**

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Investeringar i varige driftsmidlar	97 471	35 070	31 263	11 775	6 025	7 475
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	675	600	600	600	600	600
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	**98 146**	**35 670**	**31 863**	**12 375**	**6 625**	**8 075**
Kompensasjon for meirverdiavgift	-15 940	-7 244	-4 453	-1 355	-225	-495
Tilskot frå andre	-375	-6 922	-400	0	0	0
Sal av varige driftmiddel	-475	-3 000	-6 500	-1 500	-1 500	-1 500
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-83 240	-17 604	-19 910	-8 920	-4 300	-5 480
Sum investeringsinntekter	**-100 030**	**-34 770**	**-31 263**	**-11 775**	**-6 025**	**-7 475**
Vidareutlån	440	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av lån til vidareutlån	-440	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Avdrag på lån til vidareutlån	800	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-434	0	0	0	0	0
Netto utgifter vidareutlån	**366**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Overføring frå drift	-675	-600	-600	-600	-600	-600
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	94	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-722	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekka beløp	8 776	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	**7 473**	**-600**	**-600**	**-600**	**-600**	**-600**
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	**5 955**	**300**	**0**	**0**	**0**	**0**

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Sentraladministrasjon og politisk styring							
Bygdebuss	0	0	700	0	0	0	700
Utskifting bil kommunehus	0	0	688	0	0	0	688

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Bedriftsleilegheit i Kristiansand	0	0	8 500	0	0	0	8 500
Oppfølging ROS Setesdal	0	625	2 500	625	625	625	4 375
Sum Sentraladministrasjon og politisk styring	**0**	**625**	**12 388**	**625**	**625**	**625**	**14 263**
Teknisk							
Oppgradering, Valle helsehus	1 125	500	4 800	0	0	0	4 800
Parkeringsplass - Kvisletoppen	0	0	0	0	0	400	400
Avfallsanlegg Furestøyl	0	0	0	200	0	0	200
Opparbeiding av næringsareal Øyne	132	0	1 000	0	0	0	1 000
Parkeringsplass Valle kyrkje	34	500	200	0	0	0	200
Tømestasjon bubil Rysstad	0	0	600	0	0	0	600
Utskiftning VA-leidningar i Leite	0	0	0	3 000	0	0	3 000
Sløkkjevatn i sentrumsområda	0	500	375	0	0	0	375
Vatningsanlegg kyrkjegard	0	1 500	1 200	0	0	0	1 200
Brannsikringstiltak, Valle internat	0	750	450	0	0	0	450
Bustadtiltak Valle og Rysstad sentrum	0	0	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Oppgradering kontor til regionråd	78	200	2 000	0	0	0	2 000
Utviding Møykjeromet	0	300	500	0	0	0	500
Asfalt Leite Sør	0	0	0	250	0	0	250
Framtidig løysing Hylestad barnehage	0	0	500	0	0	0	500
Heis kommunehuset	0	0	0	1 500	0	0	1 500
Uteområde Valle skule	0	0	200	0	0	0	200
Arbeidsbil reinhald	0	0	600	0	0	0	600
Branntiltak Valle brannstasjon §13 bygg	0	0	1 250	0	0	0	1 250
Nytt nødstraumsaggregat Valle bygdeheim	0	0	0	0	0	1 250	1 250
Vassleidning Tveiten	0	0	0	0	100	0	100
Vassleidning Hovet	0	0	0	0	100	0	100
Redskapsberar Rysstad	0	0	0	1 000	0	0	1 000
Avsluttede prosjekter	95 737	28 920	0	0	0	0	0
Sum Teknisk	**97 105**	**33 170**	**18 675**	**10 950**	**5 200**	**6 650**	**41 475**
Pleie og omsorg							
Pasientsenger	0	375	200	200	200	200	800
Avsluttede prosjekter	0	750	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Sum Pleie og omsorg	**0**	**1 125**	**200**	**200**	**200**	**200**	**800**
Oppvekst							
Avsluttede prosjekter	0	150	0	0	0	0	0
Sum Oppvekst	**0**	**150**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Interkommunale samarbeid/anna eksternt							
Avsluttede prosjekter	366	0	0	0	0	0	0
Sum Interkommunale samarbeid/anna eksternt	**366**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Investeringar i varige driftsmidlar	**97 471**	**35 070**	**31 263**	**11 775**	**6 025**	**7 475**	**56 538**

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Investeringar i varige driftsmidlar	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Eigenkapitalinnskot KLP	675	600	600	600	600	600	2 400
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	**675**	**600**	**600**	**600**	**600**	**600**	**2 400**

4. Utlån av eigne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Utlån av eigne middel	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Sum del 1-4	**98 146**	**35 670**	**31 863**	**12 375**	**6 625**	**8 075**	**58 938**

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Rammetilskot	-59 701	-60 805	-63 915	-63 870	-63 868	-63 871
Skatt på inntekt og formue	-50 837	-53 363	-54 869	-54 869	-54 869	-54 869
Eigedomsskatt	-36 708	-37 200	-36 445	-36 445	-36 445	-36 445
Andre skatteinntekter	-29 769	-29 660	-30 141	-30 141	-30 141	-30 141
Andre overføringar og tilskot frå staten	-8 235	-7 980	-5 300	-5 200	-4 700	-4 400
Overføringar og tilskot frå andre	-87 224	-63 021	-60 118	-60 118	-60 118	-60 118
Brukarbetalingar	-4 038	-3 502	-4 334	-4 650	-4 650	-4 650
Sals- og leigeinntekter	-21 013	-21 249	-22 052	-22 052	-22 052	-22 052
Sum driftsinntekter	**-297 523**	**-276 780**	**-277 174**	**-277 345**	**-276 843**	**-276 546**
Utgifter til løn	130 308	118 635	125 984	121 798	121 207	120 107
Sosiale utgifter	32 559	31 880	27 826	27 950	27 826	27 826
Kjøp av varer og tenester	91 988	97 877	98 492	100 854	97 995	97 666
Overføringar og tilskot til andre	21 956	15 067	13 636	12 300	12 300	12 300
Avskrivingar	15 492	0	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	**292 303**	**263 459**	**265 939**	**262 902**	**259 329**	**257 899**
Brutto driftsresultat	**-5 220**	**-13 321**	**-11 235**	**-14 444**	**-17 515**	**-18 647**
Renteinntekter	-5 593	-3 365	-5 365	-4 865	-4 865	-4 865
Utbytte	-18 430	-12 500	-13 920	-13 020	-13 020	-13 020
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	9 218	9 861	12 023	11 689	10 513	9 554
Avdrag på lån	15 270	16 484	16 012	16 343	13 483	12 394
Netto finansutgifter	**465**	**10 479**	**8 750**	**10 147**	**6 111**	**4 063**
Motpost avskrivingar	-15 492	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat	**-20 247**	**-2 842**	**-2 485**	**-4 297**	**-11 403**	**-14 583**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	675	600	600	600	600	600
Avsetningar til bundne driftsfond	22 220	13 819	13 819	13 819	13 819	13 819

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Bruk av bundne driftsfond	-14 951	-12 450	-12 369	-12 303	-12 303	-12 303
Avsetningar til disposisjonsfond	12 304	3 023	2 437	3 681	10 787	13 967
Bruk av disposisjonsfond	-1	-2 150	-2 002	-1 500	-1 500	-1 500
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	**20 247**	**2 842**	**2 485**	**4 297**	**11 403**	**14 583**
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

3. Plangrunnlaget

Lovgrunnlag for budsjett og økonomiplan

For årsbudsjettet 2027 og økonomiplan 2027-2030 vert *Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova*) lagt til grunn. Obligatoriske oppstillingar slik det går fram av *Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv av 07.06.2019,* knytt til årsbudsjett og økonomiplan, er tekne inn i dokumentet.

Kommunestyret skal, etter § 14-2 bokstav a, vedta økonomiplan og årsbudsjett.

Det følgjer av § 14-3 at økonomiplan for dei neste fire år og årsbudsjettet for det komande året skal vedtakast før årsskiftet.

Krav til økonomiplan og årsbudsjett følgjer av § 14-4:

- Økonomiplanen skal syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar vert fylgde opp.
- Økonomiplanen og årsbudsjett skal syne kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Dei skal også syne utviklinga i kommunen sin økonomi og utvikling i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Vedtaket og årsbudsjettet skal syne det planlagde låneopptaket i budsjettåret.
- Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vere realistisk, fullstendig og oversiktleg.
- Økonomiplanen skal delast inn i ein driftsdel og ein investeringsdel. Årsbudsjettet skal delast inn i eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett og stillast opp på same måte som økonomiplanen.

- Økonomiplanen kan inngå i eller utgjere kommuneplanen sin handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1 fjerde ledd.

Obligatoriske oppstillingar for drift og investeringar, slik det går fram av § 5-4 til § 5-7 i forskrifta, følgjer av dokumentet.

Regionplan Agder 2030

Regionplan Agder 2030 er eit overordna strategisk plandokument for heile Agder. Planen omtalar dei viktigaste utfordringane og moglegheitene for landsdelen, eit ynskt framtidsbilete for 2030, og kva som skal til for å nå konkrete mål.

Hovudmålet med Regionplan Agder 2030 er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 .

Planen har fem hovudsatsingsområde:

- Attraktivt og miljøvenleg Agder
- Berekraftig verdiskaping
- Utdanning, kompetanse og deltaking
- Mobilitet
- Kultur

Planen vart fyrste gong vedteken i 2019, og så revidert i oktober 2024.

Kommuneplanen

Kommunestyret vedtok 24.september 2026 ny samfunnsdel til kommuneplanen. Det er sett fokus på fire tema;

- folkehelse,
- bulyst,
- arbeidsplassar og
- beredskap.

Sosial-, miljømessig- og økonomisk berekraft er gjennomgåande tema for alle fokusområda. Kommuneplanen er styrande for administrasjonen sine prioriteringar og vurderingar ved framlegging av saker for kommunestyret og ved val av løysingar.

4. Fokusområde

Bulyst

Beskriving av fokusområdet

Eit triveleg og attraktivt nærmiljø er avgjerande for at folk ynskjer å bu og leve i Valle. Naturen, heielivet, kulturarven, dei lokale møteplassane og tenestene skaper både bulyst og lokal identitet. Det aktive bygdelivet, med tilgang til heia og støylsområda, frivilligheit og kvardagsfellesskap, er sentralt for å skape liv, samhald og trivsel. Samstundes treng kvardagen gode rammer. Fleire møteplassar, betre samordning av aktivitetar og lett tilgang til kultur- og fritidstilbod er viktig for å halde på unge vaksne og etablering av familiar. Bustadtilbod, arbeid, tenester, infrastruktur og tilgang til natur og sosiale møteplassar verkar saman og påverkar bulyst.

Det er auka interesse for småbruk, einebustader og sentrumsnære leilegheiter, medan mykje av utbygginga dei siste åra har vore fritidsbustader. Vern av natur og omsyn til villrein stiller krav til balansert planlegging. Difor treng kommunen ei heilskapleg planlegging av bustadtilbod, aktivitetar, møteplassar og næringsutvikling. Slik kan vi byggje sterke fellesskap og skape ein kommune der det er godt å bu, engasjere seg og høyre til – i alle livsfasar.

Hovudmål for kommunen

- Bulyst skal skapast i levande og inkluderande lokalsamfunn der innbyggjarane opplever trivsel, tilhøyrigheit, stadkjensle og inkludering. Samspelet mellom kommune, innbyggjarar, frivillige og lokale aktørar skal styrkje lokal utvikling.
-
- Natur- og kulturressursar skal vere lett tilgjengelege og brukast aktivt i kvardagen som grunnlag for bulyst, lokal identitet og fellesskap.

Strategi for å nå mål

Hovudmål	Delmål	Strategi	Beskriving
Bulyst skal skapast i levande og inkluderande lokalsamfunn der innbyggjarane opplever trivsel, tilhøyrigheit, stadkjensle og inkludering. Samspelet mellom kommune, innbyggjarar, frivillige og lokale aktørar skal styrkje lokal utvikling.	Ikkje relevant	Anerkjenne frivillig innsats og lokalt engasjement som ein føresetnad for bulyst og sosial berekraft.	
Bulyst skal skapast i levande og inkluderande lokalsamfunn der innbyggjarane opplever	Ikkje relevant	Gjere det lett å ta initiativ gjennom tydelege prosessar og låg terskel for deltaking.	

Hovudmål	Delmål	Strategi	Beskriving
trivsel, tilhøyrigheit, stadkjensle og inkludering. Samspelet mellom kommune, innbyggjarar, frivillige og lokale aktørar skal styrkje lokal utvikling.			
Bulyst skal skapast i levande og inkluderande lokalsamfunn der innbyggjarane opplever trivsel, tilhøyrigheit, stadkjensle og inkludering. Samspelet mellom kommune, innbyggjarar, frivillige og lokale aktørar skal styrkje lokal utvikling.	Ikkje relevant	Utvikle trygge og stadstilpassa nærmiljø med gode bu- og oppvekstvilkår, sosiale møteplassar og naudsynt digital infrastruktur.	
Bulyst skal skapast i levande og inkluderande lokalsamfunn der innbyggjarane opplever trivsel, tilhøyrigheit, stadkjensle og inkludering. Samspelet mellom kommune, innbyggjarar, frivillige og lokale aktørar skal styrkje lokal utvikling.	Ikkje relevant	Utvikle Valle kultursenter som ein open, trygg og levande møteplass for menneske i alle aldrar, der deltaking, eigenorganisert aktivitet og samskaping	
Natur- og kulturressursar skal vere lett tilgjengelege og brukast aktivt i kvardagen som grunnlag for bulyst, lokal identitet og fellesskap.	Ikkje relevant	Styrkje lokale møteplassar samt natur- og kulturarenaer gjennom enkle og fleksible løysingar som kan brukast av mange.	

Arbeidsplassar

Beskriving av fokusområdet

Næringsverksemder og arbeidsplassar er avgjerande for ein levedyktig kommune. Eit variert og interessant tilbod om arbeidsplassar kan auke attraktivitet og etableringslyst for unge vaksne og nye innbyggjarar.

Utviklinga skal byggje på ressursar og styrkar vi har i Valle. Reiseliv, opplevingar og lokal matproduksjon gir gode høve for verdiskaping og heilårsarbeidsplassar, samstundes som ei balansert utvikling av fritidsbustadmarknaden kan vere ein viktig motor. God digital infrastruktur skaper moglegheiter for å leggje til rette for nye næringar og kunnskapsbaserte arbeidsplassar.

Kommunen skal vere ein aktiv og føreseieleg tilretteleggjar, med klare rammer for bruk av areal, planlegging, infrastruktur og effektiv saksbehandling. Gjennom samarbeid om kompetanse og rekruttering kan vi bygge eit mangfaldig næringsliv som gjer Valle til ein kommune der folk ønskjer å bu, arbeide og bidra til eit levande lokalsamfunn.

Hovudmål for kommunen

- Kommunen skal ha eit variert og omstillingsdyktig næringsliv som byggjer på lokale ressursar, styrkjer verdiskaping og gir grunnlag for stabile arbeidsplassar og samskaping.

Strategi for å nå mål

Hovudmål	Delmål	Strategi	Beskriving
Kommunen skal ha eit variert og omstillingsdyktig næringsliv som byggjer på lokale ressursar, styrkjer verdiskaping og gir grunnlag for stabile arbeidsplassar og samskaping.	Ikkje relevant	Bidra til at næringslivet i Valle har tilgang til tilstrekkeleg kraft og energi gjennom dialog og samarbeid med nettselskap og andre relevante aktørar.	
Kommunen skal ha eit variert og omstillingsdyktig næringsliv som byggjer på lokale ressursar, styrkjer verdiskaping og gir grunnlag for stabile arbeidsplassar og samskaping.	Ikkje relevant	Bruke kommunen si rolle som areal- og planmyndigheit, rettleiar og samarbeidspartnar aktivt for å leggje til rette for verdiskaping gjennom føreseielege rammer, god rettleiing, effektive tenester og naudsynt infrastruktur.	
Kommunen skal ha eit variert og omstillingsdyktig næringsliv som byggjer på lokale ressursar, styrkjer verdiskaping og gir grunnlag for stabile arbeidsplassar og samskaping.	Ikkje relevant	Legge tydelege rammer for utvikling i Brokke basert på oppdatert kunnskapsgrunnlag, slik at hytteutbygging bidreg til heilårsaktivitet, varige arbeidsplassar og lokal verdiskaping.	Kommunen skaper ikkje arbeidsplassar direkte, men kan leggje til rette for lokal verdiskaping og entreprenørskap. Eit variert og samarbeidsretta næringsmiljø gir rom for gründerar, nye og etablerte verksemder, og styrkjer lokalsamfunnet si robustheit. Når kommunen er ein aktiv tilretteleggjar og stør opp om nettverk, møteplassar og kompetanseutvikling, kan det vere enklare å starte, utvikle og drive næringsverksemder som skaper verdiar og arbeidsplassar over tid. For næringslivet er føreseielege prosessar, tydelege kontaktpunkt og open dialog avgjerande for å kunne planleggje, investere og utvikle verksemd over tid.
Kommunen skal ha eit variert og omstillingsdyktig næringsliv som byggjer på lokale ressursar, styrkjer verdiskaping og gir grunnlag for stabile arbeidsplassar og samskaping.	Ikkje relevant	Leggje til rette for møteplassar og nettverk der næringsliv, offentlege aktørar og frivillige kan samarbeide om lokale behov og marknader.	
Kommunen skal ha eit variert og omstillingsdyktig næringsliv som byggjer på lokale ressursar, styrkjer verdiskaping	Ikkje relevant	Støtte initiativ som tek utgangspunkt i lokale ressursar og samfunnsutfordringar, inkludert sosialt	

Hovudmål	Delmål	Strategi	Beskriving
og gir grunnlag for stabile arbeidsplassar og samskaping.		entreprenørskap og kombinasjonar av frivillig og kommersiell verksemd.	
Kommunen skal ha eit variert og omstillingsdyktig næringsliv som byggjer på lokale ressursar, styrkjer verdiskaping og gir grunnlag for stabile arbeidsplassar og samskaping.	Ikkje relevant	Utvikle besøksforvaltning i samarbeid med næringslivet, grunneigarar og andre aktørar, slik at reiselivet gjev lokal verdiskaping utan unødig belastning på natur og lokalsamfunn.	

Folkehelse

Beskriving av fokusområdet

Folkehelse er grunnlaget for eit godt og levande lokalsamfunn. I Valle handlar folkehelse om å skape gode kvardagar for alle, gjennom heile livet. Naturen, friluftslivet og den rike kulturarven gir gode høve for aktivitet, trivsel og fellesskap, medan eit sterkt frivillig engasjement held det sosiale fellesskapet saman.

For å møte framtida må vi ta omsyn til ei aldrande befolkning, samstundes som vi gjer Valle attraktiv for unge vaksne, familiar og nye innbyggjarar. Førebygging, tidleg innsats og gode møteplassar er viktige verkemiddel for å styrke stadkjensla og redusere utanforskapen.

Folkehelse blir skapt i alle deler delar av samfunnet. Difor skal helsefremjande omsyn vere ein naturleg del av kommunen sitt arbeid, frå planlegging av bustader og møteplassar til kultur, idrett, frivilligheit og næringsliv. Slik kan Valle vere ein kommune der det er godt å leve, bu og høyre til – i alle livsfasar.

Hovudmål for kommunen

- Innbyggjarane skal ha gode føresetnader for meistring, stadkjensle og aktivitet i kvardagen, og lokalsamfunna skal vere prega av deltaking, inkludering og meiningsfulle fellesskap som fremjar god folkehelse

Strategi for å nå mål

Hovudmål	Delmål	Strategi	Beskriving
Innbyggjarane skal ha gode føresetnader for meistring, stadkjensle og aktivitet i kvardagen, og lokalsamfunna skal vere prega av deltaking, inkludering og meiningsfulle fellesskap som fremjar god folkehelse	Ikkje relevant	Bruke Valle kultursenter som ein sentral arena for helsefremjande kvardagsliv, der menneske i alle aldrar har tilgang til lågterskeltilbod for fysisk aktivitet, kultur og sosial deltaking. Kultursenteret skal særleg leggje til rette for barn og unge si meistring, medverknad og tilknytning til lokals	

Hovudmål	Delmål	Strategi	Beskriving
Innbyggjarane skal ha gode føresetnader for meistring, stadkjensle og aktivitet i kvardagen, og lokalsamfunna skal vere prega av deltaking, inkludering og meiningsfulle fellesskap som fremjar god folkehelse	Ikkje relevant	Integrere folkehelseperspektivet i all kommunal planlegging med særleg vekt på førebygging, tidleg innsats og utjamning av sosiale helseskilnader, med tilstrekkeleg og relevant kompetanse på tvers av sektorar.	
Innbyggjarane skal ha gode føresetnader for meistring, stadkjensle og aktivitet i kvardagen, og lokalsamfunna skal vere prega av deltaking, inkludering og meiningsfulle fellesskap som fremjar god folkehelse	Ikkje relevant	Leggje til rette for fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og inkluderande møteplassar som styrkjer deltaking, meistring og god helse i alle livsfasar.	
Innbyggjarane skal ha gode føresetnader for meistring, stadkjensle og aktivitet i kvardagen, og lokalsamfunna skal vere prega av deltaking, inkludering og meiningsfulle fellesskap som fremjar god folkehelse	Ikkje relevant	Stimulere til lokale initiativ der innbyggjarar tek ansvar for eiga helse og andre si helse gjennom aktivitet, deltaking og omsorg i kvardagen.	
Innbyggjarane skal ha gode føresetnader for meistring, stadkjensle og aktivitet i kvardagen, og lokalsamfunna skal vere prega av deltaking, inkludering og meiningsfulle fellesskap som fremjar god folkehelse	Ikkje relevant	Styrkje universelle tiltak som fremjar god folkehelse frå tidleg i livet, då ein trygg og god barndom har varig innverknad på helse og livskvalitet.	
Innbyggjarane skal ha gode føresetnader for meistring, stadkjensle og aktivitet i kvardagen, og lokalsamfunna skal vere prega av deltaking, inkludering og meiningsfulle fellesskap som fremjar god folkehelse	Ikkje relevant	Utvikle langsiktig samarbeid med frivillige og private aktørar for å sikre stabile og inkluderande lågterskeltilbod for fysisk, psykisk og sosial helse.	

Beredskap

Beskriving av fokusområdet

God beredskap handlar ikkje berre om å handtere kriser, men om å bygge eit samfunn som toler påkjenningar og raskt kjem i gang etter kritiske hendingar. I Valle betyr dette å vere førebudd på klimaendringar med meir ekstremvêr, flaum og ras, og sikkerheitspolitiske kriser og krig - samstundes som vi tek omsyn til demografi og samhandling.

Når straum eller infrastruktur sviktar, blir helsetenester, matforsyning og kommunikasjon raskt påvirka. Difor må beredskap sjåast i samanheng med korleis samfunnet fungerer til dagleg.

Valle har sterke ressursar å bygge vidare på. Eit engasjert næringsliv, eit aktivt frivillig fellesskap og moglegheiter for auka sjølvforsyning gir eit godt utgangspunkt. Med klare roller og betre samordning kan desse ressursane styrkast.

Beredskap skal vere ein del av all planlegging, frå arealbruk og næringsutvikling til helse og klima. Målet er eit lokalsamfunn der innbyggjarar, frivillige, næringsliv og kommune står saman og er trygge – slik at lokalsamfunnet framleis fungerer, også når det oppstår uventa hendingar.

Hovudmål for kommunen

- Den samla beredskapen i lokalsamfunnet skal vere robust og samordna, slik at ressursar hjå innbyggjarar, frivillige, næringsliv og kommunen kan nyttast effektivt, også ved ekstra belastning.
- Innbyggjarane skal ha kunnskap, nettverk og fokus som gjer dei i stand til å ta ansvar for eigen og fellesskapets beredskap i kvardagen og i kriser

Strategi for å nå mål

Hovudmål	Delmål	Strategi	Beskriving
Den samla beredskapen i lokalsamfunnet skal vere robust og samordna, slik at ressursar hjå innbyggjarar, frivillige, næringsliv og kommunen kan nyttast effektivt, også ved ekstra belastning.	Ikkje relevant	Koordinere og integrere ressursar hos innbyggjarar, frivillige organisasjonar, næringsliv og kommunen gjennom tydelege roller, ansvar og samhandlingsformer. Bruke digitale løysingar for oversikt, varsling og mobilisering, men og ha reserveløysingar på plass.	
Den samla beredskapen i lokalsamfunnet skal vere robust og samordna, slik at ressursar hjå innbyggjarar, frivillige, næringsliv og kommunen kan nyttast effektivt, også ved ekstra belastning.	Ikkje relevant	Planleggje og legge til rette for situasjonar med ekstra belastning knytt til besøkande og hyttebruk, slik at kommunen har realistisk oversikt over kapasitet, restressursar og sårbare punkt i lokalsamfunnet.	
Den samla beredskapen i lokalsamfunnet skal vere robust og samordna, slik at ressursar hjå innbyggjarar, frivillige, næringsliv og kommunen kan nyttast effektivt, også ved ekstra belastning.	Ikkje relevant	Sikre at kommunen til ei kvar tid har nødvendig og oppdatert kompetanse innan planleggjing, førebyggjing og handtering av kriser og uønskte hendingar.	
Den samla beredskapen i lokalsamfunnet skal vere robust og samordna, slik at ressursar hjå innbyggjarar, frivillige, næringsliv og kommunen kan nyttast effektivt, også ved ekstra belastning.	Ikkje relevant	Utvikle beredskap som ein integrert del av kvardagslivet, der fellesskap, frivillig innsats og lokal handlekraft òg styrkjer kommunen si evne til å handtere kriser og uønskte hendingar	
Den samla beredskapen i lokalsamfunnet skal vere	Ikkje relevant	Valle kommune skal ha eit systematisk og oppdatert	

Hovudmål	Delmål	Strategi	Beskriving
robust og samordna, slik at ressursar hjå innbyggjarar, frivillige, næringsliv og kommunen kan nyttast effektivt, også ved ekstra belastning.		arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, basert på ROS Setesdal, som byggjer på ROS Agder og nasjonale tryggingsvurderingar.	
Innbyggjarane skal ha kunnskap, nettverk og fokus som gjer dei i stand til å ta ansvar for eigen og fellesskapets beredskap i kvardagen og i kriser	Ikkje relevant	Styrkje kunnskap om eigenberedskap og samfunnsansvar ved å systematisk byggje kompetanse, nettverk og lokal beredskapskultur i nabolag, lokalsamfunn og frivillige miljø.	

5. Investeringar i økonomiplanen

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringer

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Sentraladministrasjon og politisk styring					
Bedriftsleilegheit i Kristiansand	8 500	0	0	0	8 500
Bygdebuss	700	0	0	0	700
Eigenkapitalinnskot KLP	600	600	600	600	2 400
Oppfølging ROS Setesdal	2 500	625	625	625	4 375
Utskifting bil kommunehus	688	0	0	0	688
Sum Sentraladministrasjon og politisk styring	**12 988**	**1 225**	**1 225**	**1 225**	**16 662**
Teknisk					
Arbeidsbil reinhald	600	0	0	0	600
Asfalt Leite Sør	0	250	0	0	250
Brannsikringstiltak, Valle internat	450	0	0	0	450
Branntiltak Valle brannstasjon §13 bygg	1 250	0	0	0	1 250
Bustadtiltak Valle og Rysstad sentrum	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Framtidig løysing Hylestad barnehage	500	0	0	0	500
Heis kommunehuset	0	1 500	0	0	1 500
Nytt nødstraumsaggregat Valle bygdeheim	0	0	0	1 250	1 250
Opparbeiding av næringsareal Øyne	1 000	0	0	0	1 000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Oppgradering kontor til regionråd	2 000	0	0	0	2 000
Oppgradering, Valle helsehus	4 800	0	0	0	4 800
Parkeringsplass - Kvisletoppen	0	0	0	400	400
Parkeringsplass Valle kyrkje	200	0	0	0	200
Redskapsberar Rysstad	0	1 000	0	0	1 000
Sløkkjevatn i sentrumsområda	375	0	0	0	375
Tømestasjon bubil Rysstad	600	0	0	0	600
Uteområde Valle skule	200	0	0	0	200
Utviding Møykjeromet	500	0	0	0	500
Vatningsanlegg kyrkjegard	1 200	0	0	0	1 200
Sum Teknisk	**18 675**	**7 750**	**5 000**	**6 650**	**38 075**
Pleie og omsorg					
Pasientsenger	200	200	200	200	800
Sum Pleie og omsorg	**200**	**200**	**200**	**200**	**800**
Sum	**31 862**	**9 175**	**6 425**	**8 075**	**55 538**

Selvkost

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Teknisk					
Avfallsanlegg Furestøyl	0	200	0	0	200
Utskiftning VA-leidningar i Leite	0	3 000	0	0	3 000
Vassleidning Hovet	0	0	100	0	100
Vassleidning Tveiten	0	0	100	0	100
Sum Teknisk	**0**	**3 200**	**200**	**0**	**3 400**
Sum	**0**	**3 200**	**200**	**0**	**3 400**

Andre investeringer

Sentraladministrasjon og politisk styring

Bedriftsleilegheit i Kristiansand

Som følgje av vasskade og pågåande forsikringssak i bedriftsleilegheita i Markensgate er det behov for å vurdere framtidig løysing for kommunen si bedriftsleilegheit i Kristiansand. Formannskapet har bedt administrasjonen sjå på moglegheita for å selje dagens leilegheit og vurdere kjøp av eit alternativ med større kapasitet og fast parkeringsplass.

Bygdebuss

Leasingperioden for dagens 9-seter Volkswagen Caravelle som vert nytta til bygdebuss går ut februar 2027.

Administrasjonen har vurdert kjøp opp mot vidare leasing. Leasing har vorte meir kostbart som fylgje av mellom anna aukande renter, påslag frå leasingselskap og kostnader ved innlevering knytte til det leasingselskapet vurderer som unormal slitasje. På dette grunnlaget har økonomiavdelinga vurdert det som økonomisk fordelaktig at kommunen kjøper bilen framfor å inngå ny leasingavtale.

Oppfølging ROS Setesdal

ROS Setesdal vart vedteken i 2025. Sjølve risikovurderingane av det enkelte scenario er ikkje offentlege. Det er utarbeidd tiltak for å fylgje opp analysen og det er behov for økonomiske midlar til å gjennomføre investeringar i oppfølgingsarbeidet.

Det er i 2027 planlagt å klargjere prioriterte kommunale formålsbygg for tilkopling av naudstraumsaggregat. Tiltaket skal styrkje kommunens beredskap og sikre drift av kritiske tenester ved langvarige straumbrot og andre hendingar som påverkar kraftforsyninga.

Utskifting bil kommunehus

Leasingavtalen for Tesla Model Y ved kommunehuset går ut 31. mai 2027. Det vert tilrådd å gå over til kjøp av bil framfor å inngå ei ny leasingavtale, føresett at kommunen har behov for bilen over fleire år. Kjøp gjev kommunen eigarskap til bilen og ein restverdi ved eit eventuelt seinare sal. Samstundes bør den samla kostnaden ved kjøp vurderast opp mot kostnaden ved ny leasing før endeleg avgjerd vert teken. Det vert føresett at nødvendig løyving til kjøp vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2027.

Teknisk

Asfalt Leite Sør

Vegen gjennom bustadfeltet Leite sør vart ikkje asfaltert under utbygging for å unngå skadar på asfalten ved seinare byggeprosjekt. Med fleire nye byggjeløyve planleggjast asfaltlegging i 2028 når kjende tiltak truleg er ferdigstilt. Kostnadsestimatet er basert på kvadratmeterprisar frå hausten 2025.

Brannsikringstiltak, Valle internat

Tiltaket omfattar bygningsmessige brannsikringstiltak i samsvar med ny branndokumentasjon for heile bygget. Det er tidlegare installert nytt brannvarslingsanlegg med direkte varsling til 110-sentralen. Dette bidreg til god branntryggleik, men det står framleis att bygningsmessige tiltak for å følgje opp krava i branndokumentasjonen.

Branntiltak Valle brannstasjon §13 bygg

Valle og Rysstad brannstasjon er registrerte som særskilde brannobjekt i kategori B. Det er behov for å setje av midlar til brannvarslingsanlegg og nødvendig brannteknisk dokumentasjon for å sikre at bygga tilfredsstiller gjeldande krav til branntryggleik.

Det må gjennomførast ei brannteknisk vurdering for å avklare nødvendige sikringstiltak, utarbeide nødvendig dokumentasjon og etablere rutinar for internkontroll. Det blir derfor føreslått å budsjettere med kostnader til brannteknisk rådgiving, dokumentasjon, prosjektering og installasjon av eventuelle nødvendige brannvarslingsanlegg.

Dei største kostnadene er venta å kome ved Valle brannstasjon, då dette bygget per i dag ikkje har brannvarslingsanlegg eller tilgjengeleg brannteknisk dokumentasjon. Det må også påreknast noko kostnader ved Rysstad brannstasjon knytte til dokumentasjon og eventuelle nødvendige tiltak.

Bustadtiltak Valle og Rysstad sentrum

Tiltak for å stimulere til bygging av sentrumsbustader, primært i privat regi. Kjøp av sentrumsleilegheiter i Valle og Rysstad som bidreg til å realisere utbyggingsprosjekt. Tiltak prioritert i framlegg til bustadpolitisk plan og næringsplan.

Framtidig løysing Hylestad barnehage

Budsjett til prosjektering av framtidig løysing Hylestad barnehage. Prosjekteringa vil gi grunnlag for totalt investeringsbehov. Jf. kommunestyresak i juni 2026. Samla investeringskostnad er førebels estimert til mellom 9,6 mill. kr og 14,8 mill. kr. Estimata er usikre. I tillegg kjem kostnaden med å kjøpe gamle Hylestad skule dersom kommunestyret vel å gå vidare med dette utvidingsalternativet.

Heis kommunehuset

Tiltaket gjeld nødvendige utbetringar og oppgraderingar av heisanlegget som følgje av krav og merknader etter gjennomført heiskontroll.

Nytt nødstraumsaggregat Valle bygdeheim

Nytt nødstrømsaggregat ved Valle bygdeheim

Dagens nødstrømsaggregat ved Valle bygdeheim er svært gammalt, og det må forventast at dette må skiftast ut i nær framtid. For å sikre forsvarleg drift og nødvendig beredskap ved straumbrot er det viktig å planleggje for eit nytt og driftssikkert aggregat.

Det blir føreslått å leggje inn 1,25 mill. kroner til utskifting av nødstrømsaggregatet i 2030 i økonomiplanen for 2027–2030. Dette er ei førebels budsjettering for å synleggjere og ta høgd for investeringsbehovet i planperioden.

Før det blir teke endeleg stilling til løysing og eventuell utlysing, skal det gjennomførast ei grundig teknisk og økonomisk vurdering av eksisterande anlegg, framtidig behov og aktuelle løysingar. Endeleg kostnadsramme blir fastsett på bakgrunn av denne gjennomgangen.

Opparbeiding av næringsareal Øyne

Kommunen har ferdig regulert område på Øyne nord for dagens industriområde som kan opparbeidast. Ei kartlegging av interessa for området vart gjennomført vinteren 2024/2025 som grunnlag for vidare planlegging og gjennomføring. Summen inkluderer prosjekteringsmidlar og forventa restbeløp til opparbeiding av tomt O i eksisterande næringsomrråde.

Oppgradering kontor til regionråd

Det er vurdert som ikkje føremålstenleg å gjennomføre enkel oppussing. Bygget har behov for utskifting av vindauge og etablering av nytt ventilasjonsanlegg. Det er naudsynt å avklare kva kontorbehov regionrådet har i framtida.

Endeleg omfang og kostnadsestimat vert lagt fram for kommunestyret i løpet av året.

Oppgradering, Valle helsehus

Prosjektet vart starta opp i 2026, og det er rekna med eit forbruk på om lag 200 000 kroner i 2026. Under planlegginga har det kome fram fleire forhold som må avklarast før byggearbeida kan gjennomførast. Som følgje av dette er hovuddelen av arbeidet planlagt gjennomført i 2027.

For å sikre forsvarleg drift av bygget er det vedteke å gjennomføre dei mest nødvendige tiltaka. I tillegg vert det lagt opp til å gjennomføre dei tidlegare planlagde tiltaka knytte til nødstraumsaggregat og brannvarsling.

Det er framleis noko uvisse knytt til kostnadene, og tidlegare kostnadsoverslag er ikkje fullt ut kvalitetssikra. Det er difor teke høgd for uvisse og moglege kostnadsaukar i budsjettramma.

Samla kostnadsramme for prosjektet er sett til 5,0 mill. kroner. Med eit forventa forbruk på 0,2 mill. kroner i 2026, vert det lagt inn 4,8 mill. kroner i investeringsbudsjettet for 2027.

Parkeringsplass - Kvisletoppen

Kommunen har ein avtaleplikt til å etablere ein offentleg parkeringsplass på Kvisletoppen. Førebels har det ikkje lukkast å oppnå einigheit med grunneigar og tidspunktet er difor noko uvisst.

Parkeringsplass Valle kyrkje

Opparbeiding av parkeringsplass og grunnerverv i samsvar med endra reguleringsplan for Valle sentrum. Kostnadsestimat basert på kvadratmeterpris på det sist opparbeidde parkeringsarealet i sentrum. Det vert laga ei sak til politisk handsaming om finansiering av opparbeidinga når estimatet er klart.

Redskapsberar Rysstad

Traktoren (Valmet 305) på Rysstad er frå 1987 og er overmoden for utskifting. Ein ser på ulike maskinar og ein redskapsberar som kan brukast til både brøyting, strøing, feiing m.m vil kunne vere eit godt alternativ til ein traktor.

Sløkkjevatn i sentrumsområda

Utgreiing av løysingar for sløkkjevatn i sentrumsområdet, jf formannskapsvedtak mai 2025.

Tømestasjon bubil Rysstad

Det er planlagt å etablere ein tømestasjon for bubilar på Rysstad. Endeleg plassering av anlegget er førebels ikkje avklart og må vurderast nærare før tiltaket kan gjennomførast. Setesdal Interkommunalt Politisk Råd har ei støtteordning for etablering av slike anlegg. Det er lagt til grunn 400 000 kroner i tilskot frå denne ordninga som ein del av finansieringa av prosjektet.

Uteområde Valle skule

Prosjekteringskostnader knytt til behov for utforming av skuleområdet og området ved Valle kultursenter/idrettsanlegg. Planane må leggjast for politisk handsaming for å avklare endeleg omfang.

Utviding Møykjeromet

Møykjeromet er mykje brukt og har nådd kapasitetsgrensa, med 155 medlemmar og over 200 drop-in-brukarar. Dagens lokale er for lite og har avgrensa plass til nødvendig treningsutstyr, mellom anna tredemøller for heilårsbruk.

Valle IL har teke initiativ til å vurdere ei utviding av treningsrommet. Ei utviding vil kunne gi plass til fleire brukarar og eit breiare treningstilbod. Tiltaket vil kunne styrkje tilbodet til mellom anna ungdom og eldre, og samstundes bidra positivt til folkehelse og til å vidareutvikle treningsrommet som ein sosial møteplass i bygda.

Det vart opphavleg sett av 500 000 kroner i budsjettet for 2026. Som følgje av framdrifta i prosjektet vart løyvinga redusert ved 2. tertialrapportering, og resterande midlar er flytta til 2027. Vidare gjennomføring og endeleg kostnadsramme må avklarast på bakgrunn av det vidare planarbeidet og endeleg prosjektomfang.

Vatningsanlegg kyrkjegard

Prosjektet omfattar etablering av borehol med pumpe som vassforsyning, utskifting av gamle spreiarar og koplingar, samt utviding av vatningsanlegga for å dekkje eit større areal. Kostnaden for opprusting og utviding av vatningsanlegga på kyrkjegardane er estimert til 1,5 millionar kroner. Tiltaket vil medføre

auka driftskostnader knytte til straumforbruk og drift/vedlikehald av anlegga, anslått til om lag 25 000 kroner per år per anlegg.

Pleie og omsorg

Pasientsenger

Bakgrunn og behov

Fleire brukarar i pleie- og omsorgstenesta har behov for tett oppfølging på natt på grunn av fallrisiko, kognitiv svikt, uro, vandring eller behov for tilsyn. Tradisjonelt har dette kravd hyppige fysiske tilsyn, noko som kan forstyrre brukarane sin søvn og medføre høg belastning på tilsette.

Sensorseng er eit velferdsteknologisk hjelpemiddel som registrerer når ein brukar forlèt senga eller har unormale rørslemønster, og varslar personalet ved behov. Løysinga bidreg til at brukarane kan få meir individuelt tilpassa tilsyn samstundes som personellet kan prioritere ressursane meir effektivt.

Mål

- Auke tryggleiken for brukarar med risiko for fall og uønskte hendingar.
- Sikre rask respons når det er behov for hjelp.
- Redusere unødvendige nattlege tilsyn.
- Fremje betre søvn og livskvalitet for brukarane.
- Utnytte personalressursane meir effektivt.
- Bidra til redusert belastning og sjukefråvær blant tilsette.

Effektive arbeidsmetodar

Innføring av sensorseng legg til rette for meir målretta og behovsstyrt oppfølging:

- Tilsyn kan utførast når varsling gir grunnlag for handling, i staden for faste rundar uavhengig av behov.
- Tilsette får betre oversikt over brukarane sine behov og kan prioritere innsatsen der risikoen er størst.
- Færre avbrot og færre unødvendige forflyttingar på natt bidreg til meir effektiv drift.
- Teknologien gir dokumenterbar informasjon som kan nyttast i vurdering av tenestebehov og vidare tiltaksplanlegging.

Tiltak for å redusere sjukefråvær

Bruk av sensorseng kan bidra til redusert sjukefråvær gjennom fleire mekanismar:

- Mindre fysisk belastning ved reduksjon av unødige kontrollrundar.
- Færre stressande situasjonar knytt til frykt for å oversjå fall eller andre alvorlege hendingar.
- Betre arbeidsflyt og meir føreseieleg arbeidssituasjon på natt.
- Auka oppleving av tryggleik og kontroll blant tilsette.
- Frigjering av tid til faglege oppgåver og omsorgsarbeid framfor rutinemessige kontrolloppgåver.

- Redusert risiko for belastningsskadar som følgje av færre hastesituasjonar og meir planlagde arbeidsprosessar.

Tilrettelegging og gevinstar

Sensorseng er eit tiltak som legg til rette for at brukarar kan bu trygt med minst mogleg inngripen i kvardagen. Løysinga støttar målet om å gje tenester på lågaste effektive omsorgsnivå og er i tråd med nasjonale føringar om bruk av velferdsteknologi.

For tenesta vil gevinsten vere:

- Auka pasienttryggleik.
- Betre kvalitet på tenestene.
- Meir effektiv ressursutnytting.
- Betre arbeidsmiljø.
- Potensial for redusert sjukefråvær og lågare vikarbehov.
- Styrkt berekraft i helse- og omsorgstenesta.

Samla vurdering: Sensorseng er eit førebyggjande og arbeidsbesparande tiltak som både aukar tryggleiken for brukarane og bidreg til eit betre arbeidsmiljø for tilsette. Tiltaket understøttar kommunen sitt arbeid med effektiv ressursutnytting, kvalitetsforbetring og redusert sjukefråvær.

Selvkost

Teknisk

Avfallsanlegg Furestøyl

Det er planlagt å etablere eit felles avfallsanlegg på Furestøyl som skal erstatte dei eksisterande søppelbodene. Tiltaket er venta å gi årlege innsparingar i hytterenovasjonen i Brokke, og desse er innarbeidde som driftskonsekvens av investeringa.

Det er sett av midlar til prosjektering av anlegget. Prosjekteringa skal mellom anna avklare løysing, omfang og gi eit sikrare grunnlag for vurdering av samla investeringskostnad.

Utskiftning VA-leidningar i Leite

Utskifting av gamle VA-leidningar i Leite er planlagt i 2028. Prosjektomfanget er førebels ikkje konkretisert, og detaljar vil bli avklara i planleggingsfasen. Eiga sak om prosjektomfanget vert lagt fram til politisk handsaming når planarbeidet har avdekka behov og grunnlag.

Vassleidning Hovet

Det har kome førespurnad om å forlengje den kommunale vassleidningen på Hovet, frå Moen til Krokan. Ei slik utbygging vil potensielt kunne gi 5–6 nye abonnentar til det kommunale vassnettet.

Det vert foreslått å setje av 100 000 kroner til utgreiing og eventuell prosjektering. Arbeidet skal avklare aktuelle løysingar, kostnader og føresetnader for ei eventuell utbygging. På bakgrunn av utgreiinga kan det seinare takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast og kva kostnadsramme som i så fall skal leggjast til grunn.

Vassleidning Tveiten

Det har kome førespurnad om å føre fram kommunal vassleidning til Tveiten. Ei slik utbygging vil potensielt kunne gi 3–4 nye abonnentar til det kommunale vassnettet.


Det vert foreslått å setje av 100 000 kroner til utgreiing og eventuell prosjektering. Arbeidet skal avklare aktuelle løysingar, kostnader og føresetnader for ei eventuell gjennomføring. På bakgrunn av utgreiinga kan det seinare takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast og kva kostnadsramme som i så fall skal leggjast til grunn.

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000


	Økonomiplan			
	2027	**2028**	**2029**	**2030**
Investeringer i varige driftsmidler	31 263	11 775	6 025	7 475
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	600	600	600	600
Sum finansieringsbehov	**31 863**	**12 375**	**6 625**	**8 075**
Kompensasjon for merverdiavgift	-4 453	-1 355	-225	-495
Tilskudd fra andre	-400	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	-6 500	-1 500	-1 500	-1 500
Bruk av lån	-19 910	-8 920	-4 300	-5 480
Videreutlån	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av lån til videreutlån	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Overføring fra drift	-600	-600	-600	-600
Sum finansiering	**-31 863**	**-12 375**	**-6 625**	**-8 075**
Sum finansieringsbehov	**31 863**	**12 375**	**6 625**	**8 075**
Sum finansiering	**-31 863**	**-12 375**	**-6 625**	**-8 075**
Udekt finansiering	**0**	**0**	**0**	**0**

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Valle	49,3 %	43,2 %	47,0 %	65,7 %	75,6 %	77,0 %	74,2 %	71,1 %	68,6 %
Handlingsregel	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %

Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Valle	99 766	100 900	105 359	161 763	173 220	177 472	172 012	164 615	158 829

6. Hovudtala i budsjettforslaget

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

			Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Rammetilskot	-59 701	-60 805	-63 915	-63 870	-63 868	-63 871
Skatt på inntekt og formue	-50 837	-53 363	-54 869	-54 869	-54 869	-54 869
Andre generelle driftsinntekter	-21 903	-21 400	-19 341	-19 241	-18 741	-18 441
Eigedomsskatt	-36 708	-37 200	-36 445	-36 445	-36 445	-36 445
Sum frie inntekter	**-169 149**	**-172 768**	**-174 570**	**-174 425**	**-173 923**	**-173 626**

Rammetilskot

Budsjettert rammetilskot for 2027 er basert på KS sin prognosemodell, som reknar forventa skatt og rammetilskot for 2027. Valle kommune hadde 1 235 innbyggjarar per 1. juli 2026, og dette innbyggjartalet ligg til grunn for berekninga av innbyggjartilskot og utgiftsutjamning for 2027.

Skatt på inntekt og formue

Budsjettet for skatt på inntekt og formue er basert på KS sin prognosemodell, med føresetnadene i framlegget til statsbudsjett for 2027. Det er lagt til grunn ein lønsvekst på 4,0 prosent og ein prisvekst på 2,9 prosent. Den kommunale deflatoren er berekna til 3,8 prosent, inkludert kompensasjon for auka pensjonskostnader. Maksimal kommunal skattøre er foreslått til 13,40 prosent i 2027.

Eigedomsskatt

I Valle kommune kjem eigedomsskatten i hovudsak frå kraftanlegg etter eigedomsskattelova § 3 c. Skattegrunnlaget for dei store kraftanlegga vert fastsett av Skatteetaten, medan mindre kraftverk vert verdsette etter eigne reglar. For småkraftverk under 10 000 kVA er eigedomsskattegrunnlaget knytt til skattemessig verdi på kraftanlegget.

Eigedomsskattegrunnlaget for store kraftanlegg vert rekna på grunnlag av eit rullerande femårssnitt av inntekter og kostnader, med to års etterslep. For eigedomsskatteåret 2027 vil dette etter same utrekningsprinsipp innebere inntektsåra 2021–2025. Dette er ei vidareføring av prinsippet som for 2026 nyttar perioden 2020–2024.

Det er framleis usikkerheit knytt til utviklinga i eigedomsskattegrunnlaget. For 2026 viste dei førebelse tala ein reduksjon i det samla grunnlaget for store vasskraftanlegg, sjølv om formuesverdiane auka. I

fylgje LVK skuldast dette i hovudsak auka grunnrenteskatt til staten, som kjem til frådrag ved fastsetjing av eigedomsskattegrunnlaget. Samstundes har mange kraftanlegg nådd maksimalverdien etter eigedomsskattelova.

Det er knytt uvisse til eigedomsskatteinntektene for 2027, då eigedomsskattegrunnlaget først er varsla å liggje føre i desember 2026. I budsjettet for 2027 er det difor lagt til grunn same inntektsnivå som i revidert budsjett for 2026.

Andre generelle driftsinntekter

Under andre generelle driftsinntekter vert det ført integreringstilskot, naturressursskatt og kompensasjonstilskot frå Husbanken.

Integreringstilskot er statlege overføringar kommunen får ved busetjing av flyktningar. Storleiken på inntekta vil mellom anna vere avhengig av kor mange flyktningar kommunen buset, og kor lenge dei har vore busette i kommunen. I budsjettet for 2027 og vidare i økonomiplanperioden er det lagt til grunn busetjing av 5 flyktningar årleg. Dette ligg til grunn for utrekninga av integreringstilskotet i perioden.

Naturressursskatt er ein produksjonsbasert skatt frå kraftanlegg og er ei viktig inntektskjelde for kommunen. Skatten er uavhengig av kraftprisen og vert fastsett på grunnlag av produksjonen i kraftanlegga. For 2027 er det budsjettert med om lag 14 mill. kr i naturressursskatt.

Kommunen får i tillegg kompensasjonstilskot frå Husbanken, som også vert ført under andre generelle driftsinntekter. For 2027 er det budsjettert med om lag 0,7 mill. kr i kompensasjonstilskot.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

			Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Renteinntekter	-5 587	-3 360	-5 360	-4 860	-4 860	-4 860
Utbytter	-18 430	-12 500	-13 920	-13 020	-13 020	-13 020
Renteutgifter	9 210	9 860	12 023	11 689	10 513	9 554
Avdrag på lån	15 270	16 484	16 012	16 343	13 483	12 394
Netto finansinntekter/finansutgifter	**463**	**10 484**	**8 755**	**10 152**	**6 116**	**4 068**
Finansutgifter i tenesteområda	2	-5	-5	-5	-5	-5
Totale finansutgifter	**465**	**10 479**	**8 750**	**10 147**	**6 112**	**4 063**
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0

Renteinntekter

Renteinntektene til Valle kommune kjem i hovudsak av renter på kommunen sine bankinnskot og rentekompensasjon frå Husbanken. Rentekompensasjonen gjeld investeringar som er omfatta av statlege kompensasjonsordningar.

Renteinntektene er budsjetterte ut frå dei føresetnadene som ligg føre på budsjetteringstidspunktet. Faktiske renteinntekter vil kunne avvike frå budsjettet, avhengig av mellom anna kommunen sin likviditet, nivået på bankinnskota og utviklinga i rentenivået gjennom året.

Utbytter

Utbytte frå Å Energi er budsjettert etter ei konkret vurdering av forventa resultatutvikling og utbyttekapasitet i planperioden. Vurderinga byggjer på selskapet sin gjeldande utbyttepolitikk, historisk resultatutvikling og marknadsbaserte prisindikasjonar for kraft fram i tid.

Dei langsiktige terminprisane i kraftmarknaden ligg høgare enn nivået som låg til grunn då selskapet utarbeidde dei oppgitte utbyttegolva. Kommunen vurderer difor at utbyttegolvet fyrst og fremst representerer eit risikonivå eller nedsideestimat, og ikkje den mest sannsynlege utviklinga i utbyttet.

Ved utarbeiding av økonomiplanen er det lagt til middelnedbør som grunnlag for produksjonsvolum. På dette grunnlaget er utbytte frå Å Energi budsjettert til 13,9 mill. kroner i 2027, 13,0 mill. kroner i 2028 og 13,0 mill. kroner årleg i 2029 og 2030. Anslaga vil bli vurderte på nytt i samband med tertialrapportering og årleg rullering av økonomiplanen.

Renteutgifter

Ved utrekning av rente- og avdragsutgifter er det lagt til grunn gjeldande nedbetalingsplan for eksisterande lån, og ein nyttar Kommunalbanken sitt finansverktøy. I tillegg er det teke høgde for nye låneopptak i samsvar med planlagde investeringar i økonomiplanperioden.

Kommunalbanken si budsjettrente er sett til 5,60% i 2027, 5,45% i 2028, 5,15% i 2029 og 4,90% i 2030.

Ein del av kommunen si lånegjeld er bunden til fastrente, medan resten er påverka av utviklinga i marknadsrentene. For lån med flytande rente og nye låneopptak vert det lagt til grunn budsjettrenter basert på prognosar frå Kommunalbanken.


Det er knytt uvisse til renteutviklinga gjennom økonomiplanperioden. Faktiske renteutgifter vil kunne avvike frå budsjettet som fylgje av endringar i rentenivået, tidspunkt og storleik på nye låneopptak og framdrifta i planlagde investeringar.

Avdrag på lån

Det er lagt til grunn gjeldande nedbetalingsplan for eksisterande lån, samt planlagde nye låneopptak i økonomiplanperioden.


7. Økonomisk utvikling i planperioden

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Valle	4,8 %	16,0 %	6,2 %	6,8 %	-1,6 %	0,9 %	1,5 %	4,1 %	5,3 %
Handlingsregel	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Valle	5	17	22	24	24	24	25	28	33
Handlingsregel	25	25	25	25	25	25	25	25	25

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Valle	49,3 %	43,2 %	47,0 %	65,7 %	75,6 %	77,0 %	74,2 %	71,1 %	68,6 %
Handlingsregel	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %

Vurdering av den økonomiske utviklinga

Utfordringar knytt til finanskostnadar

Stabilitet og forutsigbarheit i finansinntekter og -utgifter er ei anna utfordring. Kommunen har avgrensa kontroll over faktorar som påverkar dette, som utviklinga i rentemarknaden og utbytte frå aksjeporteføljen i Å Energi AS. Ved å inngå fastrenteavtalar kan kommunen redusere risikoen for svingingar i finanskostnadene. I tillegg vil moderat låneopptak og lang nedbetalingstid, tilpassa levetida på investeringane, bidra til å redusere bindinga av driftsinntekter til kapitalkostnadar og styrkje netto driftsresultat.

I økonomiplanperioden er det som nemnd lagt opp til moderate låneopptak, med utgangspunkt i vurderingar av kommunen si evne til å bere investeringar med høg grad av lånefinansiering. Store låneopptak reduserer handlingsrommet i drifta og aukar eksponeringa mot renteendringar. Eigenfinansiering og utsetjing av investeringar er viktige grep for å redusere denne risikoen.

Utviklingstrekk i økonomiske føresetnader

Veksten i rammeoverføringar er moderat, og Valle kjem relativt svakt ut ved innlemming i rammetilskot grunna inntektsutjamninga. Utviklinga i styringsrenta til Norges Bank påverkar rentekostnadene meir enn -inntektene, då kommunen har høgare gjeld enn innskot. Prognosar tyder på at renta vil falle noko frå 2028, noko som er teke omsyn til i økonomiplanen, men nivået er framleis usikkert.

Samtidig aukar driftsutgiftene, særleg grunna lønsoppgjeret og prisvekst på varer og tenester kommunen kjøper.

Utvikling i økonomiplanperioden 2027–2030

I budsjettet for 2027 er det lagt til grunn eit moderat netto driftsresultat, under det finansielle måltalet. Økonomiplanen legg opp til at netto driftsresultat aukar utover i planperioden og når måltalet i 2030, m.a. på grunn av forventa effekt av effektiviseringstiltak. Det inneber at det vert lagt opp til vidare styrking av disposisjonsfondet, som i dag omtrent tilfredsstiller det finansielle måltalet. Fleire av dei mest sentrale inntektspostane i kommunen er knytt til utviklinga i kraftpris. Det gjeld særleg inntekter frå sal av konsesjonskraft, utbytte frå Å Energi og eigedomsskatten. Kraftprisen ligg på eit høgt nivå historisk sett, og prisfall kan ikkje utelukkast. Det er difor vesentleg usikkerheit knytt til ein del av inntektene og svingingar her påverkar den økonomiske handlefridomen direkte.

Økonomistyring, effektivisering og vidare prosess

Valle kommune tilhøyrer Kostragruppe 15, saman med andre små kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar og høge frie inntekter. Kommunen ligg generelt høgt i kostnadsnivå i slike

samanlikningar. Over fleire år har Valle arbeidd med å identifisere kostnadsnivå og tilpasse driftsrammene i tråd med analysar, mellom anna knytt til demografisk utvikling.

For å nå dei kommunestyrefastsette finansielle måltala og sikre ein berekraftig økonomi over tid, er det naudsynt med ein reduksjon i driftsnivået i planperioden 2027–2030. I samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan sist haust vart kommunedirektøren sine framlegg til prosentvise nedtrekk i budsjettrammene for einingane vedtekne. Nedtrekket vart differensiert på bakgrunn av ressursbruk samanlikna med kommunar det er naturleg å samanlikne seg med, og etter ei vurdering av strukturelle tilhøve og kostnadsdrivarar i Valle kommune. Desse rammenedtrekka er vidareført i framlegg til budsjett og økonomiplan for 2027-2030 og avgjerande for å nå finansielle måltal. Bakgrunnen for effektiviseringskrava er omtala nedanfor.

Differensiering i effektiviseringskrava

Gjennomgangen av KOSTRA-tal og andre nøkkeldata har vist at ressursbruken i Valle kommune skil seg mest frå samanliknbare kommunar innanfor sentraladministrasjonen og grunnskuleområdet.

Sentraladministrasjonen
Det er særleg innan administrative støttefunksjonar at ny teknologi, digitalisering og bruk av kunstig intelligens gjev moglegheiter for betydelige effektiviseringsgevinstar dei næraste åra. Valle kommune har allereie teke i bruk fleire løysingar innanfor automatisk saksarbeid, tekstproduksjon og internkontroll, og utviklinga tilseier at vidare effektivisering er realistisk og gjennomførbar. Det vart derfor lagt opp til eit noko høgare effektiviseringskrav på dette området. Det er allereie teke ut effektiviseringsgevinstar i 2026 i samband med naturleg avgang.

Grunnskule
Valle kommune har ein svært enkel skulestruktur med berre ein skule, noko som isolert sett burde gjeve eit meir rasjonelt driftsnivå enn i mange andre kommunar. Kostnadene per elev og samla ressursbruk innan grunnskuleområdet, inkludert individuelt tilrettelagt opplæring, ligg likevel høgare enn venta når ein tek omsyn til struktur, elevtal og lokal kontekst. Dette tilseier at det er mogleg å vidareutvikle organisering, arbeidsformer og bruk av kompetanse for å oppnå meir effektiv drift utan å redusere kvaliteten i opplæringa. Også på dette området vart det difor fastsett eit noko høgare effektiviseringskrav.

Gradvis gjennomføring og personalmessige omsyn

Ein stor del av kommunen sine driftskostnader er knytt til løn. For å sikre ei forsvarleg og reell omstilling vert nedtrekket trappa opp gradvis gjennom perioden. Dette gjev rom for naturleg avgang og for god planlegging av tilpassingar i drifta. Særleg innanfor skule og administrasjon vil endringar måtte gjennomførast stegvis for å verne om kvalitet, sikre involvering og redusere risiko for uheldige konsekvensar.

Vidare arbeidet med tiltak og tertialvis rapportering

Arbeidet med å konkretisere og gjennomføre innsparingstiltaka skal følgje kommunen sine ordinære styringsprosesser. Status, framdrift og effekt av tiltak vert rapportert i tertialrapportane. Dette inkluderer også eventuelle behov for justeringar for å nå dei fastsette rammene. Tertialrapporteringa er den naturlege arenaen for politisk oppfølging av økonomi og tiltak, og sikrar jamn og transparent informasjon gjennom året.

Denne tilnærminga er i tråd med kommunelova og økonomiforskrifta, som krev realistiske og balanserte budsjett, og jamleg rapportering om økonomisk utvikling og avvik. Det er ikkje eit krav at alle tiltak skal vere fullt ut greidde ut ved budsjettvedtaket, men at rammene er gjennomførbare og at arbeidet er forankra i organisasjonen. Arbeidet med effektiviseringstiltak har vore ein sentral del av budsjettarbeidet for leiarar og tillitsvalde i haust.

Med denne modellen vert omstilling og effektivisering ein integrert del av den løpande drifta og styringsdialogen, i tråd med god praksis for kommunal økonomistyring.

Politisk styringssystem



Formannskapet har også rolle som administrasjonsutval, då utvida med to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Møta i kommunestyret, formannskapet, plan og miljøutvalet og levekårsutvalet er opne for publikum.


I denne perioden var mandatfordelinga i kommunestyret opphavleg slik: Senterpartiet: 5 medlemer, Arbeidarpartiet 3 medlemer, Bygdelista: 4 medlemer og Høgre: 3 medlemer. I 2026 melde ordførar seg ut av Senterpartiet og er uavhengig representant. Ein representant vald inn for Arbeidarpartiet melde seg ut av partiet og inn i Senterpartiet. Senterpartiet har varaordføraren.

Organisasjon og medarbeidarar

Årsverk

Valle kommune budsjetterte i 2026 for 166 årsverk med 186 tilsette.

Organisasjonskart



Hovudprioriteringar innan arbeidsgjevarområdet vil vere:

- Legge til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile kommunen
- Vi skal vere ein serviceorientert organisasjon med brukarane, både interne og eksterne, i fokus
- Redusere sjukefråværet i organisasjonen
- Heiltidskultur
- Likestilling og mangfald

Legge til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile kommunen

Arbeidsmiljøet er summen av alt som påverker deg på arbeidsplassen, det vere seg kjemisk og biologisk, fysisk, psykososialt eller organisatorisk. Eit godt arbeidsmiljø handlar om korleis ein organiserer, planlegg og gjennomfører eit arbeid, og det er eit felles ansvar som både medarbeidarar og leiarar må ha fokus på i det daglege. Har ein eit godt arbeidsmiljø vil det virke positivt inn på både helse, motivasjon og sjukefråvær blant tilsette, men og på produktivitet, resultat og kostnader for organisasjonen.

Valle kommune gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking i oktober 2025. Resultata av denne har vorte arbeidd med i 2026 på kvar eining.

HMS er eit lovpålagt satsingsområde innanfor norsk arbeidsliv. Valle kommune har som arbeidsgjevar eit ansvar for å arbeide systematisk med helse, miljø og sikkerheit for våre tilsette og dei tenestene me leverer. Avvikshandtering er eit viktig moment i dette arbeidet. Valle kommune nyttar Compilo som eit kvalitetssystem for handtering av avvik, og varsling. Avvik rapporterast jamleg i Arbeidsmiljøutvalet.

Valle kommune har inngått rammeavtale med Mdco dinHMS om levering av bedriftshelsetjenester til kommunen frå 01.01.2025 som varar maksimalt i fire år.

Vi skal vere ein serviceorientert organisasjon med brukarane, både interne og eksterne, i fokus

Valle kommune skal vere ein serviceorientert organisasjon, for å oppnå dette målet er me avhengig av kompetente og dyktige medarbeidarar. Me treng og dyktige leiarar med handlekraft og initiativ, og med heilskapleg leiing i form av god balanse mellom rollane som administratorar, motivatorar, ekspertar og utviklarar. Leiarar skal legge til rette for medverknad på arbeidsplassane og drive einingane i økonomisk balanse.

Me skal samarbeide med andre kommunar i deler av verksemda der det er føremålsteneleg. Barnevern, helse, PPT og brannvesen er nokre av dei formaliserte samarbeida vi har med andre kommunar i Setesdal. Me har og eit godt samarbeid med interkommunale selskap, som Konsesjonskraft IKS og Setesdal interpolitisk råd. Valle kommune leiger til dømes ut merkantile ressursar til desse.

Utfordringane i framtida krev utvikling av tenester og kompetanse. Bruk av teknologi er eit fokusområde for kommunen. Innan pleie og omsorg vil velferdsteknologi bli stadig viktigare. Medarbeidarar må ha kompetanse til å meistre dei nye digitale verktøya, og inneha evne til omstilling. Dette krev også at leiarane har den nødvendige viljen/kompetansen til å styre og leie denne omstillinga. Me vil gjerne vere ein aktiv og framoverlent kommune når det gjeld å ta i bruk nye løysingar i arbeidet vårt, anten det dreier seg om sakshandsaming eller i arbeidet retta mot brukarar og innbyggjarar. Utviklinga innan kunstig intelligens går fort, og det kan vere utfordrande å sikre forsvarleg bruk av slike verktøy, men det ser ut til at kildesikring og personvern også følgjer med i utviklinga av dette, slik at det etter kvart blir enklare å velje rett verktøy å ta i bruk. Valle kommune har budsjettmidlar til etter- og vidareutdanning, og desse midla skal brukast til prioriterte område etter kompetanseplan.

Redusere sjukefråværet totalt i organisasjonen

I personalpolitisk plattform og gjennom IA – avtala har Valle kommune satt seg som mål, og forplikta seg til, å være ein helsefremjande og inkluderande arbeidsplass. Dette betyr at vi skal drive meir med førebyggjande arbeid, blant anna skal vi følgje opp måla i IA – avtala, og som nemnd over, resultata frå medarbeidarundersøkinga.

Å redusere sjukefråværet er ei viktig målsetting for kommunen. Auka nærvær bidrar til auka kvalitet i tenesteleveringa og betre arbeidsmiljø. Sjukefråværet svingar noko frå år til år, og frå eining til eining. Det er langtidsfråværet som er høgt, og tiltak må først og framst rettast inn mot det. Det er sett inn tiltak for å prøve å redusere langtidssjukefråværet, til dømes å involvere bedriftshelsetenesta meir i barnehagane for å vurdere om det kan gjerast meir når det gjeld organisering og tilrettelegging for å

førebyggje sjukefråvær. Auka fokus på nærvær, samt meir involvering av bedriftshelsetenesta/tillitsvalte/verneombod/personal, vil kunne ha ein positiv effekt på fråværet. Ei samling med leiarar, tillitsvalde og verneombod i desember 2024 hadde strategi for førebygging og oppfølging av sjukefråvær på agendaen. Dette vart følgt opp med ny samling i vårhalvåret 2025, og då med eit oppdrag om å etablere arbeidsmiljøgrupper på alle einingane. Slike samlingar har me no minst ein gong i året. Arbeidsmiljøgruppene skal ha førebygging av sjukefråvær på agendaen jamleg. Valle kommune har i dag eit mål som er vedteke i Arbeidsmiljøutvalet om at det samla sjukefråværet i 2026 ikkje skulle vere høgare enn 6,5%, og på lang sikt ikkje over 5,5%. I 2024 var sjukefråværet vore svært høgt på landsbasis, noko som blant anna i følgje ekspertar kan henge saman med etterverknader av pandemien, både fysisk og psykisk. No kan det sjå ut til at me kan oppnå eit sjukefråværstal som er lågare enn måltalet for 2026. Vi skal jobbe målretta og strategisk for å få dette talet ned ytterlegare, blant anna med god oppfølging av arbeidsmiljøgruppene på einingane.

Sjukefråvær:

2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026 (sannsynleg tal)
5,86	5,98	8,52	6,36	9,32	7,16	7,75	9,77	7,96	6

Heiltidskultur

Både for arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane er arbeidet med heiltid og heiltidskultur eit sentral samarbeidsområde. Deltid kan være ei utfordring både når det gjeld arbeidsmiljø, rekruttering, tenestekvalitet og når det gjeld likestilling. Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane har jamleg dialog når det gjeld problemstillinga, for saman å sjå på tiltak og strategiar for å redusere deltid i kommunen. Arbeidsgjevar skal før tilsetting i deltid «skriftlig dokumentere» behovet for deltidstilsetting. Denne dokumentasjonen skal være tilgjengeleg for tillitsvalde og spørsmålet om deltidstilsetting skal deretter drøftast med dei. I Valle kommune er tillitsvalde involverte i alle tilsettinger, og behovet for deltidstilsetting vert teken opp i kvart konkret tilfelle. Det er og eit tema på møte med hovudtillitsvalde med jamne mellomrom.

I Valle kommune var gjennomsnittleg stillingsstorleik for deltidstilsette blant medlem i KLP pr. september 2026 på 72,63%. I Agder totalt var prosenttalet 67,57%, og for KLP-medlem totalt var det 69,35%. Når det gjeld medlem i SPK var det pr. 01.10.2026 tre tilsette av 28 som hadde deltid. Talet på kvinner som arbeider deltid er vesentleg høgare enn talet på menn. Tal på deltidstilsette og storleik på stillingsprosent er ein kombinasjon av frivillig og ikkje frivillig deltid.

Rekruttering og likestilling

Valle kommune har i dag relativt få søkjarar til ledige stillingar. Dette er ei nasjonal utfordring, og då spesielt i distrikta. For kommunen vil det bli avgjerande å sjå på konkrete tiltak for å tiltrekke seg kvalifisert arbeidskraft. Det er etablert eit samarbeid med Bykle kommune og næringslivet i dei to kommunane om rekruttering. Valle kommune har den høgste sysselsettingsandelen på Agder (83%), og i august 2026 var det registrert berre 5 heilt arbeidsløyse personar i Valle. Det vil seie at vi ikkje har mange i kommunen som er potensielle søkjarar til ledige stillingar, og må difor profilere oss breitt geografisk når vi lyser ut stillingar.

Regional plan for likestilling, inkludering og mangfald er eit av fleire satsingsområde i Agderregionen. Likestillingsarbeidet skal fokusere på kjønn, etnisitet, funksjonsevne, alder, religion/livssyn, seksuell orientering/kjønnsuttrykk/ kjønnsidentitet og sosial bakgrunn. Alder er og eit tema i dette arbeidet. Valle kommune skal ha ei bevisst haldning til desse momenta når vi rekrutterer, og arbeider elles systematisk med den lovpålagte "aktivitets- og redegjørelsesplikten" for å kartlegge risiko og eventuelt sette inn tiltak for å sikre likestilling på alle område i organisasjonen.

Meir enn 2/3 av medarbeidarane i kommunen er kvinner. I leiargruppa er også majoriteten kvinner. Når vi har lite tilgang på kvalifisert arbeidskraft er det ei stor utfordring å få til god kjønnsbalanse i arbeidstokken.

For å behalde kompetanse, og då spesielt seniorar, har det vore viktig for kommunen å ta i bruk ulike verkemiddel for å motivere tilsette til å stå lenger i arbeid. Valle kommune skal legge til rette for tilsette slik at arbeidstakaren kan stå i arbeid lenger. Dette kan dreie seg om endring av arbeidsoppgåver, diverse hjelpemidlar m.m. Vi tilbyr i dag og lønstillegg eller fridagar til tilsette etter fylte 62 år.

Folketal/folketalsutvikling

Innhald under omtalar både historisk folketalsutvikling og folketalsframskriving/prognose

8. Folketalsutvikling

Folketalsutvikling 2017-2026 (tom 2. kvartal)

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Folketal ved inngangen av kvartalet	1 246	1 225	1 161	1 169	1 169	1 169	1 180	1 205	1 205	1 209
Fødde	7	11	10	7	14	14	17	6	15	16
Døde	18	16	7	14	17	16	10	15	18	9
Føds	-11	-5	3	-7	-3	-2	7	-9	-3	7
Innvand	18	3	5	7	7	16	8	8	3	9
Utvandring	6	5	4	0	2	3	10	8	4	0
Innflytting, innanlands	42	43	48	44	64	56	58	62	46	19
Utflytting, innanlands	64	105	46	39	66	56	38	51	38	9
Netto innvandring og fly	-10	-64	3	12	3	13	18	11	7	19
Folkevekst	-21	-69	8	5	0	11	25	0	4	26
Folketalet ved utgangen av året	1 225	1 156	1 164	1 169	1 169	1 180	1 205	1 205	1 209	1 235

Folketalsutviklinga frå 2018 til og med utgangen av 2. kvartal 2026 har vore positiv, og har medført ein auke i folketalet frå 1 156 innbyggarar ved utgangen av 2018 til 1 235 innbyggarar ved utgangen av 2. kvartal 2026. Dette svarar til ein vekst på 79 personar, eller om lag 6,8 %.

Det er òg positivt å registrere at fødselstala har teke seg opp att etter nokre år med lågare tal. Det vart fødd 14 barn både i 2021 og 2022, og heile 17 barn i 2023. I 2024 vart det berre fødd 6 barn, men talet steig til 15 fødde i 2025 og vidare til 16 fødde i 2026.

Sjølv om Valle kommune har hatt fødselsoverskot i åra 2019, 2023 og 2026 (tom 2. kvartal), viser utviklinga over tid at fødselsoverskotet oftast er negativt. I perioden 2017–2026 var det fleire døde enn fødde i sju av ti år. Dersom denne utviklinga held fram, vil kommunen vere avhengig av positiv nettoinnflytting for å halde oppe folketalsveksten.

Det største fallet i innbyggartalet fann stad i 2018. Folketalet gjekk då ned frå 1 225 til 1 156 innbyggarar, ein reduksjon på heile 69 personar. Hovuddelen av nedgangen skuldast utflytting blant flyktningar og familiane deira. Mange av dei vaksne flyktningane hadde då kvalifisert seg for vidare utdanning eller arbeid utanfor kommunen.

Nettoinnflyttinga (*) har vore positiv kvart år sidan 2019. Dette inneber at det samla sett har flytta fleire personar til kommunen enn frå kommunen. Utviklinga har vore særleg sterk i dei to fyrste kvartala i 2026, då netto innvandring og flytting samla gav ein vekst på 19 personar.

Folkeveksten har vore positiv i seks av dei siste åtte åra. Etter vekst på 25 personar i 2023 og stabilt folketal i 2024, auka folketalet med 4 personar i 2025. I 2026 er veksten førebels på heile 26 personar, den sterkaste årlege veksten sidan 2023. Den sterke veksten i 2026 skuldast både eit positivt fødselsoverskot på 7 personar og ein netto innflytting på 19 personar.

Frå 1. januar 2026 til utgangen av 2. kvartal auka folketalet frå 1 209 til 1 235 innbyggarar. Dette er ein vekst på 26 personar, tilsvarande om lag 2,2 % på eit halvt år. Samstundes vart det fødd 16 barn og berre registrert 9 dødsfall, noko som gav det høgaste fødselsoverskotet i perioden.

* **Nettoinnflytting** er talet på personar som flyttar inn til kommunen minus talet på personar som flyttar ut. Både innanlandsk flytting og inn- og utvandring er rekna med. Positive verdiar blir kalla nettoinnflytting, medan negative verdiar blir kalla nettoutflytting.

Folketalsutvikling 2016-2026, fordelt på aldersgrupper (pr. 1.januar)

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
0-åringar	7	15	7	8	10	8	13	13	17	6	14
Barnehage (1-5 år)	47	47	57	48	44	49	54	54	63	75	66
Grunnskule (6-15 år)	149	151	146	130	129	117	112	115	108	104	101
Vidaregåande (16-19 år)	78	71	67	57	53	56	52	59	61	58	59
Vaksne (20–66 år)	755	746	724	685	689	692	679	674	671	683	679
Eldre (67–79 år)	141	153	167	168	173	185	199	200	215	203	218
Eldre (80–89 år)	44	44	42	44	50	48	48	55	61	69	66
Eldre (90	21	19	15	16	16	14	12	10	9	7	6

Total	**1 242**	**1 246**	**1 225**	**1 156**	**1 164**	**1 169**	**1 169**	**1 180**	**1 205**	**1 205**	**1 209**

Av tabellen ovanfor ser ein at utviklinga for fleire aldersgrupper peikar seg særleg ut i perioden 2016–2026. Her har me valt å trekkje fram følgjande utvikling:

- **0-åringar (fødde):** Etter fleire år med stabile og relativt høge fødselstal med 13 fødde i både 2022 og 2023 og 17 fødde i 2024, fall talet til 6 fødde i 2025. I 2026 auka talet igjen til 14 fødde, noko som er eit positivt signal etter den markante nedgangen året før.
- **Barnehage (1–5 år):** Talet på barn i barnehagealder har auka frå 47 i 2016 til 66 i 2026. Perioden toppa seg med 75 barn i 2025, og aldersgruppa ligg framleis vesentleg høgare enn ved starten av perioden.
- **Grunnskule (6–15 år):** Talet på barn i grunnskulealder har gått ned frå 149 i 2016 til 101 i 2026. Dette er ein reduksjon på 48 personar, tilsvarande om lag 32 %, og er den mest markante nedgangen blant dei yngre aldersgruppene.
- **Vaksne (20–66 år):** Talet på vaksne har gått ned frå 755 i 2016 til 679 i 2026. Dette utgjer ein reduksjon på 76 personar, eller om lag 10 %, sjølv om gruppa har vore relativt stabil dei siste åra.
- **Eldre (67–79 år):** Talet på personar i aldersgruppa 67–79 år har auka frå 141 i 2016 til 218 i 2026. Dette er ein vekst på 77 personar, eller om lag 55 %, og illustrerer ei tydeleg aldring av befolkninga.
- **Eldre (80 år og eldre):** Gruppa over 80 år har samla auka frå 65 personar i 2016 til 72 personar i 2026. Særleg aldersgruppa 80–89 år har vakse betydeleg, frå 44 til 66 personar i perioden.

Samla sett viser utviklinga at Valle kommune dei siste ti åra har fått ei eldre befolkning. Samstundes har talet på barn i grunnskulealder blitt gradvis lågare. Dei siste åra har det vore positive signal gjennom auka folketal og fleire fødslar enn venta, men den langsiktige utviklinga peikar framleis mot ein høgare del eldre og færre innbyggarar i dei yngre aldersgruppene.

Folketalsutvikling per kommunekrins/grunnkrins 2017 - 2026

Kommunedel	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Valle	1 250	1 226	1 152	1 165	1 169	1 168	1 177	1 204	1 206	1 223
Treungen	81	83	71	72	68	64	62	64	63	68
Rysstad	229	233	226	234	235	246	252	246	243	243
Haugen	86	85	83	83	85	91	90	93	95	93
Brokke - Haugeland - Berg	75	76	74	76	74	72	78	80	86	86
Nomeland - Uppstad	58	52	52	49	50	57	58	61	60	65
Åmli	94	84	75	81	81	86	74	86	82	82
Vallebø	373	372	338	344	343	327	322	332	334	336
Homme - Tveitebø	138	132	125	118	124	123	132	129	130	128
Oveinang	110	103	102	102	100	96	100	104	104	110
Ljosådalen	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Nutevatn - Bottsvatn	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Kolsvatn - Kværevatn	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Evardalen - Bjørnevassheii	3	6	6	6	9	6	9	9	9	12

Søtebekkheii - Heddesdalen	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Øyuvsvatn - Sandvatn	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Buheii - Okstjørnheii	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Valevatn - Timmerviksvatn	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Gjuvvassheii	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Torvikheii - Løyningsheii	3	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Uoppgitt delområde	0	0	0	0	0	0	0	0	3	0
Uoppgitt grunnkrets	0	0	0	0	0	0	0	0	3	0

Treungen, Rysstad, Haugen, Brokke-Haugeland-Berg og Nomeland-Uppstad hadde i 2017 til saman 529 innbyggjarar. I 2026 var innbyggjartalet 555, noko som svarar til ein auke på 26 personar i perioden. Størst vekst har det vore i kommunedelane **Rysstad**, **Brokke-Haugeland-Berg** og **Nomeland-Uppstad**, som alle har hatt ein auke på 10 respektive 11 og 7 personar sidan 2017. Over tid har det vore størst endringar i **Treungen** og **Rysstad**. Treungen hadde ein nedgang frå 81 innbyggjarar i 2017 til 68 innbyggjarar i 2026, medan Rysstad i same periode auka frå 229 til 243 innbyggjarar.

I 2017 hadde Åmli, Vallebø, Homme-Tveitebø og Oveinang til saman 715 innbyggjarar. I 2026 var dette talet 656, noko som svarar til ein nedgang på 59 personar, eller om lag 8 prosent. Utviklinga varierer mellom grendene. Åmli har hatt den største prosentvise nedgangen, frå 94 til 82 innbyggjarar, medan Oveinang har hatt eit stabilt innbyggjartal og ved utgangen av 2026 hadde same innbyggjartal som i 2017. Over tid er det likevel **Vallebø** som har hatt den største nedgangen i absolutte tal. Folketalet er der redusert frå 373 til 336 innbyggjarar, ein nedgang på 37 personar eller om lag 10 prosent i perioden 2017–2026.

Samla sett viser utviklinga at folketalsveksten dei siste åra i størst grad har kome i kommunedelane kring **Rysstad, Brokke-Haugeland-Berg og Nomeland-Uppstad**, medan særleg **Vallebø**, men også **Åmli** og **Homme-Tveitebø**, har hatt ein nedgang i innbyggjartalet gjennom perioden. Dette mønsteret er i hovudsak det same som tidlegare år, men med noko sterkare vekst i dei nordlege delane av kommunen dei siste åra.

9. Folketalsprognose

Folketal – aldersgrupper

Tabellen/prognosa viser folketal per år inndelt etter aldersgrupper - 25 år fram i tid

	2026	2031	2036	2041	2046	2051
0 - åringer	14	12	12	12	12	12
Barnehage (1-5 år)	66	61	67	65	62	61
Grunnskole (6-15 år)	101	119	124	131	133	130
Videregående (16-19 år)	59	35	48	51	49	52
Voksne (20-66 år)	679	681	653	635	638	627

Eldre (67-79 år)	218	185	182	184	186	192
Eldre (80-89 år)	66	92	108	107	95	93
Eldre (90 år og eldre)	6	12	17	29	34	35
Total	1 209	1 197	1 211	1 214	1 209	1 202

Med bakgrunn i den positive folketalsutviklinga dei siste åra, der folketalet har auka frå 1 156 innbyggjarar i 2018 til 1 235 innbyggjarar ved utgangen av 2026, er det lagt til grunn ei prognose som byggjer på føresetnader om vidare moderat vekst og relativt stabil nettoflytting. Prognosa søkjer å sjå 25 år fram i tid.

Prognosa syner at folketalet i Valle kommune vil halde seg relativt stabilt gjennom heile planperioden. Frå 1 209 innbyggjarar i 2026 varierer folketalet mellom 1 197 og 1 214 innbyggjarar fram mot 2051. Ved utgangen av prognoseperioden er folketalet estimert til 1 202 innbyggjarar, noko som berre er 7 innbyggjarar lågare enn i 2026. Prognosa peikar dermed ikkje mot nokon vesentleg nedgang i det samla folketalet, men heller ei utvikling med små variasjonar over tid.

Sjølv om det samla folketalet er relativt stabilt, vil alderssamansetjinga endre seg betydeleg. Prognosa syner særleg vekst i dei eldste aldersgruppene. Aldersgruppa 80-89 år er venta å auke frå 66 personar i 2026 til 108 personar i 2036. Deretter vil talet gradvis gå noko ned att, men gruppa vil framleis vere vesentleg større enn i dag.

For aldersgruppa 90 år og eldre er veksten endå sterkare. Frå berre 6 personar i 2026 er gruppa venta å auke til 35 personar i 2051. Dette inneber at talet på innbyggjarar over 90 år vert nær seksdobla i løpet av prognoseperioden.

Den store eldrebølgja vil etter denne prognosa slå inn frå byrjinga av 2030-talet og vare gjennom resten av planperioden. I 2026 er det til saman 72 innbyggjarar som er 80 år eller eldre. I 2031 er talet venta å vere 104 personar, i 2036 125 personar og i 2041 136 personar. Mot slutten av perioden stabiliserer talet seg på om lag 128 personar. Samanlikna med dagens nivå inneber dette ein auke på nærare 80 prosent.

For aldersgruppa 1-5 år syner prognosa ein relativt stabil utvikling, med mellom 61 og 67 barn gjennom heile perioden. Også gruppa 6-15 år utviklar seg positivt. Talet på barn i grunnskulealder er venta å auke frå 101 i 2026 til 130 i 2051, noko som er ein vekst på om lag 29 prosent.

Aldersgruppa 20-66 år er venta å bli noko mindre i perioden. Talet på personar i yrkesaktiv alder går frå 679 i 2026 til 627 i 2051, ein reduksjon på 52 personar. Dette kan medføre utfordringar knytt til tilgang på arbeidskraft og rekruttering til kommunale tenester.

Samla sett syner prognosa at Valle kommune kan halde oppe eit stabilt folketal dei komande 25 åra. Den største utfordringa ligg ikkje i utviklinga i det samla innbyggjartalet, men i at ein stadig større del av befolkninga vil vere i dei eldste aldersgruppene. Dette vil kunne påverke behovet for helse- og omsorgstenester i vesentleg grad i åra framover

Befolkningssamansetjing - aldersbereevne i 2026, 2040 og 2050


Folketalspyramiden under samanliknar befolkninga si alderssamansetjing i 2026 med berekna alderssamansetjing i 2040. Pyramiden illustrerer at Valle kommune er venta å få ein større del eldre innbyggjarar i åra framover, samstundes som delen av befolkninga i yrkesaktiv alder blir noko

redusert. Utviklinga heng saman med at dei store årskulla som i dag er i 50- og 60-åra gradvis vil gå over i pensjonistane sine rekker, medan folketalet i dei yngre aldersgruppene ikkje aukar tilsvarande.

I 2026 er 24,0 prosent av innbyggjarane 67 år eller eldre. Framskrivingane viser at denne delen er venta å auke til 26,5 prosent i 2040. Samstundes er delen av befolkninga i yrkesaktiv alder (20–66 år) venta å gå ned frå 56,2 prosent i 2026 til 52,3 prosent i 2040. Delen barn og unge (0–19 år) er estimert til å auke svakt frå 19,9 prosent til 21,2 prosent i same periode.

Denne utviklinga påverkar aldersbereevna, som er forholdstalet mellom talet på personar i yrkesaktiv alder (20–66 år) og talet på personar over 67 år. I 2026 er aldersbereevna berekna til 2,3. Framskrivingane viser at denne vil falle til 2,0 i 2040, og halde seg rundt 2,0 fram mot 2050.

Fleire eldre innbyggjarar vil over tid gi auka behov for helse- og omsorgstenester. Samstundes vil ein mindre del av befolkninga vere i yrkesaktiv alder. Dette kan leggje press på både rekruttering av arbeidskraft og dei kommunale driftsbudsjetta i åra som kjem. Prognosane peikar difor på at den viktigaste demografiske utfordringa for Valle kommune ikkje nødvendigvis er utviklinga i det totale folketalet, men endringane i alderssamansetjinga.



- Folketalspyramiden er delt inn i tre hovudgrupper: **0-19 år, 20-66 år og 67 år og eldre**.
- Framskrivingane for 2040 viser at samansetjinga av befolkninga vil endre seg, sjølv om det totale folketalet er venta å halde seg relativt stabilt. Delen innbyggjarar som er **67 år eller eldre** er venta å auke frå **24,0 prosent i 2026 til 26,5 prosent i 2040**, medan delen i yrkesaktiv alder (**20-66 år**) er venta å gå ned frå **56,2 prosent til 52,3 prosent** i same periode.
- Dersom sysselsettingsgrada held fram på om lag same nivå som i dag, vil den reelle bereevna kunne bli lågare enn det aldersbereevna åleine viser. Dette kjem av at det ikkje er alle personar i aldersgruppa 20-66 år som deltek i arbeidslivet.
- Aldersbereevna er av stor betydning for kommunen si framtidige økonomiske bereevne og for kapasiteten innan velferds-, helse- og omsorgstenestene. Framskrivingane viser at aldersbereevna er venta å falle frå **2,3 i 2026 til 2,0 i 2040**, og halde seg på om lag same nivå

fram mot 2050. Dette inneber at kvar innbyggjar over 67 år i framtida vil bli understøtta av færre personar i yrkesaktiv alder enn i dag, noko som kan gi auka press på både arbeidskraft og kommunale tenester.

10. Gebyrliste

Administrativ styring og fellesutgifter

Barnehagar, foreldrebetaling

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Brukarbetaling	0	700	700	0%	100% plass. Gjeld frå 1.8.2027
Brukarbetaling	0	560	560	0%	80% plass. Gjeld frå 1.8.2027
Brukarbetaling	0	420	420	0%	60% plass. Gjeld frå 1.8.2027
Gjestebarn	700	700	0	0%	100 % plass
Gjestebarn	560	560	0	0%	80 % plass
Gjestebarn	420	420	0	0%	60 % plass
Henting av barn etter stengetid	360	370	10	3%	
Kostpengar - barnehage	541	568	27	5%	
Kostpengar - barnehage	431	453	22	5%	
Kostpengar - barnehage	326	342	16	5%	
Lokal moderasjonsordning					50 % syskenmoderasjon frå og med barn nummer 2. Ikkje moderasjon på matpengar.
Opphald barnehage	Gratis	Gratis			Det vart frå 1.8.2024 innført gratis barnehage. Brukarbetaling frå 1.8.2027.
Opphald utover fast plass	165	165	0	0%	Gjeld frå 1.8

Lokal moderasjonsordning

Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetaling og gratis kjernetid blir praktisert. Sjå heimesida for meir informasjon

Familiebading/vaksenbading/badstove

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Enkeltbillett, under 16 år	20	20	0	0%	
Enkeltbillett, Ungdom, vgs.-alder	30	30	0	0%	Gjeld frå. 1.8.
Enkeltbillett, vaksen	45	45	0	0%	Gjeld frå. 1.8.
Årskort, familie	Gratis	Gratis			Gratis for familiar.
Årskort, under 16 år	300	300	0	0%	Gjeld fom. 1.8.
Årskort, ungdom - vgs.-alder	400	400	0	0%	Gjeld frå. 1.8.
Årskort, vaksen	700	700	0	0%	Gjeld frå. 1.8.

Enkeltbillett, Ungdom, vgs.-alder

Prisane fylgjer skuleåret.

Enkeltbillett, vaksen

Prisane fylgjer skuleåret.

Årskort, familie

Gratis tilbod sidan 010123

Årskort, ungdom - vgs.-alder

Prisane fylgjer skuleåret

Årskort, vaksen

Prisane fylgjer skuleåret

Gebyr for sal, skjenking, kunnskapsprøver/alkohollova samt avgift for salsstad av tobakksvarer

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Alminneleg skjenkebevilling: Del av året - opp til 3 mnd	60 % av min.gebyr	60 % av min.gebyr			Omsetjingsoppgåve kjem i tillegg
Avgift etter § 33 Forskrift om registrerings- og bevillingsordning for tobakksvarer mv					Årleg avgift for salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogater. Avgifta blir årleg justert av sentrale myndigheiter. https://lovdata.no/forskrift/2017-09-21-1446/§33
Bevillingsgebyr/omsetjingsgebyr: Salg					Satsane fylgjer av § 6-2 i Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv, og vil årleg bli endra i takt med lovverket. https://lovdata.no/forskrift/2005-06-08-538/§6-2
Bevillingsgebyr/omsetjingsgebyr: Skjenking					Satsane fylgjer av § 6-2 i Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv, og vil årleg bli endra i takt med lovverket. https://lovdata.no/forskrift/2005-06-08-538/§6-2
Enkelt bestemt anledning					Kommunen utsteder faktura. Gebyret skal betalast sjølv om arrangementet blir avlyst. Bevillingshavar sender omsetningsoppgåve til kommunen seinest 14 dager etter

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
					arrangementet. Omsetjingsoppgåve skal
Enkelt bestemt anledning : Inntil 3 døgn samanhengande: Frå 100-199 gjester	75 % av min.gebyr	75 % av min.gebyr			Omsetjinngsoppgåve kjem i tillegg
Enkelt bestemt anledning : Inntil 3 døgn samanhengande: Frå 50-99 gjester gjester	50 % av min.gebyr	50 % av min.gebyr			Omsetjingsoppgåve kjem i tillegg
Enkelt bestemt anledning : Inntil 3 døgn samanhengande: Over 200 gjester	100 % av min.gebyr	100 % av min.gebyr			Omsetjingsoppgåve kjem i tillegg
Enkelt bestemt anledning : Inntil 3 døgn samanhengande: Under 50 gjester	25 % av min.gebyr	25 % av min.gebyr			Omsetjingsoppgåve kjem i tillegg
Frist for innsending av omsetjingsoppgåve					Bevillingsmyndigheita fastset fristar for bevillingshavar si innsending av oppgåve over forventa omsett mengde alkoholhaldig drikk og innbetaling av gebyr. Det skal nyttast eige skjema, «Omsetjingsopp
Kunnskapsprøver/alkohollova - sal, skjenking og skjenkekontrollør samt Etablererprøve/severingsloven					Satsane for kunnskapsprøver blir årleg justert av sentrale myndigheiter. https://lovdata.no/forskrift/2005-06-08-538/§5-6

Husleige

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Interkommunalt samarbeid, gjeld frå 1.1.	850	850	0	0%	Husleige kommunehus og helsesenter blir forhandla fram i kvart enkelt kontrakt. Det er vedtatt prinsipp for tenesteavtalar ved interkommunale samarbeid. Husleigelova regulerer auke i husleigesatsar og

Kopiering

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
A3 farge	7	7	0	0%	per side
- Personalsjef har ikkje noko fagmiljø på arbeidsstaden. Arbeidsgjevarnettverket i Agder og HR-nettverket i Setesdal vert det nærmaste fagmiljøet. Kommunane tolkar ikkje alltid avtaleverket likt, og har dermed ikkje alltid lik praksis, verken i Setesdal eller elles, slik at det kan vere ein utfordring å sikre ein praksis som er i tråd med gjeldande avtaleverk. Personal manglar ein digital plattform for oppdatert informasjon når det gjeld lovar (med forarbeid og dommar), forskrifter og avtaleverk.
- Valle kommune har pr. i dag ingen opplæringsplattform for tilsette. Alle kurs må dermed tingast frå eksterne aktørar eller verte lagd for kvar gong. Sidan me som arbeidsgjevar er pålagt ein del krusing og opplæring av tilsette, og at me i planverket vårt seier at me skal vere ein lærande og utviklingsorientert organisasjon er dette heilt klart ei utfordring.
- Fleire leiarar har ikkje leiarutdanning eller erfaring frå tidlegare leiarjobbar. Det er behov for kursing/utdanning innan personalleiing.

Flyktningtenesta

- Vidareføre gode resultat med integrering og overgang til arbeid og utdanning.
- Førebyggje utanforskap og auka behov for økonomisk sosialhjelp.
- Tilpasse tenesta til varierande busetting og endringar i statlege rammevilkår.
- Sikre god tverrfagleg samhandling og tilgang på bustader, arbeid og kvalifisering.

Strategi for å møte utfordringane

- ha kompetente og dyktige leiarar med handlekraft og initiativ, og med heilskapleg leiing i form av god balanse mellom rollene som administratorar, motivatorar, ekspertar og utviklarar. Leiarar skal leggje til rette for medverknad på arbeidsplassane og drive einingane i økonomisk balanse
- skape ein utviklingsorientert organisasjon der digitalisering og gevinstrealisering er vektlagt
- brukarmedverknad
- samarbeid med andre kommunar
- oppfølging av risiko og skadefareanalyse ROS Setesdal, som vart vedteken i 2025
- vere ein lærande organisasjon som legg til rette for fleksibilitet i arbeidsmåtar og organisasjonsformer, med kompetanseutvikling og -deling gjennom læring i det daglege arbeidet
- arbeide for å ha eit lågt sjukefråvær gjennom aktive tiltak som førebygger sjukefråvær og tiltak for rask tilbakeføring ved sjukdom
- arbeide for heiltidskultur

Overordna mål

- Valle kommune skal vere ein framtidsretta samfunnsutvikler.
- Valle kommune skal vere ein serviceorientert tenestetytar med brukarane i fokus.
- Valle kommune skal vere eit truverdig forvaltningsorgan.

Delmål og tiltak

Indikator	MÅL 2026	Sannsynleg resultat 2026	MÅL 2027	Tiltak
Norsk kommunebarometer	150	59	50	1,
Agenda Kaupang, kommuneindeks	150	283	150	1,
Folketalsutvikling	1230	1235	1250	
Alder kommuneplan samfunnsdel	0 år	0 år	1 år	6
Alder kommuneplan arealdel	10 år	11 år	11 år	6
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	25	24	25	2
Lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	75	78,5	75	2

Driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5	1	5	2
Sjukefråvær (målt i prosent)	6,5	6	5,5	4
Heiltid (gjennomsnitt, målt prosent)	83 og 78		83 og 78	3
Lærlingar	5	6	6	5

Tiltak:

1. Vidareføre fokus på verksemdsstyring i organisasjonen, inkludert internkontroll og avvikshandtering. Del av kommunedirektøren sine oppfølgingssamtalar og fast post på leiarmøta minst ein gong i månaden.
2. Styrkje økonomistyringa gjennom tettare samarbeid med leiarane, jamleg økonomioppfølging og betre bruk av Framsikt som styringsverktøy.
3. Vurdere moglegheita for heile stillingar i samband med alle utlysingar og auke stillingsprosenten til tilsette der det er mogleg.
4. Oppfølging av arbeidet med fleire tiltak i organisasjonen for å få ned sjukefråværet. Involvering av leiarar, verneombod og tillitsvalde. Felles samling minst ein gong i året.
5. Få fleire tilsette utan fagbrev inn i ordninga "Fagbrev på jobb". Talet her gjeld både nye og noverande lærlingar/fagbrev på jobb.
6. Kommuneplanarbeid - samfunnsdelen fyrst - deretter arealdelen. Oppfølging av vedteken planstrategi.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	17 189	18 391	14 916	19 079	16 933	16 618	16 618
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	5 420	5 791	5 909	5 183	6 023	5 773	5 273
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	753	20	20	56	56	56	56
Overføringsutgifter	6 311	6 412	6 412	6 063	6 063	6 063	6 063
Finansutgifter	294	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**29 966**	**30 613**	**27 257**	**30 381**	**29 076**	**28 511**	**28 011**
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-890	-800	-800	-640	-640	-640	-640
Refusjoner	-2 588	-395	-395	-416	-416	-416	-416
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-269	-5	-5	-5	-5	-5	-5
Sum Driftsinntekter	**-3 748**	**-1 200**	**-1 200**	**-1 061**	**-1 061**	**-1 061**	**-1 061**
Sum	**26 218**	**29 413**	**26 057**	**29 320**	**28 015**	**27 450**	**26 950**

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Administrasjon	15 148	16 853	17 401	15 321	14 416	14 101	13 601
Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	97	100	100	200	200	200	200
Administrasjonslokaler	-180	-178	-178	-200	-200	-200	-200
Diverse fellesutgifter	1 222	3 799	-134	3 752	3 752	3 752	3 752
Barnehage	84	0	0	429	429	429	429
Grunnskole	61	-100	-100	579	579	329	329
Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	1 378	894	923	899	899	899	899
Kommunalt disponerte boliger	78	390	390	390	390	390	390
Introduksjonsordningen	1 711	2 226	2 226	1 991	1 591	1 591	1 591
Ytelse til livsopphold	766	260	260	400	400	400	400
Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	1 250	850	850	1 200	1 200	1 200	1 200
Konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for videresalg	309	320	320	320	320	320	320
Naturforvaltning og friluftsliv	0	52	52	52	52	52	52
Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg	0	60	60	60	60	60	60
Den norske kirke	3 412	3 328	3 328	3 368	3 368	3 368	3 368
Gravplasser og krematorier	593	564	564	564	564	564	564
Renter/utbytte og lån (innlån og utlån)	-73	-5	-5	-5	-5	-5	-5
Sum	**26 218**	**29 413**	**26 057**	**29 320**	**28 015**	**27 450**	**26 950**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**Avdeling**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett		**26 716**	**25 920**	**25 605**	**25 605**
Sum Vedtak forrige periode		**2 549**	**1 099**	**1 099**	**1 099**
Sum Lønns- og prisvekst		**31**	**31**	**31**	**31**
Konsekvensjustert budsjett		**2 581**	**1 131**	**1 131**	**1 131**
Konsekvensjustert ramme		**29 297**	**27 051**	**26 736**	**26 736**
Driftskonsekvens					
Redusert leasingkostnader	Sentraladministrasjon og politisk styring	-160	-192	-192	-192
Redusert leasingkostnader	Sentraladministrasjon og politisk styring	-38	-66	-66	-66
Sum Driftskonsekvens		**-198**	**-258**	**-258**	**-258**
Innsparingstiltak					
Nedregulering tilskotsramme varmepumpe og vedomn	Sentraladministrasjon og politisk styring	-150	-150	-150	-150
Sum Innsparingstiltak		**-150**	**-150**	**-150**	**-150**
Nye tiltak					
Gevinstrealisering og effektivisering	Sentraladministrasjon og politisk styring	0	500	500	0
Kompetansetiltak - leiing av oppvekstsektoren	Sentraladministrasjon og politisk styring	250	250	0	0
Rekrutteringsprosjektet - fase 2	Sentraladministrasjon og politisk styring	0	500	500	500
Sum Nye tiltak		**250**	**1 250**	**1 000**	**500**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**-98**	**842**	**592**	**92**
Ramme 2027-2030		**29 198**	**27 893**	**27 328**	**26 828**

Innsparingstiltak

Nedregulering tilskotsramme varmepumpe og vedomn

Etter ei vurdering av behovet legg ein inn ein reduksjon av tilskotsramma på varmepumpa og vedomn.

Nye tiltak

Gevinstrealisering og effektivisering

Valle kommune vil styrkje arbeidet med gevinstrealisering, systematisk effektivisering og kontinuerleg forbetring. Innføring av LEAN-metodikk kan bidra til å forenkle arbeidsprosessar, redusere unødvendig ressursbruk og frigjere kapasitet til kommunen sine kjerneoppgåver. Dette skal skje gjennom gjennomgang av oppgåver og arbeidsprosessar, standardisering, samarbeid og trygg bruk av teknologi. Nye tiltak skal som hovudregel anten erstatte eksisterande oppgåver, bidra til forenkling eller ha dokumentert finansiering og gevinst. Arbeidet er ein viktig del av målet om ein berekraftig kommune. Det er behov for dedikerte ressursar til oppfølginga, anten med innleige av ekstern kompetanse eller mellombels tilsetjing i prosjektstilling.

Kompetansetiltak - leiing av oppvekstsektoren

Heilskapleg leiing av oppvekst er eit felles utviklingsarbeid mellom Valle og Bygland, i samarbeid med KS Konsulent og Oppfølgingsordninga. Arbeidet skal styrkje leiing, samordning og felles praksis mellom skule, barnehage og støttetenestene, slik at barn og familiar får ei meir heilskapleg og førebyggjande oppfølging. I 2027 blir det arbeidd vidare med rettleiing av leiarar, kompetanse og dialog i støttetenestene og implementering av felles arbeidsmåtar. Budsjettbehovet gjeld eigenandel etter bruk av OU-midlar.

Rekrutteringsprosjektet - fase 2

Rekrutteringsprosjektet saman med Bykle kommune har pågått i fleire år. Det er utarbeidd eit grundig kunnskapsgrunnlag, m.a. i form av ei spørjeundersøking gjennomført i samarbeid med Personalhuset. Fase 1 i prosjektet vart handsama av kommunestyret hausten 2025. I 2026 er det utarbeidd ein handlingsplan for neste fase og denne vert lagt fram til politisk handsaming i november. Prosjektgjennomføring er avhengig av ekstern finansiering og det vert lagt opp til å nytte 2027 til å søkje om midlar.

Teknisk

Ønska investeringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum Økonomiplan
Investeringsprosjekter	2027	2028	2029	2030	2027-30
Kantklyppar	0	700	0	0	700
Sum investeringsprosjekt	0	700	0	0	700

Ønska investeringar

Kantklyppar

I dag blir kantklipping langs kommunale vegar kjøpt som teneste eksternt. Det er avgrensa kapasitet i marknaden, og arbeidet blir derfor ofte utført for seint på året. Ved å investere i eigen kantklippar kan kommunen utføre arbeidet med eigne ressursar, sikre betre kvalitet og gjennomføring til rett tid, og samtidig redusere kostnadene til innkjøpte tenester. Tiltaket vil styrke driftsavdelinga og gi større fleksibilitet i vedlikehaldet av vegnettet.

Teknisk eining

Skildring av verksemd

Teknisk eining har ansvar for forvaltning byggesak, plan og jordbruk og geodata. Eininga har ansvar for drift og vedlikehald av kommunal infrastruktur, bygningsmasse, tekniske og grønne anlegg. Eininga representer kommunen som grunneigar ved kjøp og sal av kommunal eigedom, samt arbeid med utbyggingsavtalar. Eininga har ansvar for gjennomføring og oppfølging av kommunale byggeprosjekt.

Næringsrådgjevar er også ein del av teknisk eining.

Kommunen har felles veterinær med Bykle. Veterinærtenesta ligg under eininga. Det er felles skogbrukssjef for Bygland, Valle og Bykle kommune med kontorstad i Bygland.

Årsverk tilsette

Funksjon	*Stillingar 2026*	*Stillingar 2027*
Leiar	*1,0*	*1*
Forvaltning	*5,2*	*5,2*
Drift	*10,0*	*10*
Reinhald	*8,6*	*8,6*
Næring	*0,5*	*0,5*
Veterinær	*0,5*	*0,7*

Sum	***26,0***	***26,2***

Utfordringar

- Rekruttere nødvendig kompetanse innanfor dei ulike fagfelta
- Tilstrekkeleg vedlikehald av kommunal bygningsmasse
- Take i bruk og realisere gevinstane av nye dataverktøy og robotisering

Strategi for å møte utfordringane

- ha ei kompetent og handlekraftig avdeling som er i forkant av utviklinga med samfunns- og arealplanlegging
- digitalisering
- sikre at sakene er tilstrekkeleg dokumenterte og opplyste
- sikre at dispensasjonsvedtak vert grunngjevne i høve kriterium
- handtere kommunen sine roller som både forureinar og som forureiningsmynde
- det kommunale vegnettet skal tilfredstille krava til trafikksikring, effektiv drift og forvaltning
- vassverka i Valle skal forsyne alle abonnentar med vatn som tilfredsstiller drikkevassforskrifta.
- reinseanlegga skal reinse utslepp på ein tilfredstillande måte, både for anleggseigar og nærmiljøet elles.
- sikre at alle kommunale bygg er i tilfredsstillande stand i høve til gjeldande regelverk.

Overordna mål

- Valle kommune skal vere ein framtidsretta samfunnsutvikler.
- Valle kommune skal vere ein serviceorientert tenestetytar med brukarane i fokus.
- Valle kommune skal vere eit truverdig forvaltningsorgan.

Delmål og tiltak

Indikator	MÅL 2026	Sannsynleg resultat 2026	MÅL 2027	Tiltak
Sakshandsamingstid, byggjesøknader med 12 vekers frist	20 dagar		20 dagar	1
Ferdigstille alle oppdrag innan frist og fastsett kostnadsramme	75%	55%	75%	2, 3
Redusere energiforbruk med 5 % årleg	10%		10%	4
Sikre lokal deltaking i kommunale anbodsutlysingar	30%		30%	5, 6

Tiltak:

1. Etablere sakshandsamingsrutinar med konkrete fristar i IK-systemet
2. Etablere rutinar for prosjektplanlegging og -gjennomføring
3. Intern kompetanseheving - prosjektleiing

4. Nytt varmeanlegg på kultursenteret
5. Informasjon om komande kommunale prosjekt og anbod på alle frokostmøte med næringslivet
6. Artikkel om komande kommunale prosjekt og anbod på heimesida til kommunen i fyrste halvdel av januar (etter budsjettvedtak)

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	26 022	21 402	22 125	23 007	22 435	22 425	21 325
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	22 988	21 893	26 372	22 736	26 356	23 606	23 706
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	15 046	17 305	17 305	18 232	18 939	19 381	19 452
Overføringsutgifter	9 480	4 785	5 410	4 028	2 842	2 842	2 842
Finansutgifter	18 223	19	19	19	19	19	19
Sum Driftsutgifter	**91 758**	**65 405**	**71 231**	**68 022**	**70 591**	**68 273**	**67 344**
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-18 825	-19 506	-19 506	-20 375	-20 375	-20 375	-20 375
Refusjoner	-13 624	-4 761	-5 511	-5 300	-5 300	-5 300	-5 300
Overføringsinntekter	-471	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-16 143	-350	-450	-369	-303	-303	-303
Sum Driftsinntekter	**-49 063**	**-24 616**	**-25 466**	**-26 045**	**-25 979**	**-25 979**	**-25 979**
Sum	**42 695**	**40 789**	**45 765**	**41 977**	**44 612**	**42 294**	**41 365**

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Administrasjon	151	-329	-233	-282	-854	-864	-864
Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	737	1 114	1 114	1 098	1 098	1 098	1 098
Administrasjonslokaler	3 820	3 665	3 666	4 013	4 913	3 913	3 913
Diverse fellesutgifter	16	-108	-108	-108	-108	-108	-108
Barnehagelokaler og skyss	1 981	1 084	1 699	1 244	1 244	1 244	1 244
Skolelokaler	6 052	3 302	3 541	3 252	3 252	3 252	3 252
Aktiviserings- og servicetjenester til eldre og personer med funksjonsnedsettelser mv	0	2	2	2	2	2	2
Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering	549	499	499	177	177	177	177
Institusjonslokaler	2 141	1 164	1 190	1 211	1 211	1 211	1 211
Kommunalt disponerte boliger	1 147	811	841	2 074	2 074	2 074	2 074
Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	3 001	2 174	2 174	1 174	1 174	1 174	1 174
Interkommunale samarbeid	0	0	0	37	37	37	37
Plansaksbehandling	1 268	1 132	2 057	2 272	2 272	2 272	1 172
Byggesaksbehandling og eier seksjonering	1 252	1 676	3 525	1 111	1 111	1 111	1 111
Kart og oppmåling	1 637	1 388	1 388	1 292	1 292	1 292	1 292
Boligbygging og fysiske bomiljøtiltak	572	46	46	46	46	46	46
Tilrettelegging og bistand for næringslivet	4 073	3 147	3 164	3 793	2 479	2 479	2 479
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	2 646	2 777	2 777	2 184	2 184	2 184	2 184
Kommunale veier	4 777	4 938	4 949	5 170	7 770	6 670	6 770
Rekreasjon i tettsted	1 931	1 562	2 122	1 387	1 387	1 387	1 387

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Forebygging av branner og andre ulykker	267	-46	-46	-26	-26	-26	-26
Beredskap mot branner og andre ulykker	4 978	4 808	4 808	5 347	5 707	5 837	5 908
Produksjon av vann	2 165	1 222	1 254	1 431	2 081	1 431	1 431
Distribusjon av vann	-1 166	-1 744	-1 712	-1 870	-1 870	-1 870	-1 870
Avløpsrensing	3 357	1 460	1 460	1 682	1 682	1 682	1 682
Avløpsnett og innsamling av avløpsvann	-268	-333	-333	-850	-950	-950	-950
Tømming av slamavskillere, septiktanker o.l.	124	-24	-24	88	88	88	88
Innsamling , gjenvinning og sluttbehandling av husholdningsavfall	-65	-349	-349	-260	381	693	693
Naturforvaltning og friluftsliv	2 054	818	1 348	1 353	823	823	823
Bibliotek	843	396	396	78	78	78	78
Idrett og tilskudd til andres idrettssanlegg	198	150	150	150	150	150	150
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	5 500	2 356	2 356	2 376	2 376	2 376	2 376
Kommunale kulturbygg	2 358	2 001	2 016	1 332	1 332	1 332	1 332
Gravplasser og krematorier	65	29	29	0	0	0	0
Sum	**42 695**	**40 789**	**45 765**	**41 977**	**44 612**	**42 294**	**41 365**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**Avdeling**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett		**40 863**	**38 626**	**38 876**	**38 876**
Sum Vedtak forrige periode		**442**	**964**	**1 146**	**1 217**
Sum Lønns- og prisvekst		**778**	**778**	**778**	**778**
Konsekvensjustert budsjett		**1 220**	**1 742**	**1 924**	**1 995**
Konsekvensjustert ramme		**42 083**	**40 368**	**40 800**	**40 871**
Driftskonsekvens					
Auka driftskostnadar i samband med drift av vatningsanlegg kyrkjegardane	Teknisk	50	50	50	50
Auka utgifter grunna krav til brannforebygging	Teknisk	0	100	100	100
Reduserte straumutgifter ved felles varmesentral	Teknisk	-528	-528	-528	-528
Sum Driftskonsekvens		**-478**	**-378**	**-378**	**-378**
Nye tiltak					
Beising av kommunehus	Teknisk	0	1 000	0	0
Grøfting og reasfaltering Øvre Besteland	Teknisk	0	250	0	0
HMS	Teknisk	100	0	0	0
Justering sjølvkost	Teknisk	-1 028	-1 028	-1 028	-1 028
Meir rydding av skog langs kommunale vegar	Teknisk	0	200	200	0
Nye autovern kommunale vegar	Teknisk	0	600	0	0
Nytt styreskap til UV anlegg Valle vassverk	Teknisk	0	150	0	0
Oppgradering av løfteinnretningar VA anlegg - HMS	Teknisk	100	0	0	0
Prosjektstilling planarbeid	Teknisk	1 100	1 100	1 100	0
Reasfaltering Brokke grendefelt	Teknisk	0	0	1 500	0
Reasfaltering Bøvegen	Teknisk	0	0	0	1 800
Rehabilitering av bruer	Teknisk	0	250	0	0
Rehabilitering av inntaksbasseng Valle vassverk	Teknisk	0	500	0	0
Renovering av VA kummar	Teknisk	100	100	100	100
Utviding og asfaltering Nomelandsmone bustadfelt	Teknisk	0	1 500	0	0
Sum Nye tiltak		**372**	**4 622**	**1 872**	**872**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**-106**	**4 244**	**1 494**	**494**

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Avdeling	2027	2028	2029	2030
Ramme 2027-2030		**41 977**	**44 612**	**42 294**	**41 365**

Driftskonsekvens

Auka utgifter grunna krav til brannforebygging

Med bakgrunn i krav om Særskilt brannobjekt §13 bygg, vil det komme ekstarkostnader til årlig kontroll av brannvarslingsanlegg, nødljoskontroll, årleg kontroll av sløkkjeutstyr, ventilasjonsanlegg, varmepumper og direktevarsling til 110.

Nye tiltak

Beising av kommunehus

Utvendig måling av kommunehuset har vore planlagt som ein del av det løpande vedlikehaldet av kommunale bygg sidan 2022. Tiltaket har blitt utsett som følgje av høge kostnader og behov for å prioritere andre nødvendige vedlikehaldstiltak, mellom anna oppgradering av omsorgsbustader og utvendig måling av andre kommunale bygg.

Det er no behov for å gjennomføre utvendig måling av kommunehuset. Tiltaket er viktig for å ta vare på bygningsmassen, førebyggje vidare slitasje og redusere behovet for meir omfattande og kostbart vedlikehald seinare. Det vert difor lagt opp til at tiltaket vert gjennomført i 2027.

Grøfting og reasfaltering Øvre Besteland

Frå vedlikehladsplan for kommunale vegar 2027-2036:

Grøfting og reasfaltering Øvre Besteland i 2027. Kostnadsestimat kr 250 000.

HMS

Det er behov for å gjennomføre nødvendige kurs og opplæring for tilsette, mellom anna innan bruk av lift, varme arbeid, arbeid i høgda og arbeid på veg. I tillegg er det behov for innkjøp og oppgradering av nødvendig sikringsutstyr. Tiltaket skal bidra til at arbeidet vert utført på ein trygg og forsvarleg måte, og i samsvar med gjeldande krav til helse, miljø og tryggleik.

Meir rydding av skog langs kommunale vegar

Det er behov for meir rydding av skog langs kommunale vegar.

Nye autovern kommunale vegar

Det er behov for å etablere om lag **350 meter nytt autovern i Bergsvegen** for å betre trafikksikkerheita langs vegen. Kostnaden er førebels estimert til om lag **1 350 kroner per meter**. I tillegg kjem kostnader knytte til mellom anna montering, tilpassing og eventuelle andre nødvendige arbeid. Endeleg kostnad vil difor avhenge av løysing og omfang.

Nytt styreskap til UV anlegg Valle vassverk

UV-anlegget består av to aggregat med kvart sitt styreskap. Det eine styreskapet vart skifta ut etter havari i 2025. Det andre styreskapet er av same type og har no behov for utskifting for å redusere risikoen for tilsvarande driftsstans.

Tilgangen på reservedelar til eksisterande utstyr er avgrensa, og eit havari kan føre til lengre driftsstans og redusert leveringssikkerheit frå vassverket. Det vert difor tilrådd å skifte ut styreskapet som eit førebyggjande tiltak for å sikre stabil og trygg vassforsyning.

Oppgradering av løfteinnretningar VA anlegg - HMS

Ekstern kontroll av løfteinnretningar og løfteutstyr ved VA-anlegga har avdekt fleire feil og manglar som må utbetrast. Tiltaka er nødvendige for å sikre forsvarleg og trygg bruk av utstyret, og for å ivareta sikkerheita til dei tilsette som betener anlegga.

Det endelege omfanget av utbetringane og tilhøyrande kostnader er førebels ikkje avklart. Kostnadsoverslaget er difor usikkert og må vurderast nærare når nødvendige tiltak er kartlagde.

Prosjektstilling planarbeid

Kommunen står framfor fleire store planprosessar. Arbeidet med kommuneplan, kommunedelplan og Heiplanen vil krevje store ressursar dei neste åra, samstundes som det løpande planarbeidet skal følgjast opp. Kommunen har i dag ein planressurs på 50 prosent i stab. Kapasiteten er avgrensa sett opp mot oppgåvene som ligg føre.

Uavklarte rammer og oppfølging av motsegner og merknader gjer planarbeidet meir ressurskrevjande. Noko av arbeidet vil bli utført av konsulentar, men kommunen må likevel ha kapasitet til å styre prosessane, gjere eigne faglege vurderingar og følgje opp konsulentarbeidet.

Ei treårig prosjektstilling vil styrkje kapasiteten og sikre betre framdrift og kontinuitet i denne perioden. Tilsetjing føreset at kommunen får rekruttert ein person med relevant plankompetanse. Det må òg stillast kontorplass til rådvelde.

Reasfaltering Brokke grendefelt

Frå vedlikehaldsplan for kommunale vegar 2027-2036:

Reasfaltering Brokke grendefelt, **kostnadsestimat 1,32 mill. kr.**

Reasfaltering Bøvegen

Frå vedlikehaldsplan for kommnale vegar 2027-2036:

Reasfaltering resten av Bøvegen, **kostnadsestimat 1,8 mil. kr**

Rehabilitering av bruer

Det er behov for rehabilitering av bruene ved Åstog, Rygnestad og Brottveit. På bakgrunn av gjennomført brukontroll er det avdekt utvasking av massar rundt brukara. Tiltaket omfattar forsterking av brukara med såkalla «såletå» for å sikre konstruksjonane og redusere risikoen for vidare utvasking.

Kostnaden er estimert til om lag **kr 80 000 per bru**, totalt **kr 250 000** for dei tre bruene.

Rehabilitering av inntaksbasseng Valle vassverk

Punkt 6 i Hovedplan for vatn og avløp:

Rehabilitering av inntak Valle vassverk: Det er behov for å oppgradere inntaket i Juvet. Dei gamle filtera held ikkje tett og det lekk igjennom partiklar som skulle ha vore fanga opp i filtera. I tillegg treng sjølve bassengveggane innvendig vedlikehald. Ventilane til dei tre bassenga er modne for utskifting slik at det vil vere mest gunstig å gjennomført eit total-prosjekt på oppgradering av vasshuset i Juvet. Det kan finnast alternativ til denne måte å filtrere vatnet på, det vil ein kome tilbake til i prosjekteringsfase

- Investeringstiltak.
- Kostnadsestimatet vil vere avhengig av kva prosjekteringa kjem fram til.
- **Kostnadsestimat ny duk, ventilar og filter kr 500 000,-**

Renovering av VA kummar

Tiltaket er punkt 7 i Hovudplan for vatn og avløp og omfattar registrering og nødvendig vedlikehald av VA-kummar. Det er behov for å skifte ut armatur i utvalde, kritiske kummar for å sikre at leidningsnettet kan stengjast av ved lekkasjesøk og reparasjonar.

Tiltaket omfattar også drenering av kummar. Dette vil betre tilstanden på tekniske installasjonar og er samtidig eit viktig HMS-tiltak for driftspersonell som utfører arbeid i kummane. I dag er svært få av kummane i Vallebygda drenerte.


Arbeidet er eit **langsiktig driftstiltak som vil gå over fleire år**, og vert gjennomført etter behov og tilstand på den enkelte kummen. Kostnaden vil difor variere, men er førebels estimert til om lag **kr 50 000–100 000 per kum**, avhengig av type kum, teknisk utstyr og omfanget av dreneringsarbeidet.

Utviding og asfaltering Nomelandsmone bustadfelt

Utvide og asfaltere vegen i bustadfeltet Nomelandsmone.

Pleie og omsorg

Skildring av verksemd



Årsverk tilsette

Funksjon	Stillingar 2026	Stillingar 2027
Leiar	1	1
Fagkoordinator	0,8	0,8
Spesialsjukepleiarar	2	2
Sjukepleiar	11	11
Vernepleiar	2	2
Vernepleierstudent	1	1
Ergoterapeut	1	0
Sosionom	1	1

Funksjon	Stillingar 2026	Stillingar 2027
Helsefagarbeider med fagskoleutdanning	2	2
Hjelpepleiar/helsefagarbeidar	15,7	15
Fagarbeidar/omsorgsarbeidar	7,3	7,3
Miljøterapeut/miljøveileder	1,5	1,5
Lærling/Fagbrev på jobb	1	1
Heimehjelp	1,6	1,6
Kontor	0,4	0,4
Reinhald/Vaskeri	1,4	1,4
Assistent	5	6,9
Sum	**55,7**	55,9

Utfordringar

1. Demografiske utfordringar
    - Fleire eldre
2. Mangel på kvalifisert personell
    - Vanskeleg å rekruttere, nasjonal utfordring
    - Kan bli vanskeleg å halde fagleg forsvarleg nivå på tenesta
3. Knappe økonomiske ressursar
    - Kan gå utover kvalitet og utvikling
4. Kvalitet og standard
    - Rekruttering
    - Kompetanse

Strategi for å møte utfordringane

Frå vedteken **heilskapleg plan for pleie og omsorg**:

Strategien for å nå dei overordna måla er implementering av Eldrereforma, med særskild fokus på

- Medverknad frå brukarar og pårørande i tenestene
- Bruk av ny teknologi og tilpassing av bygg for å levere tenester meir effektivt
- Informasjons- og folkehelsearbeid i lag med Helse
- Kompetanseutvikling hjå tilsette i PLO
- Meir strukturert tverrfagleg samarbeid mellom tenestene

I tillegg er strategiane konkretiserte ytterlegare i samband med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan:

1.Rekruttering og opplæring

- Kvalitet på tenesta som rekrutteringsstrategi
- God samhandling med sjukehus og behandling av innbyggjarar i eigen kommune
- Gode lønsvilkår
- Fleksibel turnus
- Fleksibel arbeidsgjevar
- Legge til rette for gode arbeidsforhold slik at ein unngår overbelasta og utbrent personell

2.Teknologi og innovasjon

- Tryggleiksalarm
- Sensorteknologi
- Kameratilsyn
- Sengeteknologi
- GPS
- Medisindispenser
- Elektroniske tavler
- Robotvaskere supplement til heimehjelp

3. Kvalitetsforbetring

- Med i e-helse Agder og utvikle velferdsteknologiplattformen
- Innføring av I trygge hender, pasientsikkerheitsprogram
- Utarbeide rettleiar for tildeling av tenester

4. Førebyggjande tenester og opplysande tenester

- Velferdsteknologi vert vurdert i kvar søknad
- Kvardagsrehabilitering
- Forebyggende heimebesøk
- Informasjon ut på nettsida
- Seniormesse

Overordna mål

Frå vedteken **heilskapleg plan for pleie og omsorg:**

- Gje eit tenestetilbod som innbyggjarane er nøgd med
- Gje brukartilpassa hjelp på rett nivå, til rett tid og med høg kvalitet
- Sikre at medarbeidarane trivast og får utvikle potensialet dei har
- Førebygge behov for PLO-tenester

Delmål og tiltak

Denne rapportmalen gjev ei oversikt over nøkkeltal (KPI-ar) for helse-, omsorgs- og teknologifeltet i Valle kommune. Målet er å sikre god kvalitet, effektiv ressursbruk og høg teknologisk støtte i tenestene.

KPI (indikator)	Mål 2026	Sannsynleg resultat 2026	Mål 2027	Tiltak
Del innbyggjarar 80+ som får heimesjukepleie %	ca 30%	30,5%	30%	5,9
Brukartilfredsheit (skala 1–6)	≥ 4,5	?	≥ 4,5	4
Del av innbyggjarar 80+ som får heimehjelp	25-30 %	25%	25-30 %	5,9
Brukartilfredsheit (skala 1-6)	≥ 4,5	?	≥ 4,5	4
Del av innbyggjarar 80+ på institusjon	15-20%	15 %	15-20%	5
Brukartilfredsheit (skala 1–6)	≥ 4,5	?	≥ 4,5	4
Andel brukarar med risikovudering fall Bygdeheimen	100%	100%	100%	3
Andel brukarar med ernæringsstatus Bygdeheimen	100%	100%	100%	3
Sjukefråvær blant tilsette (%)	≤ 8,0 %	< 8,0 %	≤ 8,0 %	1,6,7,8
Del fagutdanna årsverk (%)	≥ 85 %	> 85 %	≥ 85 %	6
Rom med takheis (%)	50 % i 2026 for å auke åra framover	50%	60%	1
Senger med sensorteknologi (%)	30 % på sjukeavdeling for å auke i åra framover	3	4	1
Senger med vendesystem	20% på sjukeavdeling for å auke i åra framover	20 %	30%	1
Brukarar med sensorar/GPS/kamera (%) (ikkje inst)	auke	1	auke	1

Brukarar med elektronisk medisindispenser (%)	auke	3	auke	1
Koordinator, barnekoordinator Brukartilfredsheit (skala 1-6)	≥ 4,5	?	≥ 4,5	4

Tiltak:

1. Bruke teknologi som supplement i tenesteleveringa for å sikre kvalitet og gode arbeidsforhold
2. Sette inn kvardagsrehabilitering der det er aktuelt før tradisjonell heimeteneste
3. Pasientsikkerheitsprogrammet
4. Brukarundersøkjingar for brukarmedverknad
5. Rett tenestenivå
6. Kompetanseutvikling i organisasjonen
7. Ønsketurnus
8. Oppgåvedeling TØRN
9. Førebyggjande tenester

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	59 335	51 817	52 872	52 560	51 828	51 828	51 828
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	5 577	5 578	5 578	7 632	5 982	5 982	5 982
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	521	490	490	490	490	490	490
Overføringsutgifter	1 409	400	400	400	400	400	400
Finansutgifter	28	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**66 870**	**58 285**	**59 340**	**61 082**	**58 700**	**58 700**	**58 700**
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-4 480	-3 552	-3 552	-4 200	-4 200	-4 200	-4 200
Refusjoner	-11 559	-6 470	-6 470	-5 050	-5 050	-5 050	-5 050
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-326	-100	-100	-0	-0	-0	-0
Sum Driftsinntekter	**-16 365**	**-10 122**	**-10 122**	**-9 250**	**-9 250**	**-9 250**	**-9 250**
Sum	**50 505**	**48 163**	**49 218**	**51 832**	**49 450**	**49 450**	**49 450**

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Aktiviserings- og servicetjenester til eldre og personer med funksjonsnedsettelser mv	2 612	2 568	2 592	1 907	1 907	1 907	1 907
Helse- og omsorgstjenester i institusjon	27 977	26 902	27 455	32 101	29 719	29 719	29 719
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende (UTGÅR F.O.M 2024)	0	0	0	552	552	552	552

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Hjemmetjenester – personellbase knyttet til bofellesskap/samlokaliserte omsorgsboliger (NY F.O.M ...	6 449	5 598	5 786	1 785	1 785	1 785	1 785
Hjemmetjenester – ambulerende virksomhet med mer (NY F.O.M 2024)	11 488	11 206	11 474	13 177	13 177	13 177	13 177
Institusjonslokaler	1 779	1 490	1 512	1 911	1 911	1 911	1 911
Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi	348	400	400	400	400	400	400
Sum	50 505	48 163	49 218	51 832	49 450	49 450	49 450

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Avdeling	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett		**47 863**	**46 981**	**46 981**	**46 981**
Sum Lønns- og prisvekst		**1 099**	**1 099**	**1 099**	**1 099**
Konsekvensjustert budsjett		**1 099**	**1 099**	**1 099**	**1 099**
Konsekvensjustert ramme		**48 962**	**48 080**	**48 080**	**48 080**
Nye tiltak					
Framtidsretta eldreomsorg	Pleie og omsorg	1 500	0	0	0
Redusert refusjon staten	Pleie og omsorg	1 371	1 371	1 371	1 371
Sum Nye tiltak		**2 871**	**1 371**	**1 371**	**1 371**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**2 871**	**1 371**	**1 371**	**1 371**
Ramme 2027-2030		**51 832**	**49 450**	**49 450**	**49 450**

Nye tiltak

Framtidsretta eldreomsorg

Valle kommune står framfor store og langsiktige utfordringar knytte til fleire eldre, tilgang på helsepersonell, berekraftige tenester og behovet for framtidsretta bustader og helse- og omsorgsbygg. Det blir derfor foreslått å setje av 1,5 mill. kroner i 2027 til gjennomføring av prosjektet.

Midlane skal nyttast til å utarbeide eit heilskapleg og etterprøvbart kunnskapsgrunnlag som ser demografi, framtidig tenestebehov, bemanning, økonomi, førebygging, heimetenester, institusjonskapasitet, bustader, eksisterande bygg, lokalisering og samfunnsutvikling i samanheng. Utgreiinga skal belyse fleire alternative utviklingsretningar og vise både investeringsmessige og driftsmessige konsekvensar av dei ulike alternativa. Prosjektet skal ikkje førebu eller førehandsavgjere eit konkret byggeprosjekt, men gi politisk nivå eit reelt handlingsrom før retning og prioriteringar blir vedtekne.

Ei lågare ramme vil krevje ei vesentleg avgrensing av oppdraget og kan føre til at sentrale forhold ikkje blir vurderte samla. Marknadsdialogen viser at den breidda kommunen ønskjer, med analyse av tenester, buformer, bygg, økonomi, medverknad og alternative løysingar, krev ei større ramme enn den opphavlege løyvinga. Ved å setje av 1,5 mill. kroner sikrar kommunen rom for nødvendig tverrfagleg kompetanse, brei involvering og grundige vurderingar. Dette vil gi eit betre grunnlag for

framtidige politiske avgjerder og redusere risikoen for å velje løysingar som ikkje er berekraftige på lang sikt

Redusert refusjon staten

Det er lagt til grunn redusert statleg refusjon for ressurskrevjande tenester. Endringar i tenestebehovet gjev eit lågare refusjonsgrunnlag enn tidlegare, og budsjettert refusjonsinntekt er difor redusert tilsvarande.

Oppvekst

Valle skule

Skildring av verksemd

Valle skule 1-10 trinn grunnskule

Opplæringa i skulen skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gje elevane historisk og kulturell innsikt og forankring jmf. Opplæringslova. Skulen har eit danningsoppdrag og eit utdanningsoppdrag. Desse heng saman og er gjensidig avhengig av kvarandre. Opplæringa skal danne heile mennesket og gje kvar og ein mogelegheit til å utvikle sine evner. Danning skjer når elevane får kunnskap og innsikt om natur og miljø, språk og historie, samfunn og arbeidsliv, kunst og kultur og religion og livssyn. Gjennom praktiske utfordringar og opplevingar i ein skulekvardag utviklar vi danning.

Viktig prinsipp for læring, utvikling og danning er:

- sosial læring og utvikling
- kompetanse i faga
- grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving, munnleg og digitalt
- å lære og lære

Valle skule SFO

Skulefritidsordninga er eit tilbod til barn i 1.- 4. klasse. Tilbodet skal i samarbeid med heimen ta vare på barna sine behov for omsorg og tilsyn og samstundes gje høve til meiningsfull fritid og leik. Barndommen har sin eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, ta vare på barna sine behov for omsorg og tilsyn, samstundes som ein skal gje rike høve for meiningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gje rom for rekreasjon og kvile.

Valle vaksenopplæring

Opplæring særskild retta mot vaksne med sikte på personleg utvikling, kvalifisering til vidare skulegang og/eller til arbeidsliv. Vaksenopplæringa er adskilt frå opplæringa i den ordinære 13-årige grunnskuleopplæringa. Vaksenopplæring omfattar ulike opplæringstilbod og dei viktigaste og mest kjende er:

Grunnskuleopplæring for vaksne: Vaksne som har behov for grunnskuleopplæring har rett til gratis opplæring jmf oppll § 4a-1 Frå 1. august 2024 vart denne opplæringa organisert i modulstrukturerte læreplanar. Dette for å gje ei betre kobling mellom introduksjonsprogram, norskopplæring, grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne. Førebuande opplæring for vaksne (FOV) er opplæringsnivået under vidaregåande skule.

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar: Eit opplæringstilbod for at vaksne innvandrarar skal lære norsk og få kunnskap om det norske samfunnet. Nokre innvandrarar har rett og plikt til å delta i norsk og samfunnskunnskap som ein del av introduksjonsprogrammet

Spesialundervisning for vaksne: Opplæringslova §4a-2 seier at vaksne som ikkje får tilfredstillande utbytte av undervisninga har rett til spesialundervisning. Vaksne som har behov for opplæring for å utvikle eller vedlikehalde grunnleggjande ferdigheiter, har rett til spesialundervisning.

Årsverk tilsette

Funksjon	Stillingar 2026	Stillingar 2027
Rektor	1	1
Assisterande rektor	1	1
Pedagogar grunnskule	20	18,7
Miljørettleiarar grunnskule og sfo	1	1
Fagarbeidarar grunnskule og sfo	2,5	4
Kontorfagleg teneste- alle avd	0	0,3

Funksjon	Stillingar 2026	Stillingar 2027
Pedagogar vaksenopplæring	2,8	2,7
Assistent skule og sfo	1	1
Koordinator flyktningtenesta	1	0
Sum	**30,3**	29,7

Utfordringar

Læringsresultat:

Resultata på nasjonale prøver viser at Valle skule har utfordringar knytte til læringsresultat på barnesteget. Over tid har resultata på 5. trinn i gjennomsnitt lege noko under nasjonalt nivå. Samstundes varierer resultata frå år til år, noko som er naturleg ved små elevkull. På ungdomssteget er biletet meir positivt, og resultata ligg samla sett over nasjonalt snitt, men dette varierer og frå år til år. Skulebidragsindikatoren viser også at elevane på ungdomssteget oppnår betre resultat enn det elevgrunnlaget skulle tilseie.

Motivasjon og læringskultur:

Elevundersøkinga peikar på fleire utfordringar som har vore relativt stabile over tid. Skulen skårar lågare enn ønskjeleg på motivasjon, noko som kan påverke både læringsutbytte, arbeidsinnsats og elevane si oppleving av meistring. Undersøkinga viser også resultat under nasjonalt nivå på læringskultur, støtte frå lærarar og oppleving av felles reglar. Dette indikerer at skulen framleis har eit utviklingsarbeid å gjere når det gjeld å styrkje forventningar, arbeidsvanar, læringsfellesskap og felles praksis.

Trivsel og skulemiljø:

Elevane ved Valle skule rapporterer om trivsel på om lag same nivå som landsgjennomsnittet. Dette er eit positivt utgangspunkt, men samtidig viser resultata at skulen ikkje skil seg særleg positivt ut på dette området. Ambisjonen er at fleire elevar skal oppleve høg trivsel og eit læringsmiljø som i større grad fremjar motivasjon, engasjement og fagleg utvikling.

Strategi for å møte utfordringane

Læringsresultat:

Valle skule vil halde fram satsinga på tidleg innsats. Erfaring og forsking syner at utfordringar bør fangast opp og møtast så tidleg som mogleg. Skulen har derfor prioritert ressursar som kan setjast inn raskt når elevar har behov for ekstra støtte, utan omfattande sakshandsaming eller vedtak. Målet er å redusere læringsutfordringar før dei veks seg større og får konsekvensar for vidare fagleg utvikling.

Skulen har òg utvikla ein ny leseplan som skal bidra til meir systematisk arbeid med leseferdigheiter gjennom heile grunnskuleløpet. Planen inneheld fleire konkrete verkemiddel for å styrkje elevane sine grunnleggande ferdigheiter. Arbeidet er godt i gang, men det må forventast at effekten av slike tiltak kjem gradvis over tid.

Skulen er og med i Enact-prosjekt. I Enact samarbeider lærere og forskere for å få mer kunnskap om hva som skal til for å engasjere elevene i matematikkfaget.

Motivasjon og læringskultur:

For å møte utfordringane knytte til motivasjon vil skulen vidareføre satsinga på fysisk aktiv læring som hovudstrategi. Målet er å skape meir variert og engasjerande undervisning der elevane får bruke både kropp og sansar i læringsarbeidet. Skulen har tru på at dette kan bidra til auka læringsglede, større engasjement og meir motivasjon for skulearbeidet.

Når det gjeld læringskultur og felles reglar, vil skulen gjennomføre eit målretta utviklingsarbeid i samarbeid med dei eksterne rettleiarane kommunen har tilgang til gjennom KS og programmet for heilskapleg leiing av oppvekst. Målet er å styrkje ei felles forståing av forventningar, verdiar og praksis, slik at elevane møter tydelege og føreseielege rammer i skulekvardagen.

Trivsel og skulemiljø:

Skulen vurderer at satsinga på fysisk aktiv læring også kan bidra positivt til elevane sitt skulemiljø. Auka aktivitet, samarbeid og samspel mellom elevane kan vere med på å styrkje fellesskapen og skape trygge elevgrupper. Gjennom å kombinere fagleg læring med aktivitet ønskjer skulen å leggje til rette for både trivsel, inkludering og gode relasjonar mellom elevane.

Samtidig vil arbeidet med skulemiljø halde fram som ein integrert del av den daglege drifta. Målet er at fleire elevar skal oppleve høg grad av trivsel, tilhøyrsle og tryggleik, og at Valle skule over tid skal skåre sterkare på desse områda enn det resultata viser i dag.

Overordna mål

Dei overordna måla er utarbeidd med utgangspunkt i måla fastsette i **Heilskapleg plan for oppvekst** (vedteken i 2022).

Valle skule

Visjon

Valle skule opnar dører til verda og framtida

Skulen sine verdiar

- Respekt
- Inkludering
- Meistring

Overordna mål

- Valle skule har eit læringsmiljø som sikrar god utvikling i lesing og skriving for alle elevar.
- Valle skule har eit skulemiljø fritt for krenkjande åtferd som mobbing, ufin tale og vald.
- Valle skule har eit inkluderande læringsmiljø der elevane skal oppleve meistring og å høyre til.
- Elevar på Valle skule blir sett i stand til å gjennomføre vidaregåande opplæring

Valle vaksenopplæring:

Alle elevar skal oppnå eit norskspråkleg nivå som krevjast i arbeidslivet innafor normen av tid: 6+6+6 mnd.

Delmål og tiltak

Indikator	MÅL 2026	RESULTAT 2025	MÅL 2027	Tiltak
Gj.snitt grunnskolepeng siste 4 år	43,8	43,6	43,8	1,3,5,6,7
Nasjonale prøver lesing 5.trinn	49	unnateke off	52	1,2,3,4,5,6,7
Nasjonale prøver lesing 8.trinn	50	unnateke off	52	1,2,3,4,5,6,7
Nasjonale prøver lesing 9.trinn	54	unnateke off	54	1,2,3,4,5,6,7
Skolebidrag 8. - 10. trinn		0,9	1	1,2,3,4,5,6,7
Trivsel 7. trinn	4	unnateke off	4,5	2,5
Trivsel 10. trinn	4,5	4	4,5	2,5
Motivasjon 7. trinn		3,9	4	1,2,3,5,6,7
Motivasjon 10. trinn		3,4	3,7	1,2,3,5,6,7

Gjennomføring			
VGO		100%	unnateke
off	100%	1,2,3,4,5,6,7	

Tiltak:

1. Leseglede og leselyst, følge opp skulen sin leseplan
2. Førebyggjande tiltak barn og unge: SAMM modellen, MITT VALG, ICDP kurs
3. Tidleg innsats
4. Fagnettverk ungdomsskule- vgs.
5. Helsefremjande skule og barnehage (fysisk aktiv læring)
6. Enact-prosjekt (matematikk)
7. Styrking av begynnaropplæring og intensiv opplæring

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	27 897	24 845	25 742	24 953	24 688	24 422	24 422
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 258	3 015	3 015	2 894	2 794	2 794	2 794
Overføringsutgifter	475	0	0	0	0	0	0
Finansutgifter	606	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**32 236**	**27 860**	**28 757**	**27 846**	**27 482**	**27 216**	**27 216**
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-359	-351	-351	-408	-408	-408	-408
Refusjoner	-5 028	-2 025	-2 025	-1 396	-1 396	-1 396	-1 396
Sum Driftsinntekter	**-5 387**	**-2 376**	**-2 376**	**-1 804**	**-1 804**	**-1 804**	**-1 804**
Sum	**26 849**	**25 484**	**26 381**	**26 043**	**25 679**	**25 413**	**25 413**

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Grunnskole	24 329	21 472	22 249	22 044	21 679	21 413	21 413
Voksenopplæring	462	1 776	1 867	1 431	1 431	1 431	1 431
Skolefritidstilbud	618	707	736	1 266	1 266	1 266	1 266
Skolelokaler	711	728	728	502	503	503	503
Skoleskyss	728	800	800	800	800	800	800
Sum	**26 849**	**25 484**	**26 381**	**26 043**	**25 679**	**25 413**	**25 413**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Avdeling	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett		**25 483**	**25 219**	**24 953**	**24 953**
Sum Lønns- og prisvekst		**239**	**239**	**239**	**239**
Konsekvensjustert budsjett		**239**	**239**	**239**	**239**
Konsekvensjustert ramme		**25 722**	**25 458**	**25 192**	**25 192**
Driftskonsekvens					
Reduserte straumutgifter ved felles varmesentral	Oppvekst	-352	-352	-352	-352
Sum Driftskonsekvens		**-352**	**-352**	**-352**	**-352**
Nye tiltak					
Oppgradering fysiske skulebøker	Oppvekst	100	0	0	0
Reduserte inntekter	Oppvekst	572	572	572	572
Sum Nye tiltak		**672**	**572**	**572**	**572**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**320**	**220**	**220**	**220**
Ramme 2027-2030		**26 043**	**25 679**	**25 413**	**25 413**

Nye tiltak

Oppgradering fysiske skulebøker

Valle skule har over fleire år prioritert digitale læringsressursar framfor innkjøp av nye lærebøker. Dette har ført til at fleire av dei trykte verka no er utdaterte eller mangelfulle. Særleg i matematikk ønskjer vi å gjere noko med dette no.

Skulen opplever eit aukande behov for nye matematikklæreverk på 5.-10. trinn. Både lærarar, elevar og føresette etterlyser fysiske lærebøker som eit supplement til dei digitale ressursane. Bøkene gir betre struktur i opplæringa, støttar konsentrasjon og gjer det enklare for elevane å arbeide med matematikk også heime.

Behovet samsvarar med den nasjonale utviklinga, der mange skular no styrkjer tilgangen på trykte læremiddel som ein del av arbeidet med å finne ein god balanse mellom digitale og analoge ressursar.

Det samla investeringsbehovet er så stort at det vil vere krevjande å finansiere innanfor skulen sitt ordinære driftsbudsjett. Dersom innkjøpet må dekkjast innanfor eksisterande rammer, vil det vere nødvendig å spreie investeringa over fleire år. Ei ekstra løyving vil gjere det mogleg å gjennomføre ei meir heilskapleg oppgradering av matematikklæreverka og sikre eit likeverdig tilbod til elevane på alle trinn.

Reduserte inntekter

Budsjetterte refusjonsinntekter vert reduserte. Dette gjeld refusjon frå staten til norskopplæring, refusjon frå andre kommunar og fylkeskommunen for gjesteelevar. Inntektene er justerte i tråd med venta nivå i 2027.

Valle og Hylestad barnehagar

Skildring av verksemd

Valle og Hylestad barnehagar er éi kommunal barnehageverksemd med to einingar. Barnehagen har seks avdelingar, med tre avdelingar ved kvar eining, 24,6 årsverk inkludert styrarressurs. Verksemda skal gi barn eit trygt, inkluderande og utviklande barnehagetilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Per 1. oktober 2026 har barnehagen 67 barn, fordelt på 30 barn i Hylestad barnehage og 37 barn i Valle barnehage.

Barnehagen opplever ei positiv utvikling i barnetalet, særleg blant dei yngste barna. Løpande opptak gjennom året fører til ein jamn auke i talet på småbarnsplassar, og prognosane for økonomiplanperioden viser at denne utviklinga vil halde fram. Dette stiller krav til fleksibel organisering, tilstrekkeleg bemanning og god ressursutnytting for å sikre eit forsvarleg og framtidsretta barnehagetilbod.

Årsverk tilsette

Funksjon	Stillingar 2026	Stillingar 2027
Begge barnehagar		
Leiar/styrar	1,0 som blir fordelt på begge barnehagar	
Assisterande styrar	1,0 som blir fordelt på begge barnehagar	
Hylestad barnehage		
Barnehagelærar	4,25	1,8
Fagarbeidar	6,0	5,6
Assistent		0,8
Pedagogisk leiar	2,0	3,0
Valle barnehage		
Barnehagelærar	2,25	3
Fagarbeidar	6	5,4
Pedagogisk leiar	3,0	3,0
Sum	25,5	24,6

Utfordringar

Utfordringar for barnehagane i kommunen:

- Barnehagane opplever auka barnetal og løpande opptak gjennom året. Dette gjer det meir krevjande å planleggje bemanning, organisering og ressursbruk over tid, samstundes som det skal sikrast eit godt og føreseieleg tilbod til alle barn.
- Aukande barnetal legg press på kapasiteten i eksisterande lokale og uteområde. Det er behov for utviding av areala ved Hylestad barnehage, og det kan òg bli behov for tilpassingar ved Valle barnehage for å møte framtidig etterspurnad etter barnehageplassar.

- Høgt sjukefråvær påverkar drifta og kvaliteten i tenesta. Arbeid i barnehage inneber både store emosjonelle krav og fysiske belastningar, noko som kan bidra til sjukefråvær og utfordringar med å opprettholde stabil bemanning.
- Barnehagen er organisert på to einingar med mange tilsette i deltidsstillingar. Dette krev god koordinering og fleksibilitet for å sikre tilstrekkeleg bemanning ved fråvær og endringar i behov. Samstundes er tilgangen på kvalifiserte vikarar svært avgrensa, noko som gjer det utfordrande å opprettholde stabil drift ved sjukdom og anna fråvær.
- For å sikre forsvarleg drift må barnehagen kontinuerleg arbeide i forkant med rekruttering, kompetanseutvikling og bemanningsplanlegging. Det er avgjerande å ha tilstrekkeleg grunnbemanning til å handtere både auka barnetal og fråvær blant tilsette.

Strategi for å møte utfordringane

Strategiar for 2027

- Følgje opp politisk sak om løpande opptak for å sikre føreseielege rammer for drift og ressursplanlegging.
- Tilpasse kapasitet og areal til aukande barnetal.
- Sikre tilstrekkeleg og kvalifisert bemanning gjennom rekruttering og kompetanseutvikling.
- Redusere sjukefråvær gjennom systematisk arbeid med arbeidsmiljø og nærvær.
- Styrkje samarbeid og felles praksis mellom dei to barnehageeiningane.

Overordna mål

MÅL 2027

- Alle barn skal få eit trygt, inkluderande og utviklande barnehagetilbod av høg kvalitet.
- Barnehagen skal bidra til tidleg innsats, sosial utjamning og gode fellesskap for alle barn.
- Gjennom satsinga på **Helsefremjande oppvekst** skal barnehagen styrkje arbeidet med psykisk og fysisk helse, trivsel, meistring og livsmeistring.
- Gjennom satsinga på **Heilskapleg leiing** skal barnehagen vidareutvikle kvalitet, samarbeid og samanheng i tenestene for barn og familiar.
- Barnehagen skal bidra til måla i heilskapleg plan for oppvekst og sikre gode overgangar gjennom heile oppvekstløpet.
- Barnehagen skal ha tilstrekkeleg kompetanse, bemanning og kapasitet til å møte framtidige behov.

Delmål og tiltak

Indikator	MÅL 2026	Sannsynleg resultat 2026	MÅL 2027	Tiltak
Valle- og Hylestad barnehagar				
Dekningsgrad minoritetar	100 %	100%	100%	1,3
Hylestad barnehage				
Foreldreundersøkjinga	4,7	4,7	4,7	3,5,6

Tal på barn per tilsett/ grunnbemanning	4,7	4,1	4,7	2,3,5,6,7
Tal på barn per barnehagelærarar	11	12	11	2,5,6,7
Andel barnehagelærar i %	50,0 %	43%	50,0%	2,6,5,7
Kvm per barn	5,3 m2	5,3m2	5,3m2	8
Sjukefråvær	10 %	11%	8%	6,7
Valle barnehage				
Foreldreundersøkjinga **Valle barnehage**	4,7	4,6	4,7	3,5,6,7
Tal på barn per tilsett/ grunnbemanning	4,7	4,6	4,7	2,3,5,6,7
Tal på barn per barnehagelærarar	10	10	10	2,5,6,7
Andel barnehagelærar i %	50,0 %	50%	50%	2,6,5,7
Kvm per barn	5,3 m2	5,3m2	5,3m2	8
Sjukefråvær	10 %	5%	8%	6,7

Tiltak:

1. Redusert foreldrebetaling
2. Styrkje det tverrfaglege samarbeidet i oppvekstsektoren
3. Styrkje foreldresamarbeidet
4. Foreldrestøttande tiltak (COS P)
5. Oppretthalde bemanningsnivået
6. Utdanning av eige ressursar
7. Redusere sjukefråvær
8. Vurdere ulike løysingar for å utvide barnehagen på Hylestad

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	21 224	19 474	20 119	19 758	19 451	19 451	19 451
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 081	1 199	1 419	1 754	1 754	1 454	1 454
Overføringsutgifter	209	0	0	0	0	0	0
Finansutgifter	58	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**22 572**	**20 674**	**21 539**	**21 513**	**21 206**	**20 906**	**20 906**
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-371	-444	-444	-664	-980	-980	-980
Refusjoner	-2 203	-176	-176	-412	-412	-412	-412
Sum Driftsinntekter	**-2 573**	**-620**	**-620**	**-1 076**	**-1 392**	**-1 392**	**-1 392**
Sum	**19 999**	**20 054**	**20 919**	**20 436**	**19 813**	**19 513**	**19 513**

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Barnehage	19 974	19 730	20 475	19 796	19 173	19 173	19 173
Styrket tilbud førskolebarn	-1	6	6	0	0	0	0
Barnehagelokaler og skyss	26	318	438	640	640	340	340
Sum	**19 999**	**20 054**	**20 919**	**20 436**	**19 813**	**19 513**	**19 513**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Avdeling	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett		**20 354**	**19 547**	**19 247**	**19 247**
Sum Vedtak forrige periode		**-224**	**-40**	**-40**	**-40**
Sum Lønns- og prisvekst		**306**	**306**	**306**	**306**
Konsekvensjustert budsjett		**82**	**266**	**266**	**266**
Konsekvensjustert ramme		**20 436**	**19 813**	**19 513**	**19 513**
Ramme 2027-2030		**20 436**	**19 813**	**19 513**	**19 513**

Setesdal barnevern

Skildring av verksemd

Barneverntenesta er ei interkommunal teneste for Valle, Bykle og Bygland. Barneverntenesta forvaltar etter barnevernlova. Den kommunale barneverntenesta har eit heilskapeleg ansvar for tilbodet til borna som har behov for tiltak etter barnevernlova; både dei som har tiltak heime og dei som har behov for å bu utanfor heimen.

Årsverk tilsette

Funksjon	Stillingar 2026	Stillingar 2027
Leiar (inkl fagleiar)	1	0,9
Barnevernspedagoger (inkl rettleiar)	4	4,5
Oppdragstakarar	11	12
Sum	16	17,4

Utfordringar

- Ulikt tenesteapparat i kommunane gir uoversiktleg tenesteapparat
- Mange ulike samarbeid internt og eksternt
- Små einingar og store avstander
- Høge kompetansekrav
- Høge oppfølgingskrav og økonomiske krav på fosterheims- og institusjonsområde
- Statlege tiltak har vorte særs dyre

Strategi for å møte utfordringane

- Tettare regionalt samarbeid gjennom læringsnettverket Vest i Agder (som består av dei fire barneverntenestene; Midt-Agder, Setesdal, Barnevern Sør (Lindesnes) og Lister). Kompetanseheving på tvers av tenestene med fokus på fosterheimsarbeidet. Samtidig skal læringsnettverket spreie kompetanse til andre tenester på oppvekstfeltet.
- Tettare regionalt samarbeid i Agder mellom barnevernleiarane gjennom barnevernleiarnettverk.
- Samarbeid med UiA for studentrettleiing som kan bidra til rekruttering.
- Utarbeide handlingsrettleiar som gjer tenestene utanfor barneverntenestene tryggare i å handsame saker der ein er uroleg for barn slik at barn får riktig hjelp til riktig tid.
- Ha gode internkontrollrutinar og kvalitetssikring av tenesta
- Ha eit godt systemisk samarbeid med kommunale og statlege tenester for born og unge
- Ha eigen familierettleiar internt med god kompetanse

Overordna mål

Setesdal barnevern skal vere ei fagleg forsvarleg og robust teneste. Barnevernstenesta skal bidra og ta ansvar i det heilheitlege tverrfaglege samarbeidet rundt barn og unge i helse- og oppvekstsektoren i kommunane.

Delmål og tiltak

Indikator	MÅL 2026	Sannsynleg resultat 2026	MÅL 2027	Tiltak
Andel barn med tiltak målt i %	3%	5	3	Barnevernstenesta skal avsette ressursar til førebyggjande arbeid
Andel saker per sakshandsamar	9	11	10	Implementere handlingsrettleiar for oppvekstsektoren
Undersøkjingar avslutta innan 3 mnd målt i %	100 %	80%	100%	Årleg revidering av rutinar og tydelege årshjul
Meldingar handsama innan 7 dagar målt i %	100 %	100%	100%	Årleg revidering av rutinar og tydelege årshjul
Andel forsterheim utan oppfylgjing målt i %	0	0	0	Årleg revidering av rutinar og tydelege årshjul
Andel tiltaksplanar evaluert målt i %	100 %	80%	100%	Årleg revidering av rutinar og tydelege årshjul
Brukarundersøkingar gjennomførast kvart år	1	0	1	Utarbeide gode brukerundersøkingar

Tiltak:

1. Implementere handlingsrettleiaren for oppvekstsektoren
2. Omdisponere ressursar til det førebyggjande arbeidet blant barn og unge
3. Årleg revidering av rutinar og tydelege årshjul
4. Utarbeide gode brukarundersøkingar

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	7 390	6 725	6 725	7 068	7 025	7 025	7 025
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 095	2 121	2 121	2 128	2 128	2 128	2 128

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	7 904	8 685	8 685	5 049	5 049	5 049	5 049
Overføringsutgifter	982	472	472	415	415	415	415
Finansutgifter	451	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**19 822**	**18 003**	**18 003**	**14 660**	**14 617**	**14 617**	**14 617**
Driftsinntekter							
Refusjoner	-16 663	-15 232	-15 232	-12 063	-12 063	-12 063	-12 063
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-482	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	**-17 145**	**-15 232**	**-15 232**	**-12 063**	**-12 063**	**-12 063**	**-12 063**
Sum	**2 678**	**2 771**	**2 771**	**2 597**	**2 554**	**2 554**	**2 554**

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Barnevernstjeneste	2 043	2 215	2 215	1 929	1 929	1 929	1 929
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	35	100	100	922	922	922	922
Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	600	527	527	614	614	614	614
Interkommunale samarbeid	-0	-71	-71	-867	-910	-910	-910
Sum	**2 678**	**2 771**	**2 771**	**2 597**	**2 554**	**2 554**	**2 554**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**Avdeling**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett		**2 771**	**2 728**	**2 728**	**2 728**
Sum Lønns- og prisvekst		**-634**	**-634**	**-634**	**-634**
Konsekvensjustert budsjett		**-634**	**-634**	**-634**	**-634**
Konsekvensjustert ramme		**2 137**	**2 094**	**2 094**	**2 094**
Nye tiltak					
Reduksjon finansiering Bygland kommune	Oppvekst	2 495	2 495	2 495	2 495
Reduksjon finansiering Bykle kommune	Oppvekst	117	117	117	117
Reduksjon refusjon frå deltakarkommunane	Oppvekst	705	705	705	705
Reduksjon tiltak Bygland kommune	Oppvekst	-2 495	-2 495	-2 495	-2 495
Reduksjon tiltak Bykle kommune	Oppvekst	-117	-117	-117	-117
Reduksjon Valle kommune	Oppvekst	-245	-245	-245	-245
Sum Nye tiltak		**460**	**460**	**460**	**460**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**460**	**460**	**460**	**460**
Ramme 2027-2030		**2 597**	**2 554**	**2 554**	**2 554**

Pedagogisk - psykologisk teneste Setesdal

Skildring av verksemd

PPT Setesdal er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle og Bygland. Valle er vertskommune

PPT for Setesdal er sakkunnig instans i saker som gjeld individuelt tilrettelagt opplæring i grunnskulen (Tidlegare spesialundervisning) og spesialpedagogisk hjelp i barnehagen . PPT skal drive med saksutgreiing / sakshandsaming etter Opplæringslova §11 (Ny Opplæringslov) og Barnehagelova § 31.

PPT er også pålagt å hjelpe skular og barnehagar med kompetanseutvikling og systemarbeid på det pedagogiske området. Dette kan vere oppgåver som rådgjeving, kurs, oppfølging av klasseleiing / systemretta tiltak i barnehagar og foreldrerettleiing. PPT arbeider også førebyggjande, for å hindre skeivutvikling og sikre tidleg hjelp og oppfølging.

PPT for Setesdal har hovudkontor i Valle, men også eit mindre avdelingskontor i Bygland kommune (Byglandsfjord)

Talet på brukarar i PPT Setesdal:

Kommune	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Bygland	31	34	33	26	30	30	30	34	38
Valle	41	38	37	34	34	28	33	29	26
Bykle	27	16	14	25	19	29	29	27	23
Sum	99	88	84	85	85	87	92	90	87

Talet på nye tilviste kvart år:

Kommune	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Bygland	11	11	12	1	10	8	4	9	11
Valle	8	10	10	10	8	6	8	7	7
Bykle	7	2	3	9	5	7	9	6	5
Sum	26	23	27	20	23	21	21	22	23

Brukarar fordelte på alder:

Alder	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024

Førskule	17	13	6	4	7	11	12	10	10
Barneskule	48	46	56	56	51	50	53	49	49
Ungdomsskule	29	25	17	21	20	21	25	29	26
Vaksne	5	4	5	4	5	5	2	2	2
Sum	99	88	84	85	83	87	92	90	87

Årsverk tilsette

Funksjon	Stillingar 2026	Stillingar 2027
Fagleiar (30% leiarfunksjon - 70% PP-Rådgjevar)	1,0	1
PP-rådgjevar	1,0	2
Sum	**2,0**	3

Utfordringar

1. PPT har eit dobbelt oppdrag, både utgreie og tilrå individuell tilrettelagt opplæring (spesialundervisning) og spesialpedagogisk hjelp i barnehage for dei som har behov, samstundes som PPT skal jobbe saman med skular og barnehagar for ei betre ordinær undervisning og opplæring der alle elevar og born er inkluderte. Det er i denne spenninga mellom det spesielle og det ordinære at PPT skal gjere sine vurderingar. Det er sentrale mål (bl.a. i st.mld. 6) at ein ønskjer bruken av spesialundervisning ned. PPT får stadig tilvist elevar der skule / barnehage/ føresette opplever at barnet ikkje klarer å følgje dei planane og måla som er sette. Utfordringa er at dette arbeidet tek mykje tid, og gjev mindre tid til å jobbe med tiltak som er gode for alle elevar (universelle) og som kan vere med å redusere behovet for særskilde tiltak. Talet på individsaker har ikkje gått ned siste åra, og det er derfor krevjande å få tid til meir førebyggjande og systemretta arbeid. Det er difor lagt til grunn ei auke i stillingsbudsjettet for å sikre meir systematisk og førebyggjande arbeid i både barnehagen og skulen.
2. Krava til samhandling og dokumentasjon er aukande. Dette er både viktig og nyttig for å få gode tenester. Det er også tidkrevjande, særleg i periodar då nye system og organiseringar skal på plass. Det arbeidast nå med innføring av nytt fagsystem og vi fekk frå hausten -24 ny opplæringslov. PPT er ein del av oppvekstsektoren i Valle kommune, og deltek her på faste møte, og er med i leiaroppleiing for oppvekstsektoren (Heilskapeleg leiing av oppvekst). I tillegg møter vi på ressursteam (drøfting av fagvanskar /sosiale / emosjonelle vanskar), ansvarsgruppemøte og tverretatleg team i alle kommunar. Det er også haustmøte og januarmøte for alle elevar og born med ITO (individuell tilrettelagt opplæring) eller spesialpedagogiske tiltak. Det må også vere tid til interne kontormøte, og vi opplever eit aukande krav til dokumentasjon og skriftleggjering. Utfordringa ligg i å klare å halde tidsfristar for sakshandsaming og venteliste.
3. Ein viktig del av PPT sitt arbeid, er å vere kompetente og oppdaterte på den faglege utviklinga innanfor det spesialpedagogiske feltet. PPT har derfor laga ein plan for oppdatering av kompetanse vi meiner er viktig å prioritere. I ein travel kvardag er utfordringa at vi ikkje tar nok tid til fagleg utvikling og oppdatering som er svært viktig for vår teneste.

Strategi for å møte utfordringane

Frå **heilskapleg plan for oppvekst**:

- Bidra i å styrkje systematisk og tverrfagleg samarbeide på tvers av tenester for å sikre eit heilskapleg, tilpassa og likeverdig tilbod til barn, unge og deira familiar
- Styrke systematisk og samordna arbeid med identifisering og oppfølging av risikoutsette barn og unge
- Drive systematisk arbeid med å inkludere og skape tryggleik i barnehage, skule, SFO og fritidsaktivitetar
- Drive systematisk språkarbeid og lese- og skriveopplæring frå barnehage til ut grunnskulen

Overordna mål

Overordna mål frå **heilskapleg plan for oppvekst:**

- I Valle kommune ser vi heile barnet og skapar god samanheng i heile oppveksten.
- Barn og unge i Valle kommune skal ha sosial kompetanse, vere inkludert og oppleve å høyre til.
- Barn og unge utvikler kompetanse (kunnskap, ferdigheitar, evne og haldningar) til å meistra livet og framtidige utfordringar.

Delmål og tiltak

Indikator	MÅL 2026	Sannsynleg resultat 2026	MÅL 2027	Tiltak
Andel elevar med spesialundervisning målt i % (Valle kommune)	8,0 %			1,2,3, 4,5,6
Tal på saker over tidsfrist, max 3 mnd. sakshandsaming. Alle kommunar	5			1,2,3,4,5,6
Tal på saker over tidsfrist for elevar på venteliste, max 2 mnd. Alle kommunar	3			1,2,3,4,5,6

Tiltak:

Arbeide for ein reduksjon i talet på tilviste individsaker:

1. Gode drøftingar med tilsette i barnehage og skule før ei eventuell tilvising til PPT. Er det fleire tiltak som bør prøvast ut før ei eventuell tilvising?
2. Alle skular i vårt distrikt bør nå etter kvart ha lærarar med LOGOS-sertifisering. Dette gjer at PPT i mange saker kan diskutere Logostesten med skulen utan direkte tilvising, og vurdere om eleven kjem innanfor dysleksiomgrepet. Dette er i tråd med dei krav som NAV hjelpemiddelsentralen stiller og praksis elles i Agder. Skulen i Valle har dette på plass, men det manglar i Bygland og Bykle.

3. Vere meir tilstades og gje direkte rettleiing i skule og barnehagar

Arbeide for ei effektiv og sikker sakshandsaming med god kvalitet:

4. Ta i bruk eit nytt fagsystem med betre funksjonalitet. (Vil truleg i starten krevje meir tid - men truleg gje gevinst etter kvart)

5. Gode interne drøftingar rundt kvar einskild sak (sikre god faglegheit)

6. Gode og effektive rutinar i sakshandsaminga. Gjennomgå desse.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	2 289	2 106	2 106	3 283	3 269	3 269	3 269
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	365	643	643	221	221	221	221
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	935	956	956	1 211	1 211	1 211	1 211
Overføringsutgifter	75	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**3 664**	**3 705**	**3 705**	**4 715**	**4 701**	**4 701**	**4 701**
Driftsinntekter							
Refusjoner	-2 745	-2 753	-2 753	-3 504	-3 504	-3 504	-3 504
Sum Driftsinntekter	**-2 745**	**-2 753**	**-2 753**	**-3 504**	**-3 504**	**-3 504**	**-3 504**
Sum	**919**	**952**	**952**	**1 211**	**1 197**	**1 197**	**1 197**

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Grunnskole	644	669	669	848	848	848	848
Styrket tilbud førskolebarn	183	191	191	242	242	242	242
Voksenopplæring	92	96	96	121	121	121	121
Interkommunale samarbeid	0	-4	-4	-0	-14	-14	-14
Sum	**919**	**952**	**952**	**1 211**	**1 197**	**1 197**	**1 197**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**Avdeling**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett		**932**	**918**	**918**	**918**
Sum Lønns- og prisvekst		**1 005**	**1 005**	**1 005**	**1 005**
Konsekvensjustert budsjett		**1 005**	**1 005**	**1 005**	**1 005**
Konsekvensjustert ramme		**1 937**	**1 923**	**1 923**	**1 923**
Innsparingstiltak					
Samlokalisering med barnevern	Oppvekst	-230	-230	-230	-230

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Avdeling	2027	2028	2029	2030
Sum Innsparingstiltak		**-230**	**-230**	**-230**	**-230**
Nye tiltak					
Auke refusjon frå kommunane	Oppvekst	-751	-751	-751	-751
Auke Valle sin del av PPT	Oppvekst	255	255	255	255
Sum Nye tiltak		**-496**	**-496**	**-496**	**-496**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**-726**	**-726**	**-726**	**-726**
Ramme 2027-2030		**1 211**	**1 197**	**1 197**	**1 197**

Kultur og fritid

Skildring av verksemd

Tenester:

Lovpålagde tenester

- Kulturskule
- Folkebibliotek

Andre tenesteområde

- **Interkommunal UNESCO-satsing i oppvekst – Gorrlaus:** Opplæring i folkemusikk i barnehagar og grunnskular i Valle, Bygland og Bykle, og interkommunalt kulturskuletilbod i folkemusikk.
- **Ungdomsarbeid og fritidsklubb.**
- **Bygdekino.**
- **Fritidsbading:** Familiebading, vaksensymjing og badstove.
- **Frivilligheit:** Tilrettelegging, koordinering og praktisk samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, mellom anna om aktivitetar, arrangement og marknadsføring.
- **Arrangement, aktivitetar og markeringar.**
- **Den kulturelle spaserstokken.**
- **Prosjekt- og utviklingsarbeid:** Arbeid innan eige tenesteområde og på tvers av einingar, mellom anna knytt til Valle kultursenter, oppvekst og kommunikasjon.
- **Generell kulturdrift og sakshandsaming.**
- **Kulturmidlar og tilskotsordningar:** Utviklingsstipend for ungdom, kulturprisen, tilskot til grendelag og Studieforbundet kultur og trradisjon, samt faste tilskot til mellom anna Valle Radio, Kulturveka, Setesdal Spelemannslag, Valle IL og Honorarfond til folkemusikk.
- **Tilskot til museum:** Setesdalsmuseet og Sylvartun.

Valle kulturskule

Lov- og planforankring:

Kulturskulen er forankra i opplæringslova §§ 26-1 og 26-2. Kommunen skal ha eit kulturskuletilbod til barn og unge, og kulturskulen skal leggje til rette for læring, oppleving, skapande aktivitet og formidling av kulturelle og kunstnariske uttrykk i eit trygt og godt skulemiljø.

Verksemda byggjer òg på rammeplanen *Kulturskole for alle* og rammeplan for SFO.

Deltaking:

Andel grunnskuleelevar med plass i kulturskulen:

- 2021: 37 prosent
- 2022: 40 prosent
- Frå 2023: om lag 50 prosent

I tillegg kjem elevar i det interkommunale folkemusikktilbodet og deltakarar i opne, gratis gruppetilbod i barnehage og SFO. Desse blir ikkje registrerte i GSI.

Tilbod:

- Undervisning i fleire instrumentgrupper og sjangrar. Elevane får både individuell undervisning og samspel, og nokre deltek i fleire tilbod.
- Kortkurs innan kunst og dans, mellom anna i samarbeid med ungdomsarbeidet. Tilboda er finansierte gjennom styrkt ramme og eksterne tilskot og har inga deltakaravgift.
- Opne gruppetilbod utan deltakaravgift, mellom anna babysong, barnehagekor, Kulturkarusellen i SFO, allsong for vaksne og musikkaktivitetar på bygdeheimen.
- Konsertar, UKM (Ung Kultur Møtast) og andre framsyningar og oppdrag.

Deltaking i organiserte fritidsaktivitetar kan bidra positivt til fellesskap, meistring, trivsel og tilhøyrsle for barn og unge. I Valle deltek ein stor del av grunnskuleelevane i kulturskulen, medan deltakinga er lågare i andre organiserte fritidsaktivitetar. Dei fleste kulturskuleelevane er i barneskulealder.

Det er tett samarbeid mellom kulturskule, ungdomsarbeid og bibliotek, og fleire av tilboda blir utvikla og gjennomførte på tvers av tenesteområda.

Leiar for Kultur og fritid er rektor for kulturskulen, med ein definert stillingsressurs på 30 prosent. Valle kommune er vertskommune for det interkommunale kulturskulesamarbeidet om folkemusikk i Valle, Bygland og Bykle.

Årsverk tilsette

Funksjon	Stillingar 2026	Stillingar 2027
Leiar Kultur og fritid	1,00	1,00
Lektor kulturskule, klassisk og rytmisk musikk	1,00	1,00
Lærarar leikarring	0,10	0,10
Interkommunal kulturskulelærar	0,33	0,33
Barne- og ungdomsarbeidar / medarbeidar Valle frivilligsentral *	0,60	1,00
Driftsoperatør symjehall	0,10	0,10
Driftsoperatør kino	0,05	0,05
Biblioteksjef	1,00	1,00

Driftskoordinator Valle kultursenter / dagleg leiar Valle frivilligsentral **	1,00	1,00
Sum	**5,18**	5,58
* stilling auka fom. 01.11.2026 ** tilsett 01.11.2026		

Utfordringar

Kultur og fritid bidreg med tenester og aktivitetar på tvers av kommunen, mellom anna i barnehage, SFO og Pleie og omsorg. Tiltaka blir dekte innanfor eiga ramme og er ein del av det universelle, førebyggjande arbeidet. Dei er forankra i aktuelle rammeplanar og kommunale planar.

Eininga har få tilsette, og mykje ansvar ligg på den enkelte medarbeidaren. Dette gjer drifta sårbar ved fråvær. Opninga av Valle kultursenter og etableringa av Valle frivilligsentral har samstundes styrkt grunnlaget for aktivitet, møteplassar og samarbeid med frivilligheita. Dette er i tråd med den nye kommuneplanen, som legg vekt på bulyst, folkehelse, fellesskap og samhandling.

Valle kommune har høge kostnader til kultur per innbyggjar samanlikna med KOSTRA-gruppe 15. Viktige forklaringar er:

- tilskot til museum
- vertskommunerolla for interkommunalt samarbeid om UNESCO i oppvekst
- driftsutgifter under Teknisk eining som blir førte på funksjonen «Kommunale idretts- og kulturbygg», og dermed inngår under kultur i KOSTRA.

Faste tilskot og kulturmidlar utgjer om lag 25 prosent av samla budsjett for eining 404 Kultur og fritid.

Kulturskule

Kulturskulen har nokre utfordringar med fråfall blant elevar på øvre mellomtrinn og ved overgangen til ungdomsskulen, og det er også vesentleg fleire jenter enn gutar.

Eit breiare og meir alders- og interessetilpassa tilbod kan bidra til endå større deltaking og at fleire held fram i kulturskulen. Kortkurs innan ulike fagområde kan vere aktuelt, men få tilsette gir avgrensa kapasitet til planlegging og gjennomføring. Ei sterkare satsing på musikktilbod som kan appellere til fleire gutar, er òg avhengig av tilgang på lokale ressurspersonar.

E-sport og digital ungdomskultur er i Valle lagt til ungdomsarbeidet, og erfaringa er at dette tilbodet når mange gutar. Dette er eit tilbod vi vil satse sterkare på i 2027, som ein integrert del av andre aktivitetar i klubben.

Kulturskulen har òg opne tilbod i barnehage, SFO og Pleie og omsorg. God forankring og eit likeverdig samarbeid mellom einingane er viktig for å kunne gi tilbod som er tilpassa brukarane sine behov og ønskje. Dette støttar opp under kommuneplanen sitt mål om førebygging, deltaking, meistring og sosiale fellesskap gjennom heile livet.

Bibliotek

Biblioteket skal vere ein open og inkluderande møteplass for innbyggjarar i alle aldrar. Ei utfordring er å leggje til rette for ulike behov og aktivitetar for aldersgruppa 0–100 år på eit relativt avgrensa areal.

Samtidig er det eit mål å få fleire til å bruke biblioteket som ein uformell møteplass. Dette samsvarer godt med kommuneplanen si vektlegging av lokale møteplassar, fellesskap og tiltak som kan styrkje bulyst og førebyggje utanforskap.

UngData

UngData 2025 viser at barn og unge i Valle er like fysisk aktive som landsgjennomsnittet, men færre enn landsgjennomsnittet er med på organiserte fritidsaktivitetar. Samtidig deltek 75 % i ungdomsskulealder på fritidsklubb/ungdomsklubb, og over 50 % av alle barn i skulealder er med i kulturskulen. På skjermtid ligg barn og unge i Valle litt under landssnittet.

Strategi for å møte utfordringane

Satsingsområde

- Valle kultursenter skal utviklast som ein open, inkluderande og levande møteplass for kultur, aktivitet, frivilligheit og fellesskap.
- Valle frivilligsentral skal etablerast som ein ressurs for frivillig engasjement og eit bindeledd mellom kommunen, frivillig sektor og innbyggjarane.
- Fleire barn og unge skal delta i inkluderande og meiningsfulle fritidsaktivitetar.
- Kulturskulen skal gi eit breitt og relevant tilbod og arbeide særleg for å halde på elevane gjennom overgangen til ungdomsskulen.
- Biblioteket skal vidareutviklast som lågterskel møteplass, kulturarena og arena for kunnskap, lesing og deltaking.
- Kultur og fritid skal bidra til å ta vare på og vidareføre den lokale kulturarven, med særleg vekt på folkemusikk- og dansetradisjonane frå Setesdal.

Satsingsområda byggjer opp under kommuneplanen sine fire fokusområde: bulyst, arbeidsplassar, folkehelse og beredskap. For Kultur og fritid er særleg måla om fellesskap, deltaking, meistring, lågterskelaktivitetar, møteplassar og samhandling med frivilligheita sentrale. Kommuneplanens samfunnsdel og arealstrategi 2026–2038 legg til grunn at kommunen skal vere ein tydeleg tilretteleggjar, samordnar og samarbeidspartnar.

Strategiar

- Vi legg til rette for aktivitetar og møteplassar som fremjar deltaking, meistring, inkludering og tilhøyrsle gjennom heile livet.
- Vi samarbeider på tvers av kulturskule, ungdomsarbeid, bibliotek, frivilligsentral og andre kommunale tenester.
- Vi legg til rette for eit langsiktig og likeverdig samarbeid med lag, foreiningar, innbyggjarar og næringsliv.
- Vi brukar Valle kultursenter som samlande arena for kultur, aktivitet, frivilligheit, ungdomsarbeid og samarbeid på tvers av generasjonar.
- Vi utviklar frivilligsentralen i dialog med frivillig sektor og legg til rette for betre koordinering, formidling og utvikling av frivillig aktivitet.

- Vi legg vekt på låg terskel for deltaking og arbeider for at økonomi, funksjonsevne eller sosial bakgrunn ikkje skal vere til hinder for å delta.
- Vi legg til rette for reell medverknad frå barn, ungdom, frivillige og andre brukarar i utviklinga av aktivitetar og tilbod.
- Vi utviklar fleksible tilbod, mellom anna gruppetilbod, kortkurs og aktivitetar som kan nå nye målgrupper.
- Vi arbeider målretta for å rekruttere og halde på ungdom i kulturskulen og andre organiserte fritidstilbod.
- Vi forankrar Gorrlaus og den interkommunale satsinga på folkemusikk og dans i oppvekst.
- Vi nyttar Friskus, kommunen sine kommunikasjonskanalar og felles aktivitetsoversikter for å gjere aktivitetar og arrangement meir synlege og oversiktlege.
- Vi evaluerer tilbod og aktivitetar gjennom statistikk, brukarundersøkingar, medverknadsprosessar og løpande dialog med brukarane.

Driftskonseptet for Valle kultursenter legg vekt på open tilgang, fleksible løysingar, låg terskel for deltaking og aktiv medverknad frå ungdom og frivillige. Visjonen er at kultursenteret skal vere ein levande møtestad for fellesskap, frivilligheit og framtidstru.

Valle frivilligsentral skal ha ordinær drift frå 2027. Sentralen skal stimulere til frivillig innsats, vere ein lokal møteplass og fungere som bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor. Den endelege organiseringa skal utviklast i dialog med frivilligheita.

Kunnskapsgrunnlag og måleindikatorar

- KOSTRA og SSB
- Ungdata
- GSI og kulturskulen sine elevtal
- Nasjonal bibliotekstatistikk og lokal besøksstatistikk
- Friskus og lokale aktivitetsoversikter
- Besøks- og aktivitetstal for Valle kultursenter
- Aktivitet og deltaking i Valle frivilligsentral
- Brukarundersøkingar og medverknadsprosessar

Overordna mål

Kommuneplanens samfunnsdel og arealstrategi 2026–2038 legg til grunn at samfunnsutviklinga skal byggje på samarbeid mellom kommunen, innbyggjarane, frivilligheita og næringslivet. Kommunen skal vere ein tilretteleggjar, samordnar og samarbeidspartnar.

Kultur og fritid skal særleg bidra til følgjande mål i kommuneplanen:

Bulyst

Kommuneplanen peikar særleg på at lokale møteplassar, frivilligheit, kvardagsfellesskap og lett tilgang til kultur- og fritidstilbod er viktig for bulyst og tilhøyrsle.

Kultur og fritid skal bidra ved å:

- utvikle attraktive og inkluderande møteplassar for innbyggjarar i alle aldrar
- leggje til rette for eit variert kultur- og fritidstilbod
- gjere det enkelt å delta i aktivitetar og frivillig arbeid
- støtte opp om lag, foreiningar og lokale initiativ
- styrkje lokal identitet gjennom kultur, språk, tradisjonar og arrangement
- vidareutvikle Valle kultursenter som eit samlande aktivitets- og kulturhus og sikre tydelege rutinar og rolleavklaringar ved bruk av kultursenteret.
- leggje til rette for medverknad, eigarskap og samskaping

Folkehelse

Deltaking, meistring, sosiale fellesskap og lågterskelaktivitetar er med på å skape god folkehelse.

Kultur og fritid skal bidra ved å:

- leggje til rette for lågterskelaktivitetar og sosial deltaking
- gi barn og unge tilgang til trygge og inkluderande fritidsarenaer
- skape møteplassar og aktivitetar på tvers av alder og bakgrunn
- styrkje leseglede, kulturell deltaking, skaparglede og meistring
- samarbeide med andre tenester og frivillige om eit heilskapleg førebyggjande arbeid

Beredskap

Eit sterkt lokalsamfunn byggjer på tillit, kjennskap, deltaking og samarbeid mellom innbyggjarar, frivillige, næringsliv og kommune.

Kultur og fritid skal bidra ved å:

- utvikle gode samarbeidsstrukturar mellom kommunen og frivillig sektor
- styrkje nettverk, fellesskap og lokal mobilisering
- leggje til rette for møteplassar der innbyggjarar kan byggje relasjonar
- utvikle frivilligsentralen som bindeledd mellom kommunen og frivilligheita

Kulturarv og lokal identitet

Den levande kulturarven er ein viktig del av Valle kommune sin identitet, bulyst og samfunnsutvikling. Folkemusikk- og dansetradisjonane frå Setesdal vart i 2019 skrivne inn på UNESCO si representative liste over immateriell kulturarv. Kommuneplanen understrekar at tradisjonane er sårbare og avhengige av aktiv vidareføring.

Kultur og fritid skal:

- vidareføre den interkommunale UNESCO-satsinga Gorrlaus
- gi barn og unge høve til å lære, oppleve og delta i lokale kulturtradisjonar
- samarbeide med barnehagar, skular, utøvarar, det frivillige og andre aktuelle miljø

- leggje til rette for både vidareføring og fornying av kulturarven
- synleggjere lokal kultur gjennom arrangement, formidling og aktivitetar

Overordna mål for tenesteområda

Kulturskule

- Elevane skal oppleve meistring, utvikling, skaparglede og tilhøyrsle.
- Opplæringa skal vere tilpassa den enkelte og samtidig leggje vekt på samspel og fellesskap.
- Kulturskulen skal ha eit breitt og inkluderande tilbod og arbeide for god deltaking gjennom heile grunnskuleløpet.
- Kulturskulen skal vere ein synleg kulturaktør og eit lokalt kompetanse- og ressurssenter.
- Kulturskulen skal bidra til å vidareføre og fornye den lokale kulturarven.
- Kulturskulen skal utvikle tilboda i samarbeid med barnehage, SFO, skule, Pleie og omsorg, ungdomsarbeid og frivillige.

Bibliotek

- Biblioteket skal vere ein open og inkluderande møteplass med låg terskel.
- Biblioteket skal fremje lesing, kunnskap, opplysning, ytringsfridom og demokratisk deltaking.
- Biblioteket skal utviklast som kulturarena og leggje til rette for aktivitetar for ulike aldrar og målgrupper.
- Biblioteket skal samarbeide med barnehage, skule, frivillige og andre kommunale tenester.
- Informasjon, litteratur og kultur skal vere tilgjengeleg både fysisk og digitalt.

Ungdomsarbeid

- Barn og unge skal ha tilgang til trygge, rusfrie og inkluderande fritidsarenaer.
- Ungdom skal få reell medverknad i utviklinga av aktivitetar og møteplassar.
- Tilboda skal ha låg terskel og leggje til rette for både sosialt fellesskap, fysisk aktivitet og skapande aktivitet.
- Ungdomsarbeidet skal samarbeide med kulturskule, bibliotek, frivilligsentral, skule og frivillig sektor.

Valle kultursenter

- Kultursenteret skal vere ein levande møteplass for fellesskap, frivilligheit og framtidstru.
- Kultursenteret skal ha variert bruk gjennom året og vere tilgjengeleg for ulike alders- og brukargrupper.
- Ungdom og frivillige skal oppleve medverknad, eigarskap og gode moglegheiter for aktivitet.
- Kultursenteret skal vere ein arena for kino, konsertar, scenekunst, møte, kurs, fritidsaktivitetar og lokale arrangement.
- Bruken av senteret skal utviklast gjennom samarbeid mellom kommunen, innbyggjarane og frivillig sektor.

Valle frivilligsentral

- Frivilligsentralen skal stimulere til frivillig innsats og lokal deltaking.
- Sentralen skal vere ein open møteplass og eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

- Frivilligsentralen skal styrkje eksisterande frivillig aktivitet og bidra til nye samarbeid og initiativ.
- Tilbod og aktivitetar skal utviklast med utgangspunkt i lokale behov og i dialog med frivillige og innbyggjarar.
- Frivilligsentralen skal ha ei tydeleg og sjølvstendig rolle og vere eit supplement til, ikkje ei erstatning for, kommunale tenester.

Delmål og tiltak

Indikator	MÅL 2026	Sannsynleg resultat 2026	MÅL 2027
Deltaking i kulturskule 6-15 år målt i %	50	52	55
Deltaking i kulturskule 8-10.klasse målt i %		16	29,6
Deltaking i fritidsklubb/ungdomsklubb målt i %		75 (2025)	80
Tal på fysiske bibliotekbesøk	13 000	13 000	13 500
Besøk per kinoforestilling	15	10	20
Deltaking på arrangement i Valle kultursenter	-	-	Etablere indikatorar og måltal
Deltaking på aktivitetar i Valle frivilligsentral	-	-	Etablere indikatorar og måltal

I 2027 skal Kultur og fritid prioritere tiltak som styrkjer deltaking, fellesskap, bulyst og folkehelse, i tråd med kommuneplanen.

Kulturskule og Gorrlaus

- Oppretthalde høg deltaking i kulturskulen og arbeide for å halde på alle elevar i overgangen frå mellomtrinn til ungdomsskule.
- Vidareutvikle fleksible tilbod, gruppetilbod og samarbeid med barnehage, SFO, skule, Pleie og omsorg og ungdomsarbeid.
- Vidareføre og forankre den interkommunale UNESCO-satsinga Gorrlaus og folkemusikkopplæringa i Valle, Bygland og Bykle.

Barn og unge

- Vidareutvikle inkluderande lågterskeltilbod og møteplassar for barn og unge, med særleg merksemd på dei som ikkje deltek i andre organiserte fritidsaktivitetar.
- Leggje til rette for ungdomsmedverknad og vidareutvikle samarbeid mellom ungdomsarbeid, kulturskule, bibliotek og frivillige.

Bibliotek

- Vidareutvikle biblioteket som lågterskel møteplass, kulturarena og arena for lesing, kunnskap og deltaking.
- Styrkje samarbeid og aktivitetar retta mot ulike alders- og brukargrupper.

Valle kultursenter

- Vidareutvikle Valle kultursenter som ein open og inkluderande møteplass for kultur, aktivitet, frivilligheit og fellesskap.
- Etablere gode driftsrutinar og leggje til rette for brei bruk av huset gjennom samarbeid med frivillige, lokale aktørar og andre kommunale tenester.

Frivilligheit

- Etablere Valle frivilligsentral som møteplass og bindeledd mellom kommunen, frivillig sektor og innbyggjarane.
- Styrkje samarbeidet med lag og organisasjonar og gjere frivillige aktivitetar og moglegheiter for deltaking meir synlege.

Oppfølging

Utviklinga skal følgjast gjennom relevante nøkkeltal frå KOSTRA, GSI, Ungdata og bibliotekstatistikk, i tillegg til lokale tal for deltaking, aktivitet og bruk av tilboda. Det vil vere fokus på å etablere gode rutinar for registrering av aktivitet/deltaking, og sikre at indikatorane vi brukar vidare er målbare.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	4 950	4 730	4 886	5 427	5 432	5 309	5 309
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	908	1 099	1 349	911	881	881	881
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	15	1	1	1	1	1	1
Overføringsutgifter	2 134	1 977	1 977	1 989	1 839	1 839	1 839
Finansutgifter	85	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**8 092**	**7 808**	**8 213**	**8 328**	**8 154**	**8 030**	**8 030**
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-126	-98	-98	-98	-98	-98	-98
Refusjoner	-1 115	-896	-926	-976	-976	-976	-976
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-302	0	-70	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	**-1 543**	**-994**	**-1 094**	**-1 074**	**-1 074**	**-1 074**	**-1 074**
Sum	**6 550**	**6 813**	**7 119**	**7 254**	**7 079**	**6 956**	**6 956**

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Diverse fellesutgifter	35	283	283	3	3	3	3
Aktivitetstilbud barne og unge	770	878	819	838	838	838	838
Bibliotek	1 315	902	929	937	907	907	907
Kino	47	53	53	30	30	30	30
Muséer	681	1 316	1 316	1 400	1 400	1 400	1 400
Kunstformidling	157	38	38	22	22	22	22

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Idrett og tilskudd til andres idrettssanlegg	8	75	75	77	77	77	77
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	-1	-3	-3	-3	-3	-3	-3
Kulturskole	2 025	2 137	2 202	1 778	1 783	1 660	1 660
Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg	1 512	1 136	1 408	1 828	1 678	1 678	1 678
Kommunale kulturbygg	0	0	0	344	344	344	344
Sum	**6 550**	**6 813**	**7 119**	**7 254**	**7 079**	**6 956**	**6 956**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**Avdeling**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett		**7 203**	**6 905**	**6 905**	**6 905**
Sum Lønns- og prisvekst		**317**	**317**	**317**	**317**
Konsekvensjustert budsjett		**317**	**317**	**317**	**317**
Konsekvensjustert ramme		**7 520**	**7 222**	**7 222**	**7 222**
Innsparingstiltak					
Reduksjon ekstra stillingsressurs kulturskule	Oppvekst	-267	-143	-267	-267
Sum Innsparingstiltak		**-267**	**-143**	**-267**	**-267**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**-267**	**-143**	**-267**	**-267**
Ramme 2027-2030		**7 254**	**7 079**	**6 956**	**6 956**

Interkommunale samarbeid/anna eksternt

Interkommunale samarbeid/anna eksternt

Skildring av verksemd

NAV Midt-Agder

NAV Valle inngår i vertskommunesamarbeidet med kommunene Bykle, Bygland, Åseral, Iveland og Vennesla der Vennesla er vertskommune. Kommunane er etter *Lov om sosiale tjenester i NAV* pålagt eit ansvar for at personar som bur eller opphold seg i kommunen vert tilbydd råd og rettleiing og andre naudsynte sosiale tenester. NAV Valle har kontor i Valle med publikumsmottak.

Ramma til NAV Midt-Agder for 2027 er på omlag 2,2 mill. kr.

Helsetenesta i Bykle og Valle

Helsetenesta i Bykle og Valle er eit vertskommunesamarbeid, med Bykle som vertskommune. Helsetenesta omfattar fastlegetenesta, daglegevakt, beredskapslegevakt 24/7, kommuneoverlegen, helsestasjons- og skulehelsetenesta, jordmortenesta, fysioterapitenesta, ergoterapitenesta, SLT-koordinator samt psykisk helse og rustenesta.

Ramma for helsetenesta i 2026 er på 19,9 mill. kr.
Dette beløpet inkluderer utgifter til helsenett, gjesteinnbyggjaroppgjer og kostnader knytt til ekstra stilling som fysioterapeut – eit tiltak som Valle kommune finansierer sjølv. I tillegg inngår Valle sin andel av det interkommunale helsesamarbeidet.

Til samanlikning var ramma i 2026 på 19,5 mill. kroner.

Lokalmedisinske tenester (LMT)

Lokalmedisinske tenester Setesdal er eit interkommunalt helsesamarbeid mellom Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral kommune. Evje og Hornnes kommune er vertskommune. Tenesteområda dekker audiograf, frisklivstilbod, hukommelsesteam, koordinator psykisk helse og rus, kreftkoordinator og samhandlingskoordinator.

Valle sin del av LMT for 2027 er budsjettert til kr 596.327. Til samanlikning var dette i 2026 kr 569.200

IKT Agder IKS

IKT Agder IKS er eigd av 14 kommunar (inkludert Valle kommune) og Agder fylkeskommune. Selskapet leverer tenester som brukarsupport, drift av utstyr, nettverk, systemforvaltning, prosjektleiing og IKT-rådgjeving.

Valle sin kostnad til IKT Agder i 2027 er budsjettert til 6,5 mill kr. I 2026 var budsjettet på kr 6,2 mill. kr.

Budsjettauken skuldast i hovudsak prisvekst og høgare kostnader til IKT-lisensar og utstyr. Det er særleg auke i kostnader til trådlaust nett, Microsoft-lisensar og elev-PC-ar. I tillegg kjem auka kostnader knytte til systemansvar og prisregulering av avtalar, medan enkelte lisenskostnader er reduserte

Setesdalsmuseet Eigedom IKS

Det interkommunale selskapet Setesdalsmuseet Eigedom IKS eig brorparten av museumsbygningane i øvre Setesdal, særleg i Valle. Bykle, Bygland og Valle kommune eig selskapet. Selskapet er eit reint eigedomsselskap og har avtale med Aust-Agder museum og arkiv IKS om drift og vedlikehald av museumsanlegga.

Valle kommune har ansvaret for rekneskap, løn og budsjett for dette selskapet.

Aust-Agder museum og arkiv IKS (AAMA)

AAMA har både museums- og arkivfunksjonar og har i alt fire avdelingar på tre lokasjonar, m.a. Setesdalsmuseet på Rysstad. Som vertskommune er Valle kommune ein av dei største bidragsytarane økonomisk til selskapet.

Valle kommune sine årlege utgifter til dette selskapet er årleg driftstilskot på omlag 1,4 mill. kr. Dette gjeng frå ramma til kultur og fritid. Der er også budsjettert eitt årleg tilskot til arkiv og depotordning, i tillegg depotleige. Dette utgjer omlag 210.000 kr og er budsjettert på Velkomstsenter.

Setesdal brannvesen IKS

Setesdal brannvesen IKS er eigd av Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle kommunar. Selskapet skal ivaretake deltakarane sine oppgåver, plikter og behov innanfor brann- og eksplosjonsvern, ulykkes- og redningsberedskap, brannførebyggjande og -kontrolloppgåver og andre tilhøve som naturleg høyrer inn under føremålet.

Valle kommune sin kostnad til brannvesenet i budsjettet for 2027 er om lag 4,9 mill. kroner. Til samanlikning var kostnaden i 2026 på 4,5 millionar kroner. Auken frå 2026 til 2027 skuldast i hovudsak høgare rentekostnader og ei ny stilling i administrasjonen.

Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS

Setesdal Miljø & Gjenvinning er eigd av Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle kommunar. Selskapet driv med avfallshandtering og har også ein gjenvinningsstasjon i kvar av eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Evje og Hornnes kommune.

Valle kommune sin kostnad til selskapet 5,9 mill. kr for 2027. I 2026 var budsjettet 5,6 mill. kr. Kostnaden til selskapet er budsjettert under teknisk eining.

Setpro arbeid og inkludering as

Selskapet er eigd av Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle kommunar. Selskapet driv m.a. med rettleiing av og bistand til menneske som av ulike grunnar har hamna utanfor arbeidslivet. Selskapet leverer tenester etter oppdrag frå NAV og eigarkommunane, og har hovudkontor på Evje og ei avdeling i Øyne i Valle kommune.

Den kommunale driftsstøtta til selskapet utgjer omlag 300.000 kr, og vert budsjettert under helse og omsorg.

Setesdal interkommunalt politiske råd (SIPR)

SIPR er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle og Åseral. Føremålet er å utvikle Setesdals-regionen. Hovudmålet er levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region. Kontorstaden er Valle.

Valle kommune si overføring til selskapet utgjer i 2027 kr 0,5 mill. kr.

Konsesjonskraft IKS

Konsesjonskraft IKS forvaltar konsesjonskrafta for i alt 20 deltakarkommunar. Kontorstaden er Valle.

I 2027 er det budsjettert med 29,4 mill. kr i konsesjonskraftinntekter som me får overført frå KIKS. Budsjettet er i tråd med utbetalingsprognose - alternativ 1 utarbeidd frå KIKS. I 2026 var det budsjettert med 26 mill. kr i konsesjonskraftinntekter.

SVR - Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Interkommunalt samarbeid om forvaltning for i alt 17 verneområde. Ein av tre kontorstader for forvaltningssekretariatet ligg i Valle.

LVK

Landssamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK) er ein nasjonal interesseorganisasjon for vertskommunar for vasskraftanlegg.

Kontigenten til LVK vert rekna utifrå vedteke prosentandel av konsesjonsavgift, naturressursskatt og eigedomsskatt. Denne kontingenten utgjer 0,4 mill. kr, og vert budsjettert under eininga økonomi.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	741	1 025	1 025	740	740	740	740
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	23 019	28 001	29 501	29 294	28 294	28 294	28 294
Overføringsutgifter	759	880	880	600	600	600	600
Finansutgifter	0	500	500	500	500	500	500
Sum Driftsutgifter	**24 519**	**30 406**	**31 906**	**31 134**	**30 134**	**30 134**	**30 134**
Driftsinntekter							
Refusjoner	-1 154	-1 585	-1 585	-1 595	-1 595	-1 595	-1 595
Overføringsinntekter	0	-280	-280	-0	-0	-0	-0
Sum Driftsinntekter	**-1 154**	**-1 865**	**-1 865**	**-1 595**	**-1 595**	**-1 595**	**-1 595**
Sum	**23 366**	**28 541**	**30 041**	**29 539**	**28 539**	**28 539**	**28 539**

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Administrasjon	4 320	6 765	6 765	7 105	7 105	7 105	7 105
Helsestasjons- og skolehelsetjeneste	3 331	2 000	2 000	2 440	2 440	2 440	2 440
Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering	11 040	15 336	16 836	15 349	14 349	14 349	14 349
Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	1 939	2 781	2 781	2 986	2 986	2 986	2 986
Tilbud til personer med rusproblemer	0	125	125	125	125	125	125
Helse- og omsorgstjenester i institusjon	369	1 134	1 134	1 134	1 134	1 134	1 134
Ytelse til livsopphold	442	400	400	400	400	400	400
Sum	**23 366**	**28 541**	**30 041**	**29 539**	**28 539**	**28 539**	**28 539**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Avdeling	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett		**26 434**	**25 434**	**25 434**	**25 434**
Sum Vedtak forrige periode		**2 447**	**2 447**	**2 447**	**2 447**
Sum Lønns- og prisvekst		**657**	**657**	**657**	**657**
Konsekvensjustert budsjett		**3 104**	**3 104**	**3 104**	**3 104**
Konsekvensjustert ramme		**29 539**	**28 539**	**28 539**	**28 539**
Ramme 2027-2030		**29 539**	**28 539**	**28 539**	**28 539**

13. Sentrale føringar løn og pensjon

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	-7 268	-3 154	-3 154	-5 425	-5 425	-5 425	-5 425
Finansutgifter	55 436	43 267	40 844	44 372	45 612	48 683	49 815
Sum Driftsutgifter	**48 168**	**40 113**	**37 690**	**38 947**	**40 188**	**43 259**	**44 391**
Driftsinntekter							
Overføringsinntekter	-215 217	-217 457	-216 960	-220 076	-219 931	-219 429	-219 132
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-37 012	-30 010	-34 827	-33 282	-31 380	-31 380	-31 380
Sum Driftsinntekter	**-252 228**	**-247 467**	**-251 787**	**-253 358**	**-251 311**	**-250 809**	**-250 512**
Sum	**-204 060**	**-207 354**	**-214 097**	**-214 411**	**-211 124**	**-207 551**	**-206 122**

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Årets premieavvik	3 828	-9 754	-9 754	-5 425	-5 425	-5 425	-5 425
Amortisering av tidligere års premieavvik	7 139	6 600	6 600	0	0	0	0
Bistand til etablering og opprettholdelse av egen bolig mv.	77	186	186	140	140	140	140
Boligbygging og fysiske bomiljøtiltak	119	934	934	860	860	860	860
Konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for videresalg	-29 714	-28 729	-26 950	-29 406	-29 406	-29 406	-29 406
Tilrettelegging og bistand for næringslivet	-11 923	-14 660	-14 660	-14 800	-14 800	-14 800	-14 800
Skatt på inntekter og formue	-101 213	-104 263	-104 540	-105 355	-105 355	-105 355	-105 355
Statlige rammetilskudd og øvrige generelle statstilskudd	-59 701	-60 805	-61 810	-63 915	-63 870	-63 868	-63 871
Statstilskudd knyttet til bosetting og integrering av flytninger og drift av asylmottak	-7 576	-7 000	-7 000	-4 600	-4 500	-4 000	-3 700
Renter/utbytte og lån (innlån og utlån)	-391	8 664	8 664	7 056	8 452	4 417	2 369
Avsetninger, bruk av avsetninger, overføring fra drift til investering og inndekning av merforbru...	13 530	1 473	-5 767	1 035	2 781	9 887	13 067
Sum	**-204 060**	**-207 354**	**-214 097**	**-214 411**	**-211 124**	**-207 551**	**-206 122**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**Avdeling**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett		**-46 543**	**-46 543**	**-46 543**	**-46 543**
Konsekvensjustert ramme		**-46 543**	**-46 543**	**-46 543**	**-46 543**
Nye tiltak					
Konsesjonsavgift	Sentrale føringar løn og pensjon	-140	-140	-140	-140
Konsesjonskraft	Sentrale føringar løn og pensjon	-677	-677	-677	-677
Premieavvik	Sentrale føringar løn og pensjon	-2 271	-2 271	-2 271	-2 271
Sum Nye tiltak		**-3 088**	**-3 088**	**-3 088**	**-3 088**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**-3 088**	**-3 088**	**-3 088**	**-3 088**
Ramme 2027-2030		**-49 631**	**-49 631**	**-49 631**	**-49 631**

Nye tiltak

Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgift vert frå 2025 ført på eining, og ikkje som sentral inntekt. Konsesjonsavgift er ei lovpålagt betaling frå kraftprodusentar til kommunar og fylkeskommunar som vert påverka av kraftutbygging. Avgifta skal vere ei form for kompensasjon for naturinngrep og vert fastsett etter produksjonsvolum og gjeldande satsar. I Valle kommune er det for 2027 er det budsjettert omlag 16 mill. kr i konsesjonsavgift.

Konsesjonskraft

Det er budsjettert med 29,4 mill. kr årleg i konsesjonskraftinntekter for perioden 2027–2030, basert på utbetalingsprognose alternativ 1. Endeleg utbetaling blir vedteken i desember 2026, og budsjettet vil eventuelt bli justert i tråd med dette.

Budsjett 2027, handlingsprogram og økonomiplan 2027-2030

Valle i Setesdal

Valle kommune
Postboks 4
4746 Valle

Sentralbord: +47 37 93 75 00
E-post: post@valle.kommune.no
www.valle.kommune.no